



# Høgskulen på Vestlandet

## Samfunnsfag 3, emne 4 - Masteroppgave

MGUSA550-O-2022-VÅR2-FLOWassign

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	02-05-2022 09:00	<b>Termin:</b>	2022 VÅR2
<b>Sluttdato:</b>	16-05-2022 14:00	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Masteroppgave		
<b>Flowkode:</b>	203 MGUSA550 1 O 2022 VÅR2		
<b>Intern sensor:</b>	(Anonymisert)		

### Deltaker

<b>Kandidatnr.:</b>	508
---------------------	-----

### Informasjon fra deltaker

<b>Antall ord *:</b>	29122
----------------------	-------

Egenerklæring \*:  Ja

Jeg bekrefter at jeg har  Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt \*:

Jeg godkjenner autalen om publisering av masteroppgaven min \*

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/uirksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \*

Nei



Høgskulen  
på Vestlandet

## MASTEROPPGÅVE

# Mellom rom og romleg forståing

Utforsking av VG1-elevar si romlege forståing av verda gjennom kart og munnleg samtale

# Between space and geospatial thinking

Research of High school students' geospatial thinking of the world through maps and oral discussion.

## Silje Therese Nygård Lillevik

Master i grunnskulelærer 5-10.klasse, med samfunnsfag (MGUSA 550)

FLKI/Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag/Samfunnsfag

Rettleiar: Erlend Eidsvik

Leverert: 15. mai 2022

*Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

## SAMANDRAG

---

Der er mange måtar å forstå verda på, og sidan 2006 har det vore eit mål i den norske læreplanen å gjere elevane i stand til å forstå, og diskutere kompliserte maktrelasjonar i verda både i dag og historisk. Sjølv om desse verktøya inneheld kritisk tenking, påverkar samfunnet kva diskursar elevane blir ein del av, og moglegvis tek med seg. Denne masteroppgåva undersøker difor spørsmålet: korleis forstår eit utval vg1-elevar verda romleg med fokus på dei viktigaste historiske, politiske og kulturelle stadene i verda, og korleis forstår dei Noreg si rolle på den globale arenaen? For å kome nærmare romleg forståing, og Noreg si rolle i det, er der gjort eit casestudie med frihandsteikning av verdskart med 25 vidaregåandeelevar, derav to grupper på til saman 7 informantar som også var med på fokusgruppeintervju. Dei gjekk alle på same skule i Troms- og-Finnmarksregionen i Noreg. Frihandsteikningane resulterte i 20 av 25 teikningar med tydelege samsvar med eurosentrisk verdskart frå 15-19-hundretalet. Ein vesentleg grad av tilfella var mangelfullt detaljert i Sør-Amerika, Afrika og Oseania. Fokusgruppeintervjua viste ei førestilling om Noreg som eit land med plikt til å hjelpe og medverke til utvikling, og med eit glad, smårikt og kunnskapsrikt folk. Sett romleg forståing og Noreg si rolle på den internasjonale arenaen saman, blir det konkludert med at informantane i dette casestudiet ser på Noreg som eit av dei viktige landa i verda. Dei ser på landet sitt som «ein av dei gode», sjølv om dei seier dei ikkje har forventingar til at andre nasjonar kan om historia deira, eller følgjer Noreg i politiske avgjerder.

## ABSTRACT

---

There are many ways to understand the world, and since 2006 it has been a goal to teach Norwegian pupils a set of skills to be able to understand and discuss complicated power relations in the world – in the present as well as in a historic perspective. Although the skill includes critical thinking, the society impacts what discourses the pupils become part of and bring with them. This thesis, therefore, address the question: How do high-school students understand the world geospatially, with focus on the most important historical, political, and cultural places, and how do the participants see Norway's role on the global arena? To explore geospatial understanding and Norway's place therein, a case study of sketch mapping with twenty-five high school students was conducted, where seven interviewees split in two groups also participated in focus group interviews. They were all from the same school in the Troms and Finnmark region in Norway. Sketch mapping resulted in 20 of 25 drawings with strong correlations to Eurocentric-looking world maps typically stemming from the 16th-20th centuries. A vast majority of these were lacking details for South America, Africa, Asia, and Oceania. The focus group interviews showed an image of Norway as a country with a duty to give help and support development, as a happy, and quite rich population, with expectance of knowledge. Viewing the geospatial thinking and Norway's spot in the global arena together is it concluded that the participants look upon Norway among the important places of the world. They see their country as «one of the good ones», although they say they do not expect other nations to know much about their history or follow Norway in political matters.

## FORORD

---

Først vil eg rette ein takk til vegleiaren min, Erlend. Takk for at du ikkje mista fatninga, då du fann ut på digital munnleg eksamen at eg ikkje var i Noreg i det heile, men på den andre sida av verda. Takk også, for at du ikkje kjefta på meg då eg val å ta halvanna veke fri frå masterskrivinga til å gifte meg, rett før påske. Hadde du ikkje hatt trua på at master kom til å gå heilt fint, sjølv når eg ikkje såg lyset i enda av skrivetunellen, hadde opplevinga av desse to åra vore ein ganske annan.

Tusen takk til skulane eg fekk gjere undersøkingar ved! Det var ei minneverdig oppleving, og synd det er så langt å dra for å besøke dykk. Utan dykk hadde det ikkje vore noko empiri i denne oppgåva.

Takk til Jente, som las på teksten med meg. Tenk at der finnes gode venner som ikkje berre vil, men liker å korrekturlese tekst! Det er ei velsigning.

Tusen takk til medstudentane mine for det gode, oppmuntrande miljøet på lesesalen, i gangen og kantina. De har vore det største trekkplasteret for å kome på skulen.

Til slutt; takk til gode venner, kollektivet, familien og min mann som har heia på meg, sjølv om de ikkje alltid har skjønt korleis ein kan bruke såpass mykje tid på kartteikningar, og framleis synes det er like fascinerande.

Silje,

Bergen, 15. mai 2022

# INNHALDSFORTEIKNING

---

Samandrag.....	I
Abstract .....	II
Forord.....	III
Oversikt over tabellar og figurar .....	VII
I.I Tabellar.....	VII
I.II Figurar .....	VII
DEL 1: INNLEIING, METODE OG TEORI .....	1
1    Innleiing.....	1
1.1    Kart som uttrykk for verdsforståing .....	1
1.2    Bakgrunn og formål.....	3
1.3    Tidlegare forskning .....	4
1.4    Forskingsspørsmål.....	6
1.4.1 Problemstilling 1 .....	6
1.4.2 Problemstilling 2 .....	7
1.5    Strukturen i oppgåva .....	7
2    Teoretisk rammeverk.....	8
2.1    Place brand .....	9
2.1.1    Norsk kontekst.....	10
2.2    Postkolonial teori.....	10
2.3    Stereotypiar og makt .....	12
2.3.1    Fordom .....	12
2.3.2    Etablering av den Andre.....	13
2.3.3    Xeno- og autostereotypiar .....	13
2.4    Geografi og makt.....	14
2.4.1    Fysiske kart.....	14
2.4.2    Mentale kart og skisser.....	15
2.4.3    Romlege perspektiv .....	16
3    Forskningsdesign.....	18
3.1    Casestudie.....	18
3.2    Metodetriangulering .....	19
3.3    Utval .....	20
3.3.1    Pilot – del 1.....	21
3.4    Fokusgruppeintervju.....	21
3.4.1    Pilot – del 2.....	22
3.5    Frihandsteikning av verda .....	23

3.5.1	Pilot – del 3.....	24
3.6	Feltsamtale.....	25
3.7	Datainnsamling til casestudiet.....	25
3.7.1	Kartteikning.....	26
3.7.2	Kvantitativ innhaldsanalyse.....	27
3.7.3	Fokusgruppeintervju.....	28
3.7.4	Foucauldiansk diskursanalyse .....	29
3.7.5	Informantane .....	30
3.8	Mi rolle i forskinga.....	31
3.9	Etiske omsyn .....	32
3.10	Utfordringar, reliabilitet og validitet .....	33
DEL 2: ANALYSE, DRØFTING OG AVSLUTNING.....		35
4	Resultat.....	35
4.1	Oppbygging av kapittelet .....	35
4.2	Verdskart .....	35
4.2.2	Markante landformer .....	37
4.2.3	Dei historisk viktigaste stadene i verda .....	40
4.2.4	Dei politisk viktigaste stadene i verda.....	42
4.2.5	Dei kulturelt viktigaste stadene i verda .....	45
4.2.6	Namngjevne stadar .....	46
4.3	Fokusgruppeintervju.....	48
4.3.1	Plikt til å hjelpe.....	49
4.3.2	Andre sitt inntrykk av oss.....	50
4.3.3	Konfliktsky nordmenn.....	51
4.3.4	Utanrikshandel og -politikk.....	52
4.3.5	Land å vere turist i, og land å bu i - eller ikkje.....	53
4.3.6	Anna .....	54
5	Drøfting.....	55
5.1	Problemstilling 1: Kva vektlegg elevane som historisk, politisk og kulturelt viktige områder i verda?.....	55
5.1.1	Historisk viktigast.....	56
5.1.2	Politisk viktigast .....	57
5.1.3	Kulturelt viktigast.....	58
5.1.4	Dei minst representerte.....	59
5.2	Problemstilling 2: Korleis forstår elevane Noreg si rolle på den globale arenaen?.....	60
5.2.1	Rolla som bistandsland.....	61
5.2.2	Stillesitter i miljøbåten .....	61
5.2.3	Dei gode .....	62

5.3	Samanstilling: Kva romleg forståing eit utval vg1-elevar har av verda, og korleis dei ser på Noreg sin rolle på den globale arenaen?.....	63
5.3.1	«Sydenreisande».....	63
5.3.2	Kreative verdsforståingar .....	64
5.3.3	«Place brand» – samanlikning Storbritannia og Kina .....	65
6	Avslutting .....	68
7	Litteraturliste .....	70
	Vedlegg .....	1
	Vedlegg 1: Intervjuguide.....	1
	Vedlegg 2: Vil du delta i forskingsprosjektet «Ungdommar sine tankar om verda»?.....	2
	Vedlegg 3: Vil du delta i forskingsprosjektet «Ungdommar sine tankar om verda»? .....	5
	Vedlegg 4: Vurdering av meldeskjema til Norsk senter for forskingsdata .....	8
	Vedlegg 5: Kartskisser .....	9



# OVERSIKT OVER TABELLAR OG FIGURAR

---

## I.I TABELLAR

Tabell 1: Fordelinga av gutar og jenter blant informantane. ....	30
Tabell 2: Dei største øyene i verda. ....	38
Tabell 3: Hyppigheita over innteikning av Noreg med naboland (frå flest til færrest). ....	39
Tabell 4: Dei historisk viktigaste stadene i verda, sortert i verdsdelar (tal i tal markeringar). ....	41
Tabell 5: Alle politisk viktige stadnamn knytt til Storbritannia og Noreg. ....	43
Tabell 6: Rangert landsoversikt over dei topp sju viktigaste politiske stadene i verda. ....	44
Tabell 7: Dei viktigaste politiske stadane i verda sortert i verdsdelar (tal i tal markeringar). ....	44
Tabell 8: Dei kulturelt viktigaste stadnamna innanfor Storbritannia og Noreg. ....	45
Tabell 9: Dei kulturelt viktigaste stadene i verda sortert i verdsdelar (tal i tal markeringar). ....	46
Tabell 10: Nemnde verdsdelsnamn (frå flest til færrest). ....	47
Tabell 11: Skrivne stadnamn kategorisert i verdsdel (frå flest til færrest). ....	48

## I.II FIGURAR

Figur 1: Abraham Ortelius sitt verdskart frå 1570. Kjelde: Library of Congress. ....	2
Figur 2: Døme på verdskart teikna av ein av informantane. ....	37
Figur 3: Kart over Noreg, Sverige og Finland. Kjelde: Kartverket. Henta 22.mars 2022. ....	39
Figur 4: Dei viktigaste historiske stadene i verda. ....	40
Figur 5: Dei viktigaste politiske stadene i verda. ....	43
Figur 6: Dei viktigaste kulturelle stadene i verda. ....	45
Figur 7: Alle nemnde stadnamn, og tal gongar nemnd. ....	47
Figur 8: Maslow sin behovspyramide. Kjelde: Rosland (2021). ....	54

# DEL 1: INNLEIING, METODE OG TEORI

## 1 INNLEIING

---

Ungdommane som fullførte grunnskulen våren 2021, er dei siste som er grunnutdanna etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2006; heretter referert til som LK06. Forutan innføringa av Utforskaren i 2013, har 21-kullet gått heile grunnskulen innanfor same læreplan. I denne oppgåva val eg å undersøke eit utval av desse elevane. I LK06 står det «gjennom samfunnsfaget får elevane verktøy til å analysere og drøfte historiske og aktuelle samfunnsspørsmål, og til å identifisere og diskutere ulike maktrelasjonar». Etter enda skulegang skal dei vere «medviten om at politikk er prega av samarbeid, konflikt, påverknad og bruk av makt i ulike former» (Utdanningsdirektoratet, 2013). Denne oppgåva utforskar mellom anna korleis ungdommar på vg1 oppfattar verda romleg. Når desse ungdommane blir vaksne, vil oppfatninga deira ha stor tyding for utforming av meining og politikk i framtidens Noreg.

Denne masteroppgåva er eit ideografisk casestudie, med mål om å setje ord på ungdommar si verdsforståingar, og Noreg si rolle i verda. Resultata er gyldige først og fremst under dei respektive forholda, men gjennom analytisk generalisering kan dei by på nye teoretiske bidrag i forskingsfeltet verds- og maktforståing blant ungdom (Baxter, 2010).

### 1.1 KART SOM UTTRYKK FOR VERDSFORSTÅING

Dersom ein ser for seg verdskartet, er det med høgt sannsyn ein versjon av Abraham Ortelius sitt kart, vidareutvikla frå Mercator-kartet frå 1569 (sjå Figur 1). I Noreg nyttar ein ein slik versjon til å lære om kloden. Fasongen på kartet er lite endra sidan 15-hundretalet, sjølv om det opphavelig var designa for navigasjon til sjøs, og ikkje samfunnsfagundervisning i grunnskulen. Landområda blir overdrivne store kring polområda i Mercator-projeksjonen, og viser ein lite korrekt representasjon av landmassar på kloden (Harley, 1988, s. 290). Harwood og Rawlings (2001) fortel i si forskning på kart og verdsforståing, at ulike samfunn har ulike måtar å teikne kart på, og at befolkninga, inkludert barn og ungdom, blir forma av den gjeldande kartforståinga. Til dømes, er verdskart frå den klassiske sivilisasjonen svært ulike karta me kjenner til i dag, som opp-ned-kart produsert i Australia, eller den dominante versjonen frå Storbritannia (s.44).

I eit konstruktivistisk kunnskapssyn er forståinga av verda rundt ein, og språket i eit gjensidig forhold. Forståinga er konstruert av språket, og språket konstruert av versforståinga (Skrede, 2017). Både mentale og konkrete bilete er ein del av språket ein forstår og formidlar. Desse bileta, samt gjeldande diskursar i samfunnet, påverkar dermed verdsforståinga (Rose, 2007). Geografisk danning, altså å kunne lese, forstå og tenke kritisk kring kart, landskap, natur, ressursar, samfunn osv. (Wetlesen & Eie, 2019, s. 89) er avgjerande for å kunne «analysere og drøfte historiske og aktuelle samfunnsspørsmål, og til å identifisere og diskutere ulike maktrelasjonar» (Kunnskapsdepartementet, 2013b).



Figur 1: Abraham Ortelius sitt verdskart frå 1570. Kjelde: Library of Congress.

Geografisk danning handlar ikkje berre om betre forståing for andre, men også om å forstå seg sjølv i relasjon til resten av verda. Nordmenn ser i følgje Tvedt (2005) på seg sjølv som eit folk og ein nasjon av godleik, som eit føregangslend på den globale bistandsarenaen, og ein fredsbyggjar. Dette blir politisk manifestert med mål om å setje av 1 % av bruttonasjonalprodukt til bistand. Dette er 0,3 prosentpoeng høgare enn FN sitt mål, og i 2020 var Noreg nest høgast av alle OECD-landa, etter Luxemburg (OECD, 2022; Prop. 1 S (2020–2021); Statistisk sentralbyrå, 2014). Biletet av Noreg som ein «do-gooder» (jf. Tvedt) blir sementert gjennom til dømes den årlege TV-aksjonen i NRK, der ein byggjer på bilete av «oss» og «dei andre», der Noreg er den hjelpande handa til «dei andre». Dessutan har Noreg lenge ligge på topp av

«Human Development»-indeksen til FN, der ulike faktorar som forventa levealder med god helse, inntekt målt i bruttonasjonalprodukt per innbyggjar, og sjenerøsitet har innverknad. FN definerer sjenerøsitet ut frå i kva grad befolkninga gir pengar til velferdsformål (FN-sambandet, 2022).

Kva skjer med verdsforståinga til ungdom, og korleis dei tenkjer om seg sjølv, når dei veks opp i eit samfunn med ei slik oppfatning av «oss og dei»? Richards (1974) skriv at Immanuel Kant såg på geografisk rom som ein mental ide heller enn ein kroppsleg oppleving; der det geografiske rommet er forstått som rammeverket for kunnskap om verda (s.9). Staden, eller måten ein plasserer seg sjølv på verdskartet kan i den forstand bli sett på som noko anna enn berre ein teikning. Saarinen og MacCabe (1995, s. 197) med fleire (Harwood & Rawlings, 2001; Metz, 1990) meiner frihandsteikning av verdskart, der ein sjølv plasserer land og viktige stadar er sjølve grunnlaget for geografisk tenking om verda.

## **1.2 BAKGRUNN OG FORMÅL**

Utgangspunktet for denne masteroppgåva er ei nysgjerrigheit for førestillingar, stereotyper og fordommar i samfunnet, og korleis dette kjem til uttrykk i romlege førestillingar, slik som kart. Med innføring av nytt Læreplanverk for kunnskapsløftet 2020 (LK20), er undersøkingsgruppa avgrensa til ungdom som akkurat har gått ut frå 10-årig grunnskule etter LK06. Den førre planen, LK06, legg fram fleire punkt om perspektiv- og samfunnsforståing, identitet og makt, og eit sett verktøy og haldningar elevane skal ha fått med seg etter enda skulelauf. Til dømes står det:

«Kunnskap om samfunn og politikk har verdi i seg sjølv, og er samtidig ein føresetnad for demokratisk deltaking. Kunnskap om det politiske systemet i Noreg og i det internasjonale samfunnet gjer at ein blir medviten om at politikk er prega av samarbeid, konflikt, påverknad og bruk av makt i ulike former. Gjennom samfunnsfaget får elevane verktøy til å analysere og drøfte historiske og aktuelle samfunnsspørsmål, og til å identifisere og diskutere ulike maktrelasjonar» (Kunnskapsdepartementet, 2013b) etter enda 10.klasse.

Dette sitatet er henta frå føremålet av læreplanverket til samfunnsfaget (inneheld samfunnskunnskap, geografi og historie). Ein kan også finne formuleringar i fleire fag, der målet er å førebu elevane på eit internasjonalt samfunn av likeverdige, aktive menneske. Sjå til dømes eit utklipp av føremålet til norskfaget:

«Norskfaget ligg i spenningsfeltet mellom det historiske og det samtidige, og det nasjonale og globale. Å sjå norsk språk, kultur og litteratur i eit historisk og internasjonalt perspektiv kan gje elevane større forståing av det samfunnet dei er ein del av. Norsk kulturarv byr på ei mengd tekstar som kan tilføre noko nytt og uventa når perspektivet blir utvida. Kulturarven er slik sett ein levande tradisjon som endrar seg og blir skapt på nytt, og norskfaget skal oppmuntre elevane til å medverke aktivt i denne prosessen» (Kunnskapsdepartementet, 2013a).

Det er altså ikkje berre samfunnsfaglæraren som skal legge til rette for danning inn i ei medviten relasjon til nasjonal og global historie, geografi, politikk, litteratur og kultur. I den samanheng er det interessant å sjå på resultatane frå åra med LK06, og spørja korleis elevar forstår Noreg si rolle, og seg sjølv i det store biletet.

### **1.3 TIDLEGARE FORSKING**

I 1978 gav Edward Said ut boka «Orientalismen: Vestlige oppfatninger av Orienten», der han analyserte skjønnlitterære og akademiske tekstar og fann at koloniland var spesielt skildra på måtar som representerte dei negativt, som ein Annan. Etter Said si meining var hensikta å vise fram eit positivt og sivilisert bilete av det britiske samfunn (Said, 1978, sitert i Mills, 2004, s. 96). Mills (2004) forklarar at Said, gjennom å nytte foucauldiansk diskursteori i analysen, kjem fram til at diskursive strukturar frå 1800-talet på ein særreigen måte forma den vidare kunnskapsproduksjonen. Han peikte på at tilsynelatande objektive utsegn ikkje var objektive, men forma av ein diskurs der enkelte grupper menneskjer blir omtalt nedverdige (s. 97).

Said si bok har hatt stor innverking på korleis ein ser og forstår «dei andre», og på postkolonial teori generelt. Det har vore ei teoriutvikling frå eit fokus på Orienten versus Oksidenten (Holmén, 2020, s.514), via ‘Vesten’ sitt perspektiv på ‘resten’ (Young, 2020, s.2), til i dag å vere ei samling av forskning og teori som ønskjer å endre korleis folk sine tankegangar, haldningar og handlingar mot ei meir likeverdig behandling av alle menneske på jorda. Eit av hovudområda til postkolonial teori dekkjer kontinuiteten av tidlegare maktstrukturar gjennom diskursar, definisjonsmakt og stereotypi (Young, 2020, s.4).

Det har vore mykje progresjon i samfunnet sidan 1800-talet, men har det skjedd så mykje med dei tidlegare maktstrukturane? Ei undersøking publisert av Dorius og Swindle (2019), basert på Google Search data, viste at når folk gjer google-søk av land, er ordlyden deira prega av utviklings- versus industrilandsspråk. Vidare konkluderte forskarane at heilt vanlege

menneskjer, verda over, har eit verdsbilete påverka av det 'sosiale hierarkiet' vidt spreidd av internasjonale utviklingsorganisasjonar. Dette er så og sei det same hierarkiet som blei etablert under imperialismen.

Ei av dei store namna innanfor postkolonial teori i dag, Cheryl McEwan, har saman med Blunt kome med uttalen; «postkolonialisme og geografi er sterkt fletta saman» (2002, s.1). Jazeel (2019, s. 28) forklarar at større interesse på det postkoloniale feltet innanfor geografi kan ha samanheng med den aukande forståinga av den romlege delen av imperialismen, i tillegg til korleis geografisk kunnskap blir til. Jazeel (2019, s. 27) skriv samtidig at fokuset på postkoloniale representasjonar ikkje må utelate eller avvise dei materielle sidene det fenomenet. Fysiske kart er ein materiell representasjon. Denne masteroppgåva følger tradisjonen etter Lynch (1960), vidareutvikla av Saarinen på 1970-talet. Kort fortald er dette ein tradisjon der frihandsteiningar utgjer datamaterialet. Korleis dette som metode fungerer, og vidare kva fordelar og ulemper den har, står meir utfyllande i metodedelen (kapittel 3).

Basert på dei databasesøka eg har gjort, er det også svært få som nyttar frihandsteikning som metodisk tilnærming av postkoloniale fenomen. Det kan ha samanheng med at greina postkolonial geografi ikkje strekk seg mykje lengre tilbake enn til midten av 1990-talet (Jazeel, 2019, s. 27), eller at tekst i stor grad er føretrekte analysemateriale framfor bilete (Burke, 2014). Likevel var ikkje søka mine heilt utan funn, og noko av det mest relevante eg fann var mellom anna masterprosjekta til Nilsen (2016), Øverall (2016) og Roll (2020), doktorgraden til Haga (2011) og studia til Saarinen og MacCabe (1995), Harwood og Rawlings (2001), Fine og Sirin (2007) og Holmén (2020).

Øverall (2016) og Haga (2011) argumenterer for at mentale kart pregar handlingane og meiningane til menneskjer, og at dette i historisk perspektiv har fått konsekvensar for global maktutøving. Dei har derimot ikkje nytta nye frihandsteikningar, men eldre tekstar for å danne karta i tillegg til verken å undersøke ungdom eller konteksten me lev i i dag.

Nilsen (2016) studerte stereotypiar blant ungdom i Noreg gjennom bruk av kartskisser. Denne metoden blei også nytta av Saarinen og MacCabe (1995), og Harwood og Rawlings (2001) og Roll (2020), der såg på den romlege forståinga av verda. Sjølv om stereotypiar og geografiforståing er det eg også utforskar, diskuterte ikkje desse studia resultatata opp mot ungdommar si sjølvforståing av Noreg si rolle i verda.

Fine og Sirin (2007) kom med eit studie som mellom anna ser på korleis ein del amerikansk-muslimsk ungdom forstår seg sjølv og andre (identitetsforståing), knytt til religiøs tru og den

foranderlege verda dei lev i. Dei nyttar frihandsteikning i kombinasjon med andre metodar, og deira fokus på kva ein kan finne ut av kombinasjonen, har inspirert denne masteroppgåva.

Holmén (2020) på si side undersøker både ungdom, sjølvbilete og mentale verdsbilete på Balkan. Hennar studie har difor vore ei av studia til størst inspirasjon i utforminga av masterprosjektet. Ho kommenterer saman med ein svensk kollega:

«We believe mental maps will continue to be crucial tools for insights into the ability of ordinary people to make sense of the world and into the compasses of their political leaders. In addition, mental mapping may contribute to an improved understanding of the effects of multiple spatial frames conveyed by political institutions and various social organizations (Götz 2008), including attempts at place branding (Gertner 2011), efforts to create areas of limited statehood (Risse, 2011), and other forms of manipulating space» (Götz & Holmén, 2018).

## **1.4 FORSKINGSSPØRSMÅL**

Denne oppgåva undersøker ungdommar si forståing av verda. Det er nytta ulike vinklar for å kome nærmare ungdommane sine moglege umedvitne, diskursive, og romlege haldningar; og sjå på nokre effektar det får på verdsbilete i konkret skisseform og gjennom språket. Utgangspunktet er følgjande spørsmål:

«Korleis forstår eit utval av VG1-elevar verda romleg, og korleis ser dei på Noreg si rolle på den globale arenaen?»

Denne problemstillinga er vidare delt i to:

**1.4.1 Problemstilling 1** Kva vektlegg elevane som historisk, politisk og kulturelt viktige områder (stad, by, land)?

«Historisk» viktige områder seier noko om kven som har skrive historia, kven som er i fokus og/eller har makt til å definere fortida inn i framtida (Cresswell, 2004, s. 73; Wood, 1992).

«Politisk» viktige områder seier noko om kvar i verda dei mest betente stadene ligg, kvar dei viktigaste politiske avgjerdene blir teke, og kven som kan ha makt til å ta eller vere med på desse avgjerdene (Anholt, 2010, s. 39).

«Kulturelt» viktige stadar seie noko om kven som har definisjonsmakta på det kulturelle området, og kva stadar som blir anerkjend som pådrivar i samfunnet både no og tidelegare (Anholt, 2010, s. 30; Cresswell, 2004, s. 72; McEwan, 2003, s. 342).

For å svare på problemstilling 1 vil eg nytte elevane sine kartteikningar som grunnlag for analyse. Korleis vil ungdommane fordele markeringar på kart når dei skal merke av dei stadene dei meiner er av særleg historisk, politisk og kulturell tyding? Analysen vil følgje prinsippa for enkel kvantitativ innhaldsanalyse (Grønmo, 2004).

#### **1.4.2 Problemstilling 2** Korleis forstår elevane Noreg si rolle på den globale arenaen?

I kontrast til resten av verda, kva rolle har Noreg? Korleis artar oppfatninga til ungdommane seg når dei snakkar om dette heller enn teiknar? Grunnlaget for å svare på problemstilling 2 er fokusgruppeintervju gjennomført på eit utval av informantane som teiknar kart. Dataa vil bli sett inn i ei diskursanalytisk ramme (Rose, 2007) for å identifisere ulike diskursar om makt og romleg forståing av Noreg si rolle i verda.

Trass i at metodekombinasjonane nytta i dette prosjektet, har blitt brukt både til å kartlegge, og til å undersøke romleg forståing blant ungdom (Roll, 2020, s. 8), har dei i mindre grad blitt nytta med liknande forskingsspørsmål som formål. På denne måten skil prosjektet seg frå mengda. Målet er å kunne tilføre noko nytt inn i debatten kring postkolonial geografi, samt innanfor geografididaktikk både i norsk og internasjonal kontekst.

### **1.5 STRUKTUREN I OPPGÅVA**

Prosjektetoppgåva er delt i to delar. Del 1 består av innleiing, teori og metode. Del 2 består av resultat, drøfting, konklusjon og litteraturliste.

Totalt er det sju kapittel. Kapittel 1 består av innleiing, forskingsspørsmål og tidlegare forskning. I kapittel 2 blir det teoretiske rammeverket som drøftinga baserer seg på presentert. Kapittel 3 tek føre seg metodane frihandsteikning, fokusgruppeintervju og feltsamtale, i tillegg til ei gjennomgåing av pilotforsøket og datainnsamlinga. Kapittel 4 består av presentasjon av resultatata, før kapittel 5 med drøfting av resultatata i lys av forskingsspørsmåla. Prosjektet blir avrunda med konklusjon og ei personleg oppmoding i kapittel 6. Til slutt inneheld kapittel 7 lista over litteraturen.



## 2 TEORETISK RAMMEVERK

---

Dess djupare ein les om kartlaging, dess tydelegare står det fram at kart er eit subjektivt produsert produkt, uavhengig av den handverksmessige kunnskapen til produsenten. Harwood og Rawlings (2001, s. 44) skriv at teikningar av verdskart hos barn og unge er sterkt påverka av samfunnskulturelle faktorar. Til dømes trekk dei fram den til ein kvar tid gjeldande verdsoppfatninga i samfunnet dei lev i, og måtar verda er presentert for dei gjennom kart og globusar. Wood (1992, s. 19-20) er meir kritisk til om ein faktisk stoler såpass på kart som mellom andre Harwood og Rawlings (2001) påstår, og skriv det slik:

«The historian's problem is everybody's problem: our willingness to rely on the map is commensurate with our ability to suspend our disbelief in its veracity, but this amounts to a willingness to accept the map as an eye where the eye too no more than selectively brings into being a world that is socially constructed» (Wood, 1992, s. 19-20).

Sjølv etter opplysningstida, der vitenskap i størst grad blir sett på som nøytral og objektiv, blir ikkje kart som vitenskap rekna for å vere objektiv. Brian Harley (sitert i Wood, 1992, s. 18) skriv at premissen for å stole på eit kart, er at det skal tilby eit mest mogleg transparent vindaug på verda, men ingen kart «er» verda. Det er alltid eit bilete av, ei skisse av, eit spegle osv. av den verda ein går og lev i. Kartet kan difor aldri «vere» verda, og dermed heller aldri utan påverking av den eller dei som har nedteikna opplevinga av kloden ein bur på. Ein kan forklare det i samanlikning med ein dokumentar. Der finnes visse rammer av ressursar tilgjengeleg av tid og materiale, og der vil alltid vere ein forfattar. Denne forfattaren har makta til å medviten eller ikkje å framheve, og utelate det som må til for å få verkelegheita til å passe inn i dei gjevne rammene. Kartet er på same måte produsert innanfor visse rammar. Produsenten, eller forfattaren er ein del av sin sosiale kontekst og romlege forståing som påverkar hennar/hans val i produksjonsprosessen (Foucault, 1963/1995).

Denne konteksten bør difor også bli diskutert dersom kartreferansane skal gje meinig, så det teoretiske rammeverket i oppgåva byggjar dermed på meir enn berre teoriar om kart. Her er vald ut uttrykket «Place brand» og teori kring det, postkolonial teori, og stereotypi, saman med teori på både fysiske og mentale kart og produksjon av geografisk kunnskap.

## 2.1 PLACE BRAND

«Kort fortalt ligg skjebnen til eit land i måten verden ser det og behandlar det» (Anholt, 2003, s. 109). Dette bildet, eller førestillinga, er det Simon Anholt på 1990-talet starta å kalle 'Place brand'. Han forska på kva assosiasjonar menneskjer har til ulike land og utvikla ein indeks for rangering etter ulike emne. Samarbeid mellom Anholt, hans team og det franske forskingsfirmaet Ipsos har bidrege til indeksen Anholt-Ipsos Nation Brands Index (NBI) (Ipsos, 2019).

«Brandet», eller stadmerkenamnet kan vere korrekt i stor grad, men i dei aller fleste tilfelle er der ein del som ikkje stemmer på grunn av misforståingar, førehandsdømming, kulturelle forskjellar og gamle historiske hendingar (Anholt, 2003, s. 109). Målet til Anholt er å formidle at dette omdømmet som kvart land har, og som i ein del tilfelle ikkje er til fordel for landet og innbyggjarane der, må arbeidast på for å forbetre og deretter bli vedlikehalden. Han ser på dette som ein måte å byggje opp land som blir undertrykt av andre land i verda, og peiker særleg på det globale sør.

Å endre biletet og førestillingane om eit land er ingen enkel oppgåve. Ei av utfordringane er at desse bileta har vanskeleg for å endre seg, ettersom relevansen av framande stadar er svært liten for dei aller fleste menneskjer. Til dømes; om ein person i Tyskland, Sør-Afrika eller Indonesia berre brukar eit par augneblikk kvart år på å tenke på Nederland, er det ikkje overraskande om deira førestilling av landet ikkje endrar seg i laupet av det året (Anholt, 2010, s. 6). Ei anna utfordring er media og annan litteratur sine skildringar av stadar. Greene et al. (2012) skriv at ein «'country report' is a social construction, a narrative construed by a writer who is ambiguously positioned in the very field she is trying to describe», der dei fortset med å forklare at dette ikkje gjer rapporten mindre rettmessig eller ekte, men at ein må ta med den subjektive og stadavhengige sida i vurderinga.

I følge Anholt (2003) må det ligge ein strategi bak for å endre «brandet». Optimalt sett, skal styresmaktene stå i spissen, i samarbeid med lokale bedrifter og folket generelt. Strategien må basere seg på noko som opplevast som truverdig og sant i kulturen, promotere turisme, både eksportere ein merkevare og legge til rette for investeringar, samt vere medviten utanlandspolitikken (s. 122), og alt dette må leie til kva andre skal hugse staden for. Kvar innbyggjar er med på å byggje opp eller bryte ned førestillinga i det dei møter menneskjer frå andre nasjonalitetar i utlandet, presterer i sport eller skriv på internett.

Sjølv om omgrepet «place brand» i hovudsak er utvikla som teori på menneskjer sine bilete av andre, viser mellom andre både Anholt (2010, s. 6) og Musial (1998) (sjå 2.3.3) at forståing av

andre er alltid knytt til forståing av seg sjølv. På denne måten kan eg nytte ordforrådet til Anholt i diskusjon av nasjonalt sjølvbilete hos ungdom. Vidare skal eg også gå litt inn i nokre av Terje Tvedt (2005) sine portrett av Noreg sitt sjølvbilete på starten av 2000-talet, som bakgrunn for moglege funn hos ungdommar i dag.

### 2.1.1 Norsk kontekst

Med bakgrunn i at Vietnam-krigen prega USA, og imperialismen prega Storbritannia, diskuterer Tvedt (2005, s. 483) kva det politiske prosjektet for å gjere Noreg til ei global bistandsmakt og fredsmeklar har betydd for norske verdsopfatningar, identitetsførestillingar og for landet sin institusjonelle arkitektur. Prosjektet gjekk ut på ei identitetsetablering av Noreg som eit land som gav bistand til tidlegare koloniland, for å hjelpe dei til å stå på «eigne» bein. Dette skjedde i overgangen der svært mange land gjekk frå å vere underlagt ein kolonimakt til å bli sjølvstendig etter FN-resolusjonen om avkolonisering på 1960-talet (Tvedt, 2003).

Noreg er eit lite land i verda, og i følge Anholt (2010, s. 37) er ikkje:

«...the loss of identity merely an unfortunate side-effect of growth: for smaller countries, identity is the *indispensable means by which they will achieve growth*. Countries that are not strong need to be interesting – they need to exercise some power of attraction if they cannot exercise compulsion, and the source of that attraction can only be unique, individual identity, their culture, their history, their land, their traditions, their genius and their imagination.»

Norsk utvikling, og identiteten «Noreg» kan difor ha gjensidig bygd kvarandre opp som følgjer av «det norske prosjektet» Tvedt skildrar. Det interessante i dette er kor medviten norsk ungdom er den relativt nye plasseringa Noreg har på den globale arenaen (Anholt, 2010, s. 31; Tvedt, 2003).

## 2.2 POSTKOLONIAL TEORI

Postkolonial teori er eit samleomgrep for ulike teoretiske retningar som problematiserer konsekvensar av kolonitida på 1800- og 1900-talet. McEwan (2019) rammar inn desse teoriane i fem dimensjonar: etter-kolonialisme, tilstand, etisk/politisk teori, kritisk litteraturteori og anti-kolonialisme. I denne masteroppgåva blir litteraturteorien og den politiske dimensjonen særleg vektlagd.

Innanfor postkolonial teori ligg den koloniale diskursen, som «opererte som eit maktinstrument» til fordel for kolonimaktene (Ashcroft et al., 2007a, s. 37). Hulme (1986, s. 2) skriv at den postkoloniale diskursen er bygd på ideen om at ein stor del av den ikkje-europeiske verda var produsert for Europa. I litteraturen er ord som tilbakeståande, primitiv, føydal, under utvikling, underutvikla, og før-industriell typisk (Mills, 2004, s. 99). Det ligg ei forståing, anten eksplisitt eller implisitt, at den omtala ikkje er like «god» som «oss», der «me» er alle dei positive, framgangsrike kontrastorda til dei ovanfornemnde. Orda – og bileta – som er brukt for å legitimere og fremme kolonisering er difor ein del av granskingsobjekta til den postkoloniale teoritradisjonen.

Den mest naturlege staden å starte granskinga kan vere hos tidlegare kolonimakter, slik til dømes Edward Said, Homi Bhabha og Frans Fanon har gjort (Bhabha, 1990; Fanon et al., 2021; Said, 2018). I det store historiske biletet er det ikkje berre éi kolonitid. Der har vore mange store riker som har erobra og herska over stadig større områder fram til dei kollapsa eller tok slutt. Kolonitida som postkolonial teori viser til er i hovudsak den tida etter Berlin-konferansen i 1884-85 og fram til FN-avgjerda i 1960. Sjølv om det britiske imperiet var det største som nokon gong har vore, varte det i seg sjølv ikkje særleg lenge samanlikna med andre imperium, som til dømes det mongolske eller ottomanske (Tvedt, 2020).

Likevel er det i kjølevatnet av denne tida me lev i no. Ser ein på verda i dag, ser ein også at både akademiske og kulturelle impulsar spreiar seg, og i dette lyset argumenterer McEwan (2003, s. 349) for ei breiare forståing av relevant forskingsmateriale. Globaliseringa fører med seg ei spreining av idear og språk, av både eksplisitte og implisitte ideologiar bak imperialism, hegemoni og kva som er det naturlege hierarkiet i verda (Ashcroft et al., 2007b, s. 115). Det betyr at land som ikkje har vore ei kolonimakt, til dømes Noreg (Tvedt, 2020), i dag likevel kan vere prega av postkolonial diskurs.

Skrur ein til dømes på NRK P1 ein dag i desember 2021, kan ein høyre dei spelar «there won't be snow in Africa this Christmas time / Where nothing ever grows, no rain nor rivers flow» og «thank God it's them instead of you» i «Do they know it's christmas time at all?». Til tross for den direkte feilinformasjonen i songen, skriv direktøren i Mediatilsynet at «NRKs generelle innholdsstrategi og arbeid for å fremme mangfold både i rekruttering og innhald, bidrar på en god måte til å synleggjøre og informere om at Noreg er et samfunn med et mangfold av identiteter» (Velsand, 2021). Med dette kan ein spørje seg kva for mangfald NRK ønskjer å fremme ved dette innslaget, og kva påverking det har på nordmenn sin vidare forståing av afrikanske land og innbyggjarar.

Spivak (sitert i McEwan 2003, s 351), skriv at der er framleis naudsynt med større sensitivitet for relasjonane mellom makt, autoritet, posisjon og kunnskap. McEwan (2003) minner vidare om eit typisk paradoks innanfor postkolonial forskning, at forskaren ofte høyrer til eit vestleg akademisk miljø, og forskar på menneskjer utanfor deira eige kulturelle miljø. Dette er igjen med på å reprodusere hegemoni i forståinga av verda. I denne masteroppgåva er det difor eit fokus på å sjå på unge nordmenn sin oppfatning av andre, ettersom forskaren i bak denne oppgåva sjølv er ung nordmann.

## **2.3 STEREOTYPIAR OG MAKT**

Dahl (2013, s. 17) viser at kva du blir eksponert for i oppveksten, har noko å seie for korleis du ser på og forstår verda. Det er vidare kjend, at for å strukturere alle inntrykka ein blir eksponert for kvar dag, lagar hjernen mentale kategoriar, også kalla stereotypiar. Denne mentale handlinga er heilt nødvendig for å fungere i kvardagen, og er ikkje problematisk så lenge kategoriane er i stadig endring i møte med nye erfaringar (Dahl, 2013, s. 67-68). Ein stereotypi er av natur «forenklande, sosialt fundert, knytt til verdiar og følelsar, og normative i forståing av kultur» (Lillhannus, 2002, s. 5). Lillhannus (2002) legg til at utan stereotypiar «vil me ikkje finne meining i verda rundt oss».

Den som er i posisjon til å bestemme kva for stereotyper som er gjeldande, har tilgang på ein eksklusiv makt i samfunnet (Wallerstein, 2011). I eit demokratisk samfunn er det derimot nødvendig med moglegheita til å opponere mot denne makta, noko som fører til at andre deltakarar i samfunnet må kunne identifisere den i møte med politiske, kulturelle og historiske diskursar. Det er også noko av dette læreplanen set fingeren på, men som kan vere utfordrande å utdanne ungdommar til. Anholt (2010, s. 33) skriv det slik: «The art of changing people's minds should not be confused with teaching people the phrases you want to hear them use. People are not parrots».

For å skrive om stereotyper, og korleis dei oppstår treng me avklaring av sentrale omgrep som fordom, «den andre», og xeno- og autostereotypiar.

### **2.3.1 Fordom**

Ordet stereotypi kjem frå trykkekunsten, og det å trykke opp bilete (Burke, 2014). Mykje forskning viser at førestillingar av stadar ofte er «reality with delay», og nokre gongar er desse

førestillingane godt forankra over fleire tiår, skriv Anholt (2010, s. 31). I denne forståinga er ikkje stereotypien i særleg endring, den kan bli opplevd som frosen, eller konvertert til fordom. For å skilje mellom den aktive handlinga å kategorisere eller lage stereotypar, og det fastfrosne biletet, kan ein nytte omgrepet fordom i tydinga førehandsdom (Dahl, 1995, s. 65). Lillhannus (2002, s. 5) argumenterer at dette skiljet kan skape meir forvirring enn nytte, ettersom omgrepa har ein tendens til å gli over kvarandre. Ho nyttar i staden orda «open», «lukka», «fastfrose». Desse omgrepa kan kritiserast på same vis. Det kan også vere vanskeleg for meg å seie sikkert kva grad av motstand som må til for å endre biletet og difor vanskeleg å sei om det er fastfrose eller ikkje. Av desse grunnene vel eg difor å nytte det opphavlege skiljet mellom stereotyp og førehandsdom i denne masteroppgåva.

### **2.3.2 Etablering av den Andre**

Etablering av ein «Andre» eller ‘Annangjering’ med stor ‘A’, på engelsk ‘Othering’, blir definert av Holliday et al. som: når ein gjer «andre menneskjer til framande og annleis enn «oss» på ein sånn måte at dei bli ekskludert frå «vår» «normale», «høgareståande/superior» og «siviliserte» gruppe» (2010 sitert i Dahl, 2013, s. 70). Her er kategoriseringa teke til eit nytt nivå, der avstanden mellom «oss» og «dei» er så stor at det ikkje er meininga å forstå kvarandre. Teknikken er sær effektivt i danninga av eit eige sjølvbilete, der ein ser på seg sjølv som ein binær kontrast til den andre, og har til dømes vore nytta av imperialistar på 1800- og 1900-talet for å forsvare sitt mandat i krigføringa mot lokalbefolkninga (Burke, 2014).

### **2.3.3 Xeno- og autostereotypiar**

Til sist vil eg introdusere omgrepa xenostereotyp og autostereotyp. Dette omgrepsparet, utarbeida av Musial (1998) gjer det enklare å skilje ut opphavet til stereotypen og korleis behandle den vidare. Omgrepa skildrar kvar si side ved den same identiteten. Xenostereotyp tydar ‘andre sitt bilete av deg’, på engelsk «foreign image», og autostereotyp tydar ‘ditt eige bilete av deg sjølv’, på engelsk «image of oneself» (Musial, 1998, s. 12). I norsk kontekst kan dette inkludere identiteten som fredsbyggjar i verda. Her er xenostereotypen forstått som andre land sine idear om nordmenn som «fredsbyggjarar». Autostereotypen er forstått som nordmenn si eigen oppfatning av seg sjølv som ein nasjon som jobbar med å byggje fred i verda (Tvedt, 2005).

Som med andre stereotypiar, er ikkje danninga av desse basert på eit fleirtal med dei same meiningane om den andre eller seg sjølv, men at dei blir spreidd utan (nok) motstand. Dermed

blir dei også etablert og kan få vesentleg betydning. Xenostereotypiar, spesielt, seier difor gjerne meir om det samfunnet som danna stereotypien, enn om det samfunnet stereotypien skal omhandle (Musial, 1998, s. 8). Det er mogleg Hadler (2012, s. 17) har rett i sin påstand at dess betre utdanna menneskjer er, dess mykje mindre ber dei med seg xenostereotypiar. Samtidig viser anna forskning at utdanning fører til sosiale skilje mellom folk, og som igjen skapar «oss» og «dei» - tankegang (Grimen, 2004, s. 137).

## **2.4 GEOGRAFI OG MAKT**

Kartlagning er målet med ikonisk identitetsproduksjon, skriv Harvey (2009) i artikkelen om kart i oppslagsverket «International encyclopedia of human geography». Verda endrar seg fortare enn karta kan endre seg ettersom til dømes elvar eroderer, og menneskjer slåst og byggjar om. Likevel ligg det ei definisjonsmakt hos dei som teiknar karta, sidan verda blir definert av desse.

Som vist til i innleiinga, var nokre av dei første verdskarta i Europa teikna på 1560-talet. Desse var likevel mindre utbreidd enn det skulle bli på 17-hundretalet. Heffernan (1998) skriv om korleis Europa blei eit meir avgrensa område hos vanlege europearar sitt medvit på grunn av forteljingar frå «heroiske oppdagarar». Desse forteljingane var ikkje berre med på å forme ideen om «dei nye landa», men begynte å forme ideen om Europa. Den nye kulturelle retorikken av «sivilisert» og «primitiv» begynte å forme den europeiske geopolitiske identiteten heilt inn til kva det vil seie å vere eit land og styresett (Heffernan, 1998, s. 23-24).

I foucauldiansk tradisjon heiter det at der det er makt, er det motstand (Harvey, 2009, s. 434). Etter fleire århundrar med eurosentrisk kartproduksjon i Europa, blei postkolonial geografi for alvor eit vitenskapsfelt. Ved det siste tusenårsskiftet, var det etablert ein del forskning i forsøk på å desentralisere Europa i geografivitskapen. Likevel, argumenterer McEwan (2003) for at der ikkje er gjort nok, og at ein må sjå endå meir på dei materielle konsekvensane av kolonitida, som mentale bilete og kart er ein del av.

### **2.4.1 Fysiske kart**

Som nemnd i innleiinga, har fysiske kart påverking på korleis ein tenkjer om verda. Samtidig er kart laga av menneskjer og forma deretter med dei mål og formål det inneber (Harley, 1988). Til dømes, trekk Wright (1942) under annan verdskrig fram kart som del av krigføring i det han skriv

«Like bombers and submarines, maps are indispensable instruments of war. [...] Maps help to form public opinion and build public morale. When the war is over, they will contribute to shaping the thought and action of those responsible for the reconstruction of a shattered world» (s.527).

Sjølv om mange kart i dag er teikna av maskiner ut ifrå satellittbaserte posisjonar, er der framleis menneskelege modifikasjonar som er gjort, og menneskelege avgjerder som ligg til grunn (Kartverket, 2020). Det er heller ikkje alle kartdata som er opne og tilgjengelege for alle, til dømes Kartverket sine djupnedata. Dette viser at kart både blir påverka og påverkar forståinga av verda rundt oss, og at ulik tilgang til denne forståinga gjev ulike oppfatningar.

Av kart som er nytta i dagleglivet, og til undervisning i den norske skulen i dag, er det i hovudsak kart med Europa øvst i midten. Karta liknar belgiske Abraham Ortelius (1570) sitt kart «Theatrum orbis terrarum», det britiske imperiekartet frå 1886 (Colomb & Crane, 1886) og «One world setup»-kartet som blei publisert i Sunday News, 1946 (Sundberg, 1946). At denne malen på verdskart, er leiande kan illustrerast med boka til Leidulf Melve (2020) «Ei verd i endring». Boka frå 2020 er rikt dekorert med bilete og kart frå forskjellige tider i historia, men når forfattaren sjølv har nytta kart for å vise kvar noko er i forhold til kvarandre, er det dette «standardiserte» kartet som ligg til grunn (s.172). Harwood og Rawlings (2001) nemner McArthur (1979) sitt australske «opp-ned»-kart som døme på annleis kart enn det typisk belgiske. I Noreg har ein også tilgang på eit samisk kart med Sápmi i midten. Likevel er verken dette, eller det australske kartet særleg mykje brukt i det norske offentlege samfunn.

#### **2.4.2 Mentale kart og skisser**

Det finnes ulike definisjonar på mentale kart. Götz og Holmén (2018), til dømes, skildrar mentale kart som ein teoretisk konstruksjon som ikkje er mogleg å observere i sin originale form, ettersom den ligg i hjernen. Det mentale kartet er difor berre observerbart gjennom vedkommande sin oppførsel, diskusjon, tekst eller teikning (Götz & Holmén, 2018, s. 2). I tillegg, viser Kant sin tre hundre år gamle definisjon på geografisk rom som ein mental ide, at konseptet mentale kart er gamal og truleg ligg djupt i menneska (Richards, 1974, s. 9). Illeris (2015) meiner på same måte at mentale bilete er ein naturleg del av alle læringsprosessar. Læring skjer ofte gjennom sansane i kombinasjon mellom syn og høyrsel som hjernen approprierer til mentale bilete. Desse bileta blir til og lagra i kortidshukommelsen, og inngår vidare « i det vi forstår som vår ‘fornuft’ » (s.29). Bilete av andre, stereotypiar, og Annangjering



blir også til på denne same måten, noko som igjen kan vere ei årsak til at desse omgrepa har vore sentrale i vidare utviklinga og forskinga på mentale kart (Holmén, 2020, s. 514).

Som Götz og Holmén (2018) påpeiker er ikkje dei mentale karta direkte synlege. Lynch (1960) nytta første gong «sketch mapping», eller frihandsteikning av kart, som metode i forskning på menneskjer sin oppleving av eit bestemt område, her byen dei budde i. Frihandsteikning av kart er kort forklart ei skisse over eit eksisterande geografisk område, ut frå det mentale biletet og hukommelsen til teiknaren. I kombinasjon med intervju viste det seg at metoden genererte særst interessante funn, og fleire har seinare nytta same framgangsmåten i forkant av byplanlegging og liknande (Kong et al., 1994). Likevel, var det først i 1973 metoden fekk ein heilt ny dimensjon, og blei overført til global skala. Saarinen (1973) presenterte i «Students views of the world» korleis Lynch sin metode kunne nyttast til å lære meir om ungdom, om utdanning, og deira forståing av verda, og kva dei meiner er viktig. Han skriv også at meir forskning på korleis ulike politiske grupperingar og menneskjer frå ulike delar av verda oppfattar dette «could help clarify deficiencies in current geographic education and thus suggest possibilities for development of more sophisticated views of the world» (Saarinen, 1973, s. 161).

Götz og Holmén (2018, s. 2) argumenterer for at nytten av desse kartskissene ikkje ligg i kor nøyaktig avbilding dei er av geografien. Derimot, gjev dei eit innblikk i mentale relasjonar mellom stadar hos teiknaren, og det er desse relasjonane som i eit geopolitisk og postkolonialt perspektiv er interessante. På ein annan side, viser casestudia til Wartmann og Purves (2017) at det ikkje nødvendigvis er same informasjonen som er oppfatta som interessant av informantane å ha med på ei kartskisse, som når ein snakkar om staden(e). Sjølv om læring ofte skjer gjennom bilete, er det ikkje alltid like enkelt å dele dei mentale bileta tilbake til omverda (Illeris, 2015). Det gjer at kartskisser, utan andre teknikkar til stades, kan ha avgrensingar i informasjonen som ikkje kjem fram.

### **2.4.3 Romlege perspektiv**

Opplevinga av rom (eng. space) kan diskuterast meir konkret dersom ein skil mellom absolutt, relativt og relasjonelt rom. Det absolutte endrar seg ikkje ut frå kven som oppfattar det. Til dømes: ein fjelltopp har ei høgda som kan målast i meter, og denne høgda er den same. Derimot, kan høgda bli oppfatta forskjellig ut frå kven som går opp dit og står på toppen. Den subjektive oppfatninga er det som blir kalla relativt rom. Relasjonelt rom er knytt til ei nettverkstenking, som består av alle dei relasjonane mellom objekt, aktørar og praksisar både det naturgeografiske, historiske, demografiske og så vidare. Verdsforståing er knytt til alle desse

tre formene for rom, der dei ulike formene gjev stadar ulik tyding og viktigheit for kvart enkelt menneske. Kva 'knaggar' eller merkelappar ein stad har eller ikkje har, påverkar kor langt vekke eller nærme ein stad blir opplevd og korleis ein stillar seg til staden. Det er dette som er kalla romleg forståing (eng. geospatial thinking) (Cresswell, 2004, s. 7; Eidsvik et al., 2019, s. 203-204).

I eit geopolitisk perspektiv argumenterer De Blij (2010), at når verda blir opplevd nærme, tenkjer ein på avstandar og politikk på ein annan måte enn når verda blir opplevd som langt vekke. Stadar blir meir handgripelege og ein får ein relasjon til dei stadene ein opplever å kunne nå. Her er stor forskjell, skriv han, mellom menneskjer med og utan økonomi og fridom til å reise som dei vil (s.7), noko som igjen slår ut på korleis ein les og forstår kart. For undervisning av barn og unge, kan ein finne fleire bidrag til danning av kritisk tenking kring kart- og romleg forståing frå dei siste åra, mellom anna Montello et al. (2014) med boka «Space in Mind: Concepts for Spatial Learning and Education» og Wetlesen og Eie (2019) med kapittelet «Geografisk danning: en reise gjennom fylkene i Norge» i boka «Kritisk tenkning i samfunnsfag». Begge ser på medviten romleg forståing som ein nyttig måte å orientere seg i verda på.

Eidsvik et al. (2019, s. 206) skriv at «stad har ein heilt sentral posisjon i vår eigen identitet og eksistens i eit samfunn», der korleis ein individuelt oppfattar ein stad er med på å skape staden og tydinga av den. Stadar er også definert ut ifrå skala frå lokalt til globalt nivå, der ein skalaen har hierarkisk oppbygging. Forståinga av kva som høyrer til dei ulike nivåa på skalaen treng ikkje vere lik for alle, og igjen spelar den romlege forståinga inn. Som Burris og Branscombe (2005) viser i sin studie kan kva informasjon ein har mentalt, kroppsleg og emosjonelt verke inn på opplevinga av staden, graden av viktigheit og relevans for eige liv. Konkrete avstandar mellom land i verda viser seg også i deira studie til å vere eit relativt rom. Andre studiar, til dømes Wartmann og Purves (2017); Axia et al. (1998); Holmén (2020); Reynolds og Vinterek (2016) viser korleis dette igjen kan vise seg gjeldande til dømes i teikning og samtale. Teikning og samtale er stikkorda for metodane nytta i dette masterprosjektet.

### 3 FORSKINGSDESIGN

---

Kort fortald er dette masterprosjektet eit casestudie med datamateriale frå to klassar ved den same vidaregåande skulen. Datainnsamlinga er basert på triangulering av metodane frihandsteikning av verdskart, fokusgruppeintervju og feltsamtale, med kvantitativ innhaldsanalyse av karta og kvalitativ diskursanalyse av fokusgruppeintervjua. For å førebu datainnsamlinga betre, var det i forkant av studia, gjennomført ein pilot ved ein annan vidaregåande skule. Resultata frå piloten er ikkje teke med i analysen og drøftinga.

Analysen av datamaterialet blir gjort ved hjelp av ei enkel kvantitativ innhaldsanalyse som skildra i Grønmo (2004, s. 193) og foucauldiansk diskursanalyse etter Rose (2007) sin «Visual methodologies: an introduction to the interpretation of visual materials». Framstillinga av kartmaterialet er hovudsakleg kvantitativt, og fokusgruppeintervjua er kvalitativt. Meir om dette i starten av resultatkapittelet.

Metodekapittelet består først av ei utgreiing av casestudie, metodetriangulering, og skildring av utvalet for prosjektet. Pilotgjennomføringa er vidare nytta som struktur for kjernen i kapittelet; metodane frihandsteikning og fokusgruppeintervju med tilhøyrande analysemetodikk. I denne delen legg blir det lagt fram foreløpige lærdommar og strategiar for sjølve datainnsamlinga. Deretter blir informantgruppa og gjennomføring av datainnsamlinga lagt fram. Til sist kjem refleksjon kring forskningsetikken og mi eige rolle.

#### 3.1 CASESTUDIE

Eit casestudie er av Baxter (2010, s. 81) skildra som studie av eit enkelt fenomen, eller eit lite nummer av enkelttilfelle ved det same fenomenet. Det har den hensikt å gå i djupna på fenomenet i seg sjølv, den kontekstuelle påverkinga på og forklaringar av fenomenet. Poenget er å gå i djupna heller enn å gå i breidda. Casestudie er særleg relevant for å teste ut eksisterande teori eller for å etablere ny (s.82). Eit casestudie kan teoretisk generaliserast, dersom det blir rekna for å vere «ein svært typisk case» innafor fenomenet, eller ved samanlikning med fleire casestudie på same område (Grønmo, 2004, s. 90).

På ein annan side treng ikkje eit casestudie vere gjennomført med generalisering for auge. Eit ideografisk casestudie, som denne masteroppgåva er bygd opp som, betyr at casen verken er heilt unik, eller heilt representativ for fenomenet som blir studert (Baxter, 2010, s. 86). Denne studien er både avgrensa til ei enkel gruppe menneskjer oppvaksen i det same området og med

lik alder. Dei har gått i same skule og går på forskningstidspunktet i klasse eller parallellklasse. Det er til samanlikning ikkje forsøkt i denne studia å forklare generelle trekk ved ungdom si romlege verdsforståing, men heller sei noko om kva forståingar som viser seg gjeldande hos den utvalde informantgruppa (Grønmo, 2004, s. 32).

### **3.2 METODE TRIANGULERING**

I forskning kan ein kombinere fag, teoriar og metodar. I dette masterprosjektet er det vald å kombinere, det vil seie 'triangulere', metodar av strategiske grunnar ettersom samfunnet er både komplekst og mangearta (Grønmo, 2004, s. 56). Tidlegare forskning frå til dømes Fine og Sirin (2007, s. 26) viser korleis triangulering mellom den kvantitative metoden kartteikning og den kvalitative metoden intervju gav fruktbare resultat. Dei skriv:

«Our mixed design allowed us to document common experiences of Muslim-American youth but also to excavate the rich variation of and within this group of young people. [...] with interviews, maps, and open-ended questions we were able to go beyond the most typical experiences and understand the rich variation within this group of young people, in their own words/drawings» (s.26).

Meir generell metodeteori støttar også oppom verdien av å kombinere intervju med andre metodar for å sjå problemstillinga frå ulike vinklar. Både for å korrigere ideen av det som blir presentert, men også for å gje svardataa ulike retningar å peike i (Denscombe, 2007, s. 138; Halkier, 2010, s. 14). På den andre sida minner Aase og Fossåskaret (2014, s. 139) om at triangulering, ikkje gjer at ein automatisk kjem fram til «det rette svaret», men påpeiker at metodemangfaldet søker å finne ulike posisjonar til same problemstilling.

Styrken ved ei kvalitative metode er fokuset på å gå i djupna på avgrensa fenomen (Aase & Fossåskaret, 2014). Samtidig er det ei større utfordring å svare på problemstillinga for dette prosjektet, om ein skal basere drøftinga på til dømes fokusgruppeintervju aleine. I dette tilfellet er det eit mål å sei noko om dei mentale førestillingane hos ungdommar. Det er då ein fordel å sjå den kvalitative metoden opp mot ein metode som går i den kvantitative retninga.

Ved det sistnemnde ligg styrken i det upersonlege, breiddefokuset og det visuelle. Sjølv om kvantitative metodar ofte er nytta til å finne meiningane og vanane til store grupper menneskjer, er det i denne samanheng nytta for å sei noko om breidda innanfor den mindre populasjonen i casen (Grimen, 2004, s. 255). Her verkar metoden inn for å kunne undersøkje om det finnes ei felles meining/diskurs mellom informantane. Kombinasjonen i dette masterprosjektet er difor

inspirert av Fine og Sirin (2007) si kombinasjon av frihandsteikning av verdskart, fokusgruppeintervju og feltsamtalar. Dei to første metodane ber hovudvekta av datainnsamlinga. Feltsamtalane er eit supplement for å forstå meir av det som blei sagt og gjort i dei andre metodane, samt ein måte å la det vere rom for uføresette kommentarar og konstruktive samtalar opp mot temaet.

### **3.3 UTVAL**

Forskningsprosjektet mitt rettar seg mot ungdom, kva dei tenkjer om verda, og den internasjonale rolla til Noreg og nordmenn. Læreplanen av 2006, skal som nemnd, ha gjeve elevar verktøy til å kunne vurdere og reflektere over dette, samtidig som eg ikkje er ignorant for kva påverking foreldre/føresette, media og andre kanalar har på verdsbilete. Utvalet er på bakgrunn av dette, avgrensa til ungdom som fullførte 10.trinn våren 2021, samt gått mist åtte av dei siste åra i norsk, offentleg grunnskule under LK06. Basert på desse kriteria, vil det seie at elevar i første vidaregåande er mest relevant for dette studiet.

Vidare utveljing av informantar til prosjektet er gjort strategisk med omsyn til forskingsspørsmålet, tid og ressursar (Grønmo, 2004, s. 107). Ein avgrensande faktor har vore kombinasjonen av intervju og kartskisser, noko som skapar dobbelt så mykje arbeid som ved bruk av berre éin metode. Eg planla lenge å inkludere spørjeundersøking i dette prosjektet, men utfordringa med å få nok deltakarar, samt tid til å analysere dataa blei for stor. Det resulterte i å kutta dette elementet.

Første fasen av prosjektet, pilotstudiet, blei gjennomført på ein vidaregåande skule på bygda i Vestland fylke. Dernest blei sjølve innsamlinga av forskingsdataa gjennomført ved ein vidaregåande skule i ein by i Troms og Finnmark. Elevane frå den vidaregåande skulen i nord er rekna for å vere heilt vanleg ungdom, med eit generaliseringspotensiale til annan vanleg ungdom (Bradshaw & Stratford, 2010, s. 75). Bakgrunnen for å velje akkurat desse er respons frå rektorar, lærarar og kontaktar eg og vegleiarer min har. Det er høgt press på mange skular for å ta inn masterstudentar til forskningsprosjekt, så ein del skuleleiarar seier nei før me får spurd elevane sjølv.

Skildring av informantane står i 3.7.5.

### 3.3.1 Pilot – del 1

Ettersom det i liten til ingen grad er gjort forskning på same emne som meg i Noreg (sjå tidlegare forskning, kapittel 1), og eg er ny som forskar, starta eg etter første planutkast med å gjennomføre ein pilot i ein klasse frå ein vidaregåande skule i Vestland fylke. Der kjenner eg både leiinga og fleire lærarar frå før, som gjorde det enkelt å få innpass. Målet med piloten var å få teste ut intervjuforma og spørsmåla, samt i kva grad kartteikningsøvinga blir forstått og korleis den blir motteke. På denne måten kunne eg førebu meg sjølv, og justere det metodiske arbeidet på ein betre måte, enn om eg gjekk rett ut i felten utan noko erfaring (Dowling, 2010, s. 31).

Pilotstudien blei gjennomført i ein dobbel geografitime i januar. Elevane var førebudd på å få besøk gjennom melding i studie- og kommunikasjonsplattforma «Canvas» i forkant av undervisningstimen. Utanom dette, visste dei ikkje kva som skulle skje. Det første eg gjorde var å presentere meg sjølv, korleis eg hadde kome i kontakt med akkurat dei, og forklare kva prosjektet mitt gjekk ut på. Deretter gjekk eg igjennom informasjonsskriva, og heldt ope for spørsmål. Første timen blei nytta til gjennomføring av fokusgruppeintervju.

## 3.4 FOKUSGRUPPEINTERVJU

Halkier (2010, s. 10) skildrar fokusgruppeintervju som ein «kombinasjon av gruppesamhandling og forskerstyrt emnefokus». Denne metoden har vore nytta til samfunnsfagleg forskingsføremål sidan 1940-talet, men fekk sin renessanse etter David Morgan sin «Focus groups in social research» frå 1988. Til forskjell frå individuelt intervju, er den sosiale dimensjonen til stades på eit likeplan mellom fleire informantar i fokusgruppeintervju. Det er dette samspelet i motsetning til individuelle forståingar som er hovudstyrken med metoden, og som difor bør vere, og var i dette masterprosjektet ei målsetjing. I tillegg, er det ei vesentleg forskjell mellom gruppeintervju og fokusgruppeintervju ved at deltakarane sjølve også stillar spørsmål til kvarandre utifrå deira eigen forståing (Halkier, 2010, s. 12-15).

I følge Halkier (2010) er metoden eigna til produksjon av data kring normer og fortolkingar i og av sosiale grupper. Dessutan er den spesielt eigna til å konstruere data på taus kunnskap kring forteljingar i ei gruppe. Ettersom både rolleforståing, og førestillingar om andre ofte er taus eller umedvite, var det i mitt prosjekt særleg viktig å velje metodar som kunne gå inn på det ein kanskje ikkje er medviten til vanleg eller ikkje trekk linjene mellom sjølv. Cameron (2010, s. 157) argumenterer også for å bruke fokusgruppeintervju som ein spesielt eigna metode ved utforsking av «people-place»-relasjon, eller sagt med termen frå teorikapittelet - romleg forståing.

Ei av svakheitene ved metoden som blir trekt fram i metodelitteratur er tal deltakarar i forhold til mogleg generalisering. Generaliseringsspørsmålet dukkar opp gjenteke gongar ved kvalitative metodar. Ein måte Cameron (2010, s. 156) anbefaler å løyse denne utfordringa på er gjennom kombinasjon med kvantitative metodar. Meir om ekstern validitet i slutten av metodekapittelet.

### **3.4.1 Pilot – del 2**

I utveljing av elevar til fokusgruppeintervjua blei klassen spurd om der var nokre frivillige deltakarar. Kring halvparten av elevane rakk opp handa. I forkant, hadde eg snakka med lærar om at dersom dette skjedde, ville eg han skulle velje dei han trudde kunne bidra positivt inn i ein slik setting, og ikkje til dømes berre var motivert for å vere med for å sleppe å vere i klasserommet i ordinær undervising. Han val ut to jenter og to gutar av dei som hadde handa oppe. Ettersom han, til forskjell frå meg, kjenner elevane og har betre oversikt over sosiale relasjonar som kan gjere at elevane lukkar seg, eller berre seier det same som dei andre var dette ei gunstig løysing. Om elevane hadde lukka seg eller ikkje tørr sei sin meining, ville det kunne føre til problem for validiteten av datamaterialet (Halkier, 2010, s. 16). Samtidig, vil eit «slikt utvalg [kunne] føre til skjevheter fordi lærerens subjektive vurdering ligger til grunn», men det er ein risiko eg må ta i denne omgang (Nilsen, 2016, s. 24).

Elevane blei med inn på eit anna, tomt klasserom, der me sat i kvar vår sofa med eit bord i midten. Eg på den eine sida og dei på den andre. Eg hadde med meg informasjonsskrivet, samtykkeark, notatblokk og eit ark med intervju spørsmåla på. Først, snakka me meir om kva det ville sei å bli anonymisert i denne konteksten, deira rettar til innsyn i personopplysingar og til å trekke seg no og seinare. Dei fire ville framleis vere med, og skreiv under. Neste var å forklare meir om korleis fokusgruppeintervju fungerer – at det er meir som ein samtale enn ei utspørjing, og at det var fint om dei spurde spørsmål til kvarandre, eller følgde opp det dei andre sa. Då det var avklart, starta me. Intervjuet tok kring 40 minutt, før me avslutta, og eg takka for tida og deltakinga deira.

Erfaring eg tok med meg frå dette; det er ikkje mogleg for meg å både følgje med på kva dei seier med interesse, og samtidig notere det som blir sagt. Ein anna ting var konkret korleis me sat, dei på den eine sida av bordet, og meg på den andre. Det førte til at sjølv om me prøvde å halde ein samtale, fekk intervjustilen eit preg av gruppeintervju og ikkje fokusgruppeintervju (Stewart & Shamdasani, 2015). Ikkje alle spørsmåla var like gode, så eg endra noko på

formuleringa av enkelte av dei etter denne piloten. Tilbakemelding frå lærar i etterkant, var at elevane som deltok hadde trivst med situasjonen, og snakka positivt om opplevinga.

Etter friminuttet, samla eg heile klassen i klasserommet deira igjen og las opp informasjonskrivet for del to, frihandsteikning av verdskart.

### **3.5 FRIHANDSTEIKNING AV VERDA**

Frihandsteikning som metode, først utarbeida av Kevin Lynch (1960, *Image of the City*) kalla «sketch maps», var nytta saman med intervju for å undersøkje korleis menneskjer oppfattar og orienterer seg i eigen by. Saman med Gould, 1966 med «On mental mapping», er dei rekna som starten av denne typen forskning (Holmén, 2020, s.514). Mitt masterprosjekt har noko liknande mål som det Saarinen, ein av etterkommarane av forskingsmetoden, opnar kapittelet sitt med «[t]his chapter is designed to explore in a preliminary fashion student views of the world as reflected in freehand sketch maps» (Saarinen, 1973, s. 148), og eg har difor følgd hans framgangsmåte i stor grad.

Som med andre former for teikning, er skissering rekna for å vere ein eigen kunstform det kan ta mange år å lære seg. Skissering er også rekna for å vere ein likeverdig metode for tenking, som ord for ein som skriv. Vidare, anten ein er amatør eller profesjonell, fortel formene ein teiknar, og markeringar ein gjer, meir enn fasongen på det som blir teikna. Strekane uttrykkar sider ved det me er både medviten eller ikkje medviten mest interessert i (Salisbury & Styles, 2012, s. 56). Biletkritikaren Burke (2014) illustrerer også i si bok, korleis eit bilete kan seie noko om kva som er interessant hos teiknaren gjennom det som er inkludert, utelate og framheva. Han gjev dømer der han peikar på korleis stereotypar på denne måten blir skildra og får form.

Refleksjonen av teiknaren i teikninga, er essensen ved frihandsteikning som metode til undersøking av korleis menneskjer ser på seg sjølv og andre. Ved å sjå på kva som går igjen hos fleire informantar, kan ein i større grad sei noko om kva tendensar som tek form. Samtidig, må ein ta forbehold om at ei ikkje kan vite heilt sikkert kva tankar som ligg bak, og det er difor ein styrke å triangulere med intervju for ekstra djupne i svarataa.

Ein annan typisk kritikk, er i kva grad ein kan legge frihandsteikningane til grunne for geografisk forståing ettersom dei er teikna, nettopp, fritt og frå hukommelsen. I kva grad påverkar teikneferdigheitene karta, og analysegrunnlaget? Axia et al. (1998, s. 426) er ein av fleire som vurderer denne feilkjelda i sitt datamateriale og finn at barn frå 7-8-årsalderen ikkje



har problem med å relatere formar til kvarandre og at det difor fint går an å utfordre til ei oppgåve som dette. Giesecking (2013, s. 714) på sin side argumenterer med at ordforråd sjeldan er eit emne som blir brukt som grunnlag for å velje vekk intervju som metode, og ser på den måten teikning som eit godt supplement inn i forskinga. I mitt studie ligg både skissene og fokusgruppeintervjua til grunn for den endelege drøftinga, og dei to metodevinklane gjev då ulike innputt på same undersøkingsområde.

### **3.5.1 Pilot – del 3**

Informasjonsskrivet for kartskissene blei lest opp, og elevane blei forklart kva oppgåva gjekk ut på. Dei som ville delta leverte kartet inn til meg, og dei som ikkje ville delta leverte det inn til læraren sin. Etter skrivet var gjennomgått, anonymitet forklart og alle andre spørsmål avklart, blei dei bedt om å fjerne alt dei hadde på pulten sin, og flytte eit lite stykke ifrå kvarandre. Alle elevane fekk utdelt eit kvitt ark, eventuelt blyant for dei som mangla, og eit samtykkeskjema. Dei som ønska å delta, kryssa av, og skreiv namn og dato på samtykkeskjemaet, samt førenamn i eit av hjørna på det blanke arket.

Oppgåva dei fekk var: teikn eit kart over verda, sånn du hugsar den. Du kan, men treng ikkje å legge inn landegrenser og namn. Når kartet er teikna, skal du markere på kartet dei stadene du meiner er dei viktigaste historiske, politiske og kulturelle stadene i verda. Desse markerer du ved å setje H, P eller K på dei aktuelle stadane. Du får maks 45 minutt på deg. Når du er ferdig, leverer du inn kartet, og samtykkeskjema dersom du vil vere med på prosjektet. Med unntak av éin person som hadde gått på privat grunnskule, og éin person som takka nei til å delta i prosjektet, ønska alle å levere inn skissene sine.

Erfaring frå dette; sjølv om eg bad elevane om å ikkje snakka saman, blei det noko støy i klasserommet då dei skulle teikne. Nokre tok fram telefonen for å søke opp verdskart, og nokre smugkikka på naboen sin teikning. Desse fekk beskjed om å la være, men i den seinare datainnsamlinga var eg endå tydlegare på at dersom dei delte informasjon som dette, eller såg på bilete, vil det øydelegge for forskinga. Saman med korleis ein fysisk sat i fokusgruppeintervjusettinga, var dette ein av dei viktigaste lærdommane eg tok med meg frå pilotprosjektet. Mange viste teikn på å vere usikker på eigne teikneferdigheiter. Her løyste eg det både under piloten og seinare med å gå rundt i klasserommet, og forklare til desse elevane at det ikkje var om å gjere å teikne finast mogleg, men at eg uansett ønskja å sjå på kva dei hadde teikna. I tillegg, la eg seinare meir vekt på kva eg ønskja å få ut av teikningane i forklaringa av oppgåva i starten. Ein siste erfaring eg drog ut av piloten som kom til særleg

nytte under den seinare datainnsamlinga var at elevane måtte skrive namnet på staden dei meinte å markere. Det viste seg å bli umogleg å vite om dei meinte eit land, ein spesifikk stad eller ein heil verdsdel på nokre av karta.

### **3.6 FELTSAMTALE**

Erfarne forskarar har gjennom lærarstudiet delt at ein aldri veit om alt som kan kome til å bli av betydning for eit forskingsprosjekt. Heile vegen har eg difor hatt øyrene og auga opne for eventuelle oppdagingar eller tilleggskommentarar i feltsamtalar.

Feltsamtale er ein eigen kategori for innsamling av empirisk materiale. Den byggjar på den uformelle praten utanfor dei formelle settingane, som til dømes fokusgruppeintervju ber med seg (Aase & Fossåskaret, 2014, s. 31-33). Desse samtalane er ikkje planlagd, men forskaren kan styre dei ved oppføljande spørsmål. Som ein «outsider» gav feltsamtalen verdifulle tilleggsopplysningar inn i prosjektet, og som var med på å forklare ‘det normale’ på den nye staden (Dowling, 2010, s. 36).

### **3.7 DATAINNSAMLING TIL CASESTUDIET**

Masterprosjektet er metodologisk inspirert av Saarinen (1973) og dei andre nemnd blant tidlegare forskning. Saarinen gjennomførte undersøkingar i USA, Canada, Finland og Sierra Leone, Fine og Sirin (2007) også i USA, Nielsen (2009) i bygde-Troms-og-Finnmark og Oslo-regionen, Roll (2020) i by-Vestland, og Holmén (2020) på Baltikum og rundt Middelhavet. Her kjem prosjektet mitt inn som ei utviding av det geografiske området, med fokus i by-Troms-og-Finnmark.

Sjølve datainnsamlinga var utført i to klassar over to dagar. Kartteikningane var gjennomført i begge klassane første dagen, og fokusgruppeintervjua var begge gjennomført andre dagen. Klassen som teikna kart først, fekk beskjed om å ikkje snakke om opplegget i det 15 minuttar lange friminuttet mellom dei hadde teikna kart, og neste klasse skulle få moglegheita til å gjere det same. Dette grepet blei gjort for å unngå at dei delte av erfaringane, og kva ein måtte hugse på å ha med i ein teikning. Dei viste seg å lytte, og delte ikkje med dei andre.

### 3.7.1 Kartteikning

I forkant av opplegget, hadde lærar sendt ut melding til elevane om at dei skulle få besøk av forskar/masterstudent. Dei fekk derimot ikkje beskjed om kva det skulle innehalde, for at dei ikkje skulle bruke tid på å lære seg noko nytt, eller sjå ekstra mykje på kart like i forvegen. Klasseromma datainnsamlinga blei gjennomført i, blei undersøkt i forkant så det ikkje skulle innehalde avslørande element. Til dømes, var der ein stor globus i det eine klasserommet som eg tok ut for å motverke den enkle feilkjelda.

Ved ankomst og introduksjon til opplegget, starta eg med å forklare kven eg var, korleis eg kom i kontakt med akkurat dei og kvifor eg var der. Deretter las eg opp informasjonsskrivet, og let det vere tid til spørsmål. Eg forklarte at alle kjem til å teikne, men at dei som vil delta leverer til meg, og dei som ikkje ønskja å delta leverer til læraren sin. Då informasjonsskrivet var forstått, blei elevane plassert litt frå kvarandre, sånn at dei ikkje lett kunne sjå på naboen sin og få idear derifrå. Dei fekk også beskjed om at under opplegget skulle det ikkje ligge noko anna på pulten, det var viktig at dei ikkje snakkar saman, og at dei ikkje må bli freista til å søke opp bilete på telefonen.

Vidare, fekk elevane først utdelt informasjonsskriv og samtykkeskjema saman med eit blankt ark. Dei som deltok skreiv under på samtykkeskjema med namn og dato, i tillegg til å skrive førenamnet sitt i hjørne på kartet. Deretter repeterte eg oppgåva i plenum og skreiv hovudstikkorda på tavla. Oppgåva var: «Skisser opp eit kart over heile verda. Poenget er ikkje å teikne det finaste kartet, men å teikne det så detaljert som du klarar. Marker deretter dei stadane *du* ser på som dei *mest* interessante eller *viktigaste* historisk (H), kulturelt (K) og politisk (P). Markeringa skjer ved at du skriv namnet på staden på kartet og skriv ein H, K eller P bak namnet.» Eg skreiv oppgåva punktvis på tavla etter forklaringa var gjeven. Det var rom for å stille meg spørsmål til oppgåva undervegs, men ikkje for å spørje naboen. Dei fekk 35 min til oppgåva, og berre eitt ark.

Ettersom alle skulle teikne, men ikkje alle trengte å levere til meg, kunne opplegget nyttast som pedagogisk verkemiddel i undervisninga. Alle som deltok skreiv førenamnet sitt i hjørna av arket, for å kunne dobbeltsjekke at eg har fått inn samtykkeskjema for alle karta som blir teke med i datamaterialet. Dessutan, om nokon skulle ønskje å trekke seg etter kvart måtte eg vite kven som var kven sin teikning. Dette punktet er drøfta vidare under etiske omsyn i 3.9.

I den eine klassen blei det på tross av formaningane om å vere stille, litt snakking. Ein av elevane ropte til dømes mot slutten av teikninga at den har gløymd å teikne Madagaskar. Dette var veldig uheldig, og har blitt rekna med som ei av feilkjeldene i det aktuelle klassesettet. I

den andre klassen var det derimot heilt stille. Forutan ein person som snudde seg litt av og til, men som sat eit stykke frå nokon, og ikkje kan ha sett veldig mykje av naboen sin teikning, var det ingen forstyrringar her.

### **3.7.2 Kvantitativ innhaldsanalyse**

Kartteikningane er analysert etter prinsipp for kvantitativ innhaldsanalyse. Kvantitative metodar genererer data ein kan talfeste, og dannar grunnlag for generalisering. Generaliseringa tek vidare utgangspunkt i eit statistisk representativt utval (Grimen, 2004, s. 251). I denne samanheng, der den kvantitative metoden er nytta som del av casestudiet, vil den totale populasjonen vere alle elevane i dei to klassane. Utvalet er informantane som har vald å delta. Mengda informantar til kartteikningane, i forhold til tal elevar i klassen er over to tredjedelar, noko som gjer funna i stor grad statistisk representative for heile klassen. Lengre utgreiing om informantane i 3.7.5. Generalisering av casen til alle andre ungdom blir diskutert i 3.10.

Kvantitativ analyse, kan i eit historisk perspektiv bli knytt til ein positivistiske forskingstradisjon der ein søkte å finne objektiv kunnskap gjennom statistikk, og ekstensive undersøkingar. I dag er det meir vanleg å tenke at all forskning er subjektivt påverka både av informantane og forskar. Det betyr at det er vanskeleg å finne ei «objektiv sanning» (Clifford & Valentine, 2003, s. 3). Metoden blir i dette masterprosjektet, difor rekna for å kunne gje innblikk i subjektive meiningar hos informantane. Den kvantitative sida gjer at resultata kan diskuterast som tendensar for informantgruppa, og er først og fremst nytta for å syne ei kvantitativ oversikt over kva land og stader som er representert i kartteikningane.

Grønmo (2004, s. 193) forklarar at kvantitativ innhaldsanalyse kan bli nytta på alle typar dokument, sjølv om den er mest nytta ved skriftleg tekst. Metoden blir gjennomført ved systematisk og gjentakande gjennomgang av innhaldet i dei aktuelle dokumenta, der ein arbeider ved å registrerer funn basert på kategoriar førebudd i forkant. Førebuinga til datainnsamlinga må difor, ved kvantitative metodar vere meir detaljert enn ved kvalitative metodar (Grønmo, 2004, s. 193). Her er kjem fordelene med pilotprosjektet inn igjen. Pilotprosjektet var med på å justere kategoriane og innhaldet, slik at dei var klare til den reelle datainnsamlinga. Kategoriane heng tett saman med instruksene informantane fekk til teikning av frihandsteikningane. Det er difor teke utgangspunkt i dei tre «viktig»-merkene.

Kvantitativ metode genererer talfesta data, som ein i analysen nyttar til å lage matematiske tabellar og figurar (Clifford & Valentine, 2003, s. 3). I dette prosjektet er Excel nytta som verktøy til analysen. Hyppigheit av «viktigast»-kategoriane, stadnamn, og førekomstar av øyer,

land og verdsdelar blei registrert, og det var forsøkt laga tabellar og oversikter for å belyse problemstillinga for masterprosjektet. Målet med dette er å kunne sei noko om det generelle i informantgruppa, og svare på kva som visar seg som ein tendens.

### 3.7.3 Fokusgruppeintervju

I etterkant av kartteikningane, blei resten av geografitimen brukt til å finne ut kven som skulle vere med på fokusgruppeintervju dagen etterpå. Eg forklarte kva det innebar, inkludert samtykke, rettar, og anonymitet i ei fokusgruppeintervjusetting. Det var deretter ope for spørsmål. Etter forklaringa, spurde eg ut i klasserommet kven som ville vere med. I motsetning til piloten, rakk ingen opp handa i starten. Litt etter litt steig nokre hender opp, og fordelinga bli som vist under. Ettersom alle i klasserommet var kvalifisert ut frå krava til fokusgruppeintervjua, var der større fordelar enn baksider ved denne valmetoden. Fordelen med denne kombinasjonen av slumpveljing og snøballeffekt er at informantane har moglegheit til å bli med eller trekke seg ut frå kven andre som er med. Det kan gje ein betre dynamikk i fokusgruppa, der alle i større grad opplever seg trygge nok på kvarandre til å dele det dei vil seie (Grønmo, 2004, s. 100).

Det blei gjennomført eitt intervju per klasse som også gjennomførte frihandsteikning. Denne måten gjev eit større grunnlag for å sei noko relevant om likskap, ulikskap og samanhengar mellom kart og tale (Stewart & Shamdasani, 2015, s. 48). Målet var ikkje å finne ut kva informantane meiner om sitt eige kart, men å nytte dei to ulike metodane for breidde i datamaterialet, som ulike innfallsvinklar på romleg forståing.

Staden for fokusgruppeintervjuet var eit naboklasserom på skulen sitt område, ein stad informantane kjenner seg komfortable. Eg plasserte oss sittande i ring rundt eit bord, for at det skulle bli ein meir dynamisk situasjon enn ved piloten (Stewart & Shamdasani, 2015, s. 98). Under desse intervjua blei det også nytta bandopptakar til forskjell frå sist. Denne blei plassert midt på bordet for å kunne høyre alle. Lydbanda blei transkribert av meg i løpet den neste veka, som anbefalt i Cameron (2010, s. 167).

Eg var i klasserommet frå før, og venta på elevane. Då alle var komne inn, lukka me døra og sat oss. Deretter gjekk me raskt igjennom informasjonsskrivet igjen for å gje dei ein oppfrisking i kva det inneber å vere med, før eg delte ut samtykkeskjema. Alle val å bli med. Vidare forklarte eg meir om situasjonen og at det var meininga at dei skulle kommentere på kvarandre, og elles gå føre seg som ein samtale. Til slutt tok me ein namnerunde, før eg sette på

bandopptakaren. Ikkje fordi dei trengde det, men for min del, for å bli ørlitt meir kjend, og praktisk for å kunne delegere spørsmål direkte.

Dynamikken i fokusgruppeintervjua fungerte veldig godt. Alle elevane deltok aktivt i samtalen. Eg fungerte som ein fasilitator som heldt samtalen gåande, og på sporet av det me var der for å snakke om (Cameron, 2010). Til forskjell frå piloten, spurde denne gongen elevane kvarandre om til dømes kva dei meinte om noko var uklart, eller følgde opp andre sine påstandar både med medgang og motgang. Det var innslag av både latter og seriøsitet. For detaljar ved intervjuguiden, sjå vedlegg 1.

Då tida var gått og me skulle gå frå kvarandre, takka eg så mykje for deltakinga. Dei sa det hadde vore kjekt, og eine eleven meinte at kvar geografitime burde vere som dette. Eg hang opp kontaktinformasjonen frå informasjonsskrivet på veggen i begge dei to klasseromma deira så den skulle vere lett tilgjengeleg, og ingen kom til å miste den.

#### **3.7.4 Foucauldiansk diskursanalyse**

Diskurs er eit eige fenomen. Dei er skapt av samfunnet, og samfunnet blir igjen forma av dei; eit sosialkonstruktivistisk syn på samfunn og kunnskap. Diskursar er ein form for kunnskap som gjev makt til dei som er innanfor, og minskar makta til dei som er utanfor. Likevel er det ikkje nødvendigvis dei elles privilegerte i samfunnet som kan kontrollere diskursen, den lev sitt eige liv. Ei annan side av det interessante med fenomenet diskurs, er at det ikkje er problematisk om der blir funnen innbyrdes ueinigheit i diskursen, fordi dette er ein del av det som gjev den makt og levetid. Fleire perspektiv passar inn, og fleire menneskjer kan kjenne seg igjen (Waite, 2010). Difor er diskursar interessant å undersøke, og særleg blant ungdom som ber tradisjonane vidare. I denne oppgåva skal eg undersøkje ein liten bit av dette; Korleis forstår utvalet vg1-elevar verda romleg og kva rolle har Noreg på den globale arenaen?

Diskursanalyse er ein kvalitativ metode. Den går i djupna på språkdataa, og har som føremål å identifisere mange av dei små bitane ein diskurs er bygd opp av. Analysen ser etter kva som går igjen, kva som argumenterer for kvarandre, og kva er det som er utelete. Innhaldet i ein diskurs er ofte sett på som allmennkunnskap eller ein felles mening delt av ei gruppe menneskjer (Waite, 2010, s. 218). I følgje Foucault er målet med diskursanalyse å identifisere relasjonar mellom nøkkelord (statement) i språket eller bilete, mellom grupper av nøkkelord, og igjen mellom nye nøkkelord og grupper av desse. Dette gjeld, sjølv om ingen av nøkkelorda kjem frå same forfattar, tid eller opphav (Rose, 2007, s. 157). Å gjere ei diskursanalyse kan samanliknast

med å setje ord på 'nasjonsfølelsen' som Anderson (1996) gjorde i «Førestilte fellesskap», ettersom det kan vere ei utfordring å peike på det 'opplagte' og tilsynelatande utan opphav.

Analysen er i praksis basert på trestegsmetoden, henta frå Rose (2007, s. 157): (1) Les datamaterialet, og les det igjen. Bli kjend med det. (2) Identifiser nøkkelord/-bilete. Dei viktigaste orda treng ikkje vere dei som oftast blir gjenteke. (3) Sjå på samanhengar mellom nøkkelorda og -bileta. Dei to fokusgruppeintervjua har liknande struktur, på grunn av fleire like spørsmål. Det påverka vala av nøkkelord. På mange måtar liknar denne metoden på den kvantitative innhaldsanalysen, men framstillinga og drøftingsgrunnlaget er ganske forskjellig.

### 3.7.5 Informantane

Elevane går alle studiespesialiserande fag, på same vidaregåande skule med same faglærar i geografi. Dei har gått i klasse saman i eit halvt år, og kjenner kvarandre noko, men ikkje veldig godt. Inntrykket er at det er eit godt klassemiljø, der det i stor grad er rom for å vere seg sjølv og sei sine meiningar (Halkier, 2010, s. 16). Elevane er fordelt i to forskjellige klassar, og både kartskissene og fokusgruppeintervjua blei gjennomført i to omgangar. Kartskissene blei gjennomført dag 1, først klasse 1 og deretter klasse 2. Fokusgruppeintervjua blei gjort i same rekkefølge, dag 2.

Totalt deltok 25 personar i kartteikningane, og 7 personar i intervjua. Under viser Tabell 1 fordelinga av gutar og jenter i datainnsamlinga, både for kartskisse og fokusgruppeintervju.

Tabell 1: Fordelinga av gutar og jenter blant informantane.

	<b>Gutar</b>	<b>Jenter</b>
<b>Klasse nr 1</b>		
Deltok i kartskisse	5	6
Deltok i fokusgruppeintervju	2	2
<b>Klasse nr 2</b>		
Deltok i kartskisse	7	7
Deltok i fokusgruppeintervju	3	0
<b>Totalt</b>		
Deltok i kartskisse	12	13
Deltok i fokusgruppeintervju	5	2

Som ein ser ut frå tabellen var det ganske lik fordeling av gutar og jenter til kartskissene, med 12 mot 13. Det var derimot litt ulik fordeling av gutar og jenter til fokusgruppeintervjua, med like mange av kvar til det første, men tre gutar og ingen jenter i det andre. Komposisjonane i gruppene kan ha påverka samtalene med tanke på emne, haldning og engasjement. Samtidig var eg som fasilitator ein aktiv del av begge intervjusamtalane. Det kan ha medverka til å skape noko balanse i samansettinga for intervju nr. 2 (Cameron, 2010, s. 158).

### **3.8 MI ROLLE I FORSKINGA**

I arbeidet må eg ha ei medviten haldning til min subjektivitet. Eg er også påverka av samfunnet, og særleg i tilnærminga til prosjektet. Kunnskap om feltet gjev grobotn for å tileigne seg visse haldningar som kan bli prosjektert på materialet. Målet er difor å holde igjen så mykje av dette som mogleg, og prøve å sjå på materialet med «ferske auge». Noko av dette ligg til grunn å for å halde analysedelen så nøytral som mogleg, og ikkje blande den med drøftinga. Ein må likevel vere klar over at samfunnsforskning generelt er ein subjektiv affære, der til dømes Foucault foreslår å lese det same datamaterialet om og om igjen for å ta mest mogleg inn deltakarane sitt perspektiv og ikkje sitt eige (Rose, 2007, s. 157).

Troms og Finnmarks-regionen er ein stad eg aldri hadde vore før, og eg hadde aldri møtt elevane før. Som forskar kom eg inn som eit framandelement i kvardagen deira, og det er ulike situasjonar som kunne oppstå ved det. Ein av dei farane eg måtte vere klar over i forkant av skulebesøka, var at informantane kunne bli så ukomfortable eller fokusert på å svare «det rette» at resultata ville gå langt på sida av det reelle biletet. For å prøve å unngå dette, var mellom anna førebuinga av klassen i forkant, men også klesstil og haldning som anbefalt av Dowling (2010, s. 30) viktig. I klasseromsettinga starta eg med å presentere meg sjølv, fortelje litt kven eg var og let det vere ope for spørsmål. I fokusgruppeintervjusituasjonen valde eg å vere ein aktiv del av samtalen, både for å stimulere samtalen til å få fram kva ungdommane meiner, og for å legge terskelen lågare for å dele av seg sjølv (Aase & Fossåskaret, 2014, s. 114).

Geografisk bur me i same land, men i ulike landsdelar. Dette spelar inn som ein kulturell faktor, som på eine sida kan ha hindre informantane i å dele av seg sjølv, og på den andre sida kan ha ført til at eg ikkje forstod dei lokale kulturelle kodene. Etersom temaet for masterprosjektet er korleis ein ser på seg sjølv og Noreg sin rolle i verda, kan dette påverke datamaterialet. Eg kan ikkje skjule at eg er «søring» ettersom eg har dialekt frå ein annan stad, og for vane å skrive nynorsk. Å skjule det har heller inga hensikt når det kan skje at eg ikkje skjønner kva dei meiner på grunn av den ulike bakgrunnen. Her kjem feltsamtalane godt til nytte, der eg i andre settingar



kunne samtale med snakkesalige vaksne og andre ungdommar om livet i lokalsamfunnet deira. Dei ville gjerne fortelje om korleis det var der, noko som gjev meg moglegheit til å forstå konteksten betre. I fokusgruppeintervjusettinga fekk eg også moglegheita til å spørje elevane om korleis dei såg på meg – i kontrast til ein turist – der dei fortalte at dei såg på meg som ein person som hadde grunn for å vere der ettersom eg skulle gjere ein jobb. I tillegg oppfordra dei meg til å tenke at eg hadde oppført meg normalt i lokalsamfunnet, og at dei dermed ikkje såg rart på meg. Samtidig, la dei litt ekstra vekt på å forklare enkelte fenomen som dei meinte var veldig lokale, så ein balanse mellom å sjå på meg som ein outsider og ein insider var til stade (Dowling, 2010; Aase & Fossåskaret, 2014).

### **3.9 ETISKE OMSYN**

Som norsk, forskande student ved Høgskulen på Vestlandet er eg underlagt lova om organisering av forskningsetisk arbeid (Forskingsetikkloven, 2017, §1), og konkretiseringa av praktisk vitenskapsmoral i dei forskningsetiske retningslinjene (De nasjonale forskningsetiske komiténe, 2016). I prosjektet er det dessutan handsame personopplysningar, og opplegget var difor vurdert og godkjend av Norsk Senter for Forskningsdata (NSD) før eg starta med både piloten og datainnsamlinga (sjå vedlegg 4).

Under intervju blei det nytt lydopptak, men transkriberinga av opptaka er gjort av undertekna, som dermed hadde moglegheit til å anonymisere informantane før dataa kom ut til andre. Dataa frå teikningane blei også anonymisert ved å klippe av namna og innføre koder i staden for. Desse kodene blei handskrive på eit eige ark, og skild frå resten av datamaterialet. Informasjon som kom fram under datainnsamlinga blei dessutan handsame på ein måte så det ikkje er noko fare for å skade intervjuobjekta (Aase & Fossåskaret, 2014, s. 197). Det var også viktig å ikkje love meir enn det som kan bli innfridd av til dømes kjendisstatus i lokalavisa, som eine eleven ønska seg (Halkier, 2010, s. 75).

Eit av dei spesielle forholda å ta omsyn til i dette masterprosjektet, er barn som informantar. Barn, definert som menneskjer under 18 år, «kan ikke forventes å kunne sette seg inn i hensikten med et prosjekt. De forstår ofte ikke konsekvensene av å gi fra seg informasjon, og de kan ikke forventes å ha en rimelig forståelse av forskingsfeltet» (Grimen, 2004, s. 406). Samtidig er barn i ei modningsprosess der dei blir gjeven meir og meir ansvar for eigne handlingar. Til dømes, er dei strafferettsleg ansvarleg frå 15 år, og den seksuelle lågaldren vernar ikkje lenger om dei etter fylte 16. Barn over 16 år kan bestemme sjølv om dei vil vere med i forskingsprosjekt, utan samtykke frå foreldre (Norsk senter for forskningsdata, u.å.). Av desse grunnene er det intervju

eldre barn, over 16 år, som ein kan forvente meir av enn dei yngre. I alle tilfelle av forskinga mi føreligg det eit fritt og informert samtykke frå alle deltakarane. Informasjonsskriva er lagt ved som vedlegg 2 og 3. Deltakarane er informert om kva deira rolle betyr i denne samanheng på ein pedagogisk og aldersretta måte. Særleg er det lagt vekt på deira rolle, konfidensiell handsaming, anonymitet og moglegheit for å trekke seg (Norsk senter for forskningsdata, u.å.; Aase & Fossåskaret, 2014, s. 199). Forventningsavklaring til frihandteikninga og ordval i intervjusituasjonen var også påverka av alderen til informantane (Stewart & Shamdasani, 2015, s. 109).

### **3.10 UTFORDRINGAR, RELIABILITET OG VALIDITET**

Reliabilitet handlar om i kva grad undersøkingane kan etterprøvast. Det blir vurdert etter om ein måler det same kvar gong, at metodane er nøyaktige og at forskaren er nøyaktig (Denscombe, 2007, s. 298). Samtidig er det å måle reliabilitet til ei studie på denne måten, problematisk for casestudiar. I denne samanheng, argumenterer Halkier (2010) for at reliabilitet må vise fram eit gjennomsiktig arbeid sånn at andre kan vurdere om kvaliteten av studia er god (s.128). For å vise korleis eg har henta inn dataa, er det i masteroppgåva difor vigd god plass til gjennomgang av gjennomføringane, framgangsmåten for kartteikningane, i tillegg til vedlagt kopi av intervjuguiden. Dette både for å forske gjennomsiktig, og for at forskarar etter meg eventuelt skal kunne nytte dette prosjektet i deira arbeid. I utviklinga av intervjuguiden og framgangsmåten til frihandsteikninga har eg også teke utgangspunkt i versjonar av tidlegare nemnd forskning, samt testa førsteutkastet i ein pilot, for å sikre ein høgare kvalitet.

Ein av faktorane som kan påverke reliabiliteten er i kva grad eg, som forskar, påverkar omgjevnadane mine. Aase og Fossåskaret (2014) argumenterer for at ved bruka av metoden fokusgruppeintervju, på lik linje som intervju, bør ein inkludere fasilitatoren i analysen av datamaterialet. Dette fordi det ikkje er mogleg å få objektiv data i ein slik situasjon. Situasjonen av fleire informantar i samtale, er også rekna som ein validitetsstyrke i samanlikning med individuelt intervju, ettersom fleire kan kjenne seg meir «fri til å presentere fleire av sine egne stemmer» (s.115-116).

Metodetriangleringa nyttar eg til dels også for å tette for svakheiter ved både metodane og dataa. Til det, skriv Grønmo (2004) at «dersom analyser basert på ulike data og metoder gir identiske resultater, kan vi ha stor tillit til at metodene er relevante og fruktbare, og at resultatene er pålitelige og gyldige» (s.56). Samtidig kan dei ulike metodane produsere data som ikkje treff same mål, som i eit konstruktivistisk syn viser ei djupne av dimensjonar, ettersom dei ulike

dataa heller fyllar kvarandre (Halkier, 2010, s. 16-17). Denscombe (2007) er på ei annan side svært oppteken av at triangulering ikkje gjev grunn aleine til å seie at ein er på rett spor, og ein må vurdere om den interne validiteten er god nok (Nyeng, 2012, s. 109).

Til sist kjem spørsmålet om ekstern validitet (Grønmo, 2016, s. 254). Undersøkingane mine er avgrensa til ei bestemte gruppe ungdom, i ei bestemt fase av livet, og som har gått igjennom eit bestemt utdanningslaup som ikkje kjem til å vere i bruk igjen. I denne samanheng har det å utarbeide ein riktig balanse mellom for mykje og for lite datamateriale har vore ei kvalitet- og ressursutfordring som er typisk for metodetriangulering (Grønmo, 2004, s. 92).

I følgje Statistisk sentralbyrå er det total 76.434 ungdom i gruppa utvalet mitt gjeld, der 27.791 av dei går studiespesialiserande (Statistisk sentralbyrå, 2021). Det store omfanget vil gjere statistisk generalisering til ei umogleg oppgåve for eit 45-poengs masterprosjekt, men i følgje Gobo og Molle (2017, s. 258) kan generalisering likevel skje til ei tilsvarende case eller gruppe menneskjer. Dei legg fram eit forenkla døme; lyden av ein knirkande dør. Ikkje alle dører lagar same lyd som dei på film, men ein kan likevel kjenne lyden igjen og vite at det er ei knirkande dør. Ein har dermed analysert det og funne likskapen. I dette masterprosjektet kan ein sjå på sider ved funna og vurdere om det har moglegheit for å vere reelt for anna ungdom som har vore igjennom same eller liknande skulelaup, er på same alder osv. I tillegg kan funn i dette prosjektet opne for refleksjon kring Fagfornyinga, noko som også kan knyte prosjektet til framtida.

## **DEL 2: ANALYSE, DRØFTING OG AVSLUTNING**

### **4 RESULTAT**

---

I ei casestudie som dette, avheng kvaliteten av funna stor grad av evna oppgåva har til å vere transparent i si framstilling av casen. Fielding (1999, s. 526) skriv det slik «we should focus on producing analyses that are as open to scrutiny as possible». Analysen som følgjer inneheld difor eit stort datamateriale, der ikkje alt har like stor relevans direkte inn mot problemstillinga, men som likevel er med på å setje lys på konteksten eller har ein forklarande funksjon i argumentasjonsrekka i drøftingsdelen i neste kapittel. Det skal samtidig nemnast at både kartteikningane og fokusgruppeintervjua kunne hatt potensiale til å bli nytta i fleire andre forskingsprosjekt. Det er difor viktig å få fram at analysen som er gjort her ikkje påstår å fullt ut ha tømmt moglegheitene i datamaterialet.

Som nemnd, er analysen av både kartteikningane og fokusgruppeintervjua utført ved hjelp av ein enkel foucauldiansk diskursanalyse og ei kvantitativ innhaldsanalyse. Presentasjonen av analysen er difor ulik ved dei ulike typane datamateriale. Den kvantitative framstillinga av kartmaterialet er ein måte å setje ord på funna frå biletmaterialet. Tabellane er meint å gjere materialet meir oversiktleg og samanliknbart, på same måte som den kvalitative framstillinga av fokusgruppeintervjua nyttar utdrag frå intervjua i det transkriberte, tekstbaserte datamaterialet.

#### **4.1 OPPBYGGING AV KAPITTELET**

Dette kapittelet består vidare av to hovuddelar. Først, ei analyse av kartteikningane der det blir ei inngåande presentasjon av ulike fenomen ved karta. Neste, ei analyse av fokusgruppeintervjua på liknande måte som kartteikningane, men med andre kategoriar ut frå dette materialet. I neste kapittel blir desse to delane sett opp mot kvarandre og etablert teori, gjennom drøfting.

#### **4.2 VERDSKART**

I dette prosjektet er ikkje teikneferdigheitene lagt vekt på, men heller førekomsten og plassering i forhold til kvarandre. Som fleire forskarar viser (Giesecking, 2013; Saarinen & MacCabe,

1995) viser, kan ein på den måten forsvare utvalet av ungdom utan spesialisering i skissering. Målet har ikkje vore å finne ut kven i klassen som gjorde det best, men å sjå på kva forståing som viser seg gjennom teikningane. For å finne ut av denne forståinga går oppgåva først inn på dei geografiske formene på karta, plassering og abstraksjon. Deretter blir det presentert tabellar over hyppigheita av ulike moment innanfor dei tre ulike markeringa oppgåva la til rette for, før generelle stadnamn blir analysert. Diskusjonen av funna blir gjort i neste kapittel.

Under analysen og drøftinga er måten elevoppgåva er lagt opp, relevant. Elevane har først teikna eit kart, noko som gjev dei meir tid og moglegheit til å tenke over kva stadar som er viktige, enn om dei berre hadde blitt spurd utan å skulle teikne først. Eit anna moment er oppdraget om å markere dei viktigaste stadene. Naturen i spørsmålet gjere at nokre stadar bli utelete, sjølv om dei er påtenkte fordi ikkje alle stadar er viktigast.

Det var éin elev som leverte blankt, noko som vil bli diskutert vidare i oppgåva. Dette kartet er teke med i prosentutrekningane under, sjølv om dei ikkje inneheld markeringar av stadar eller teikningar av markante landformer.

#### **4.2.1.1 Generelle funn**

Generelt er der mange fleire markeringar i klasse nummer to enn i klasse nummer éin. Det er ein interessant observasjon ettersom fordelinga av kart berre utgjer tre stykk i differanse (11 versus 14 kart) mellom dei to klassane. Om alle informantane var einige, hadde differansen mellom dei markerte stadene heller ikkje vore meir enn tre for klasse ein og to. Den store variasjonen i markeringar visar at informantane har ulike meiningar og ulikt engasjement for å markere stadar.

Dei fleste har plassert stadnamna dei sjølv har vald, på riktig stad i forhold til resten av den respektive teikninga. Nokre stadnamn er derimot plassert feil. Sør-Amerika til dømes, blei ein gong plassert i Sør-Afrika; USA plassert i Europa, mellom Tyskland og Noreg; India, plassert omtrent der Iran ligg, og Egypt i Libya; Washington D.C, på austkysten, sør for NY; Australia rett sør for India; India mellom Russland og Nord-Korea, og Skottland sør for England; Sør-Korea nord for Nord-Korea; Indonesia aust for Kina, Mexico i Brasil, Tyskland sør for Spania; Italia med grense mot Saudi Arabia; og til sist, Hellas på same kontinent nord for England, og England like nord for Syria og Afghanistan.

For å gje eit innblikk i korleis kartskissene kan sjå ut, ligg det under, eit døme på verdskartskisse teikna av ein av informantane i prosjektet (Figur 2). Koden «B2» oppe i høgre hjørne er ikkje ein del av teikninga, men ein kode som knyt informanten til teikninga (jamfør 3.7.1).

Fleire dømer på kartskisser frå prosjektet finnes i vedlegg 5.



Figur 2: Døme på verdskart teikna av ein av informantane.

#### 4.2.2 Markante landformer

Denne kategorien er inspirert av Saarinen sin forskning, der han laga ei liste over dei ti største og mest markerte landformene på verdskartet og samanlikna hyppigheita av desse på dei skisserte karta til informantane. Denne måten å arbeide på gjev ei peikepinn på kva delar av verda elevane er medvitne og mindre medvitne.

Utgangspunktet for Tabell 2, er dei 25 største øyene (målt i landareal) i verda henta frå Store Norske Leksikon (Askheim, 2021). Deretter er lista sortert etter tal gongar øya er teikna av elevane i dette prosjektet. Nokre øyer og øygrupper som var hyppig teikna, er ikkje mellom dei største i verda, men lagt inn på lista til samanlikning og vidare drøfting. Desse er på tabellen

markert med oransje. Tabellen viser at der ikkje er tydeleg samanheng mellom storleiken på øyforma og hyppigheit på kartteikningane.

Tabell 2: Dei største øyene i verda.

Rangering (tal teikna)	Øy	tilhøyrrer	teikna på karta	ca areal (km <sup>2</sup> )	Rangering (areal)
1	Storbritannia	Storbritannia	19	228300	8
2	Grønland	Danmark	15	2175600	1
3	Island	Island	13	102800	18
	Svalbard	Norge	11	61000	
4	Madagaskar	Madagaskar	10	587000	4
6	Honshu	Japan	8	230000	7
6	Irland	Irland/Storbritannia	8	82000	21
8	Sumatra	Indonesia	5	447300	6
8	South Island	New Zealand	5	150500	12
	Kanariøyene	Spania	5	7500	
11	Java	Indonesia	4	125900	13
11	North Island	New Zealand	4	114700	14
11	Cuba	Cuba	4	105000	16
14	Ny- Guinea	Indonesia/Papua Ny-Guinea	3	785000	2
14	Borneo	Indonesia	3	751900	3
14	Luzon	Filippinene	3	104700	17
	Kreta	Hellas	3	8300	nr 5 i Middelhavet

\* landareal skriven i kursiv er samla areal av øygruppa.

Australia er ikkje rekna for å vere ei øy på grunn av storleiken, men eit kontinent. Samtidig, sett i samanheng med kva som blir inkludert på kartteikningane og ikkje, er det observert at Australia er teikna 17 av 25 moglege gongar. Dette, til tross for sin storleik på 7 682 300 kvadratkilometer, dvs. 3,5 gongar større enn Grønland, verdas største øy. Den Arabiske halvøya, som også er større enn både Grønland og Storbritannia med sine om lag 2 600 000 kvadratkilometer, er berre teikna inn 6 av 25 gongar.

Alle, har teikna inn Noreg. Ofte med den karakteristiske vottefasongen, der Oslofjorden blir teikna inn som glipe mellom tommelen og resten av fingrane. På grunn av den karakteristiske forma, er det lett å kjenne landet igjen på dei ulike skissene. Eit kart henta frå det norske Kartverket (2022, henta 11. mars 2022), viser på same måte denne karakteristiske fasongen til Noreg (sjå Figur 3). Kartet viser også korleis landet heng saman med Sverige og Finland.



Figur 3: Kart over Noreg, Sverige og Finland. Kjelde: Kartverket. Henta 22.mars 2022.

Nesten, men ikkje alle elevane har teikna inn Sverige. Nokre land har teikna inn Sverige, men ikkje Finland, medan andre har teikna inn Finland men ikkje Sverige. Siste gruppa har verken teikna inn Sverige eller Finland. Ein annan observasjon, er lengda på landegrensene mellom Noreg, Sverige og Finland. Dei fleste karta liknar på biletet frå Kartverket, men nokre kart viser ei spesielt kort grense mellom Noreg og Sverige, og ei heller lang grense mellom Noreg og Finland. Ytst få som teikna opp Sverige og/eller Finland, har også teikna ei grense mellom Noreg og Russland. I dei andre tilfella flyt Noreg og Russland på kvar sitt kontinent, utan fastlandsforbinding.

Tabell 3: Hyppigheita over innteikning av Noreg med naboland (frå flest til færrest).

Land	<i>tal</i>	<i>prosent</i>	<i>av dei som leverte anna enn blankt</i>
Noreg	24	96	100,0
Russland	24	96	100,0
Sverige	21	84	87,5
Finland	15	60	62,5
Grønland	15	60	62,5
Island	13	52	54,2
Danmark	12	48	50,0
Svalbard	11	44	45,8

Halvparten av teikningane inneheldt eit av våre nærmaste naboland, Danmark. Dette er eit land Noreg har vore i union med, og i Sør-Norge ei av dei mest populære feriedestinasjonane for




nordmenn. I datasettet er det derimot fleire som har teikna inn Finland, ein av dei populære stadene nordmenn i Nord-Norge reiser til. Svalbard er også teikna inn på ein stor del av karta. Det vesle øyområdet høyrer til Noreg, men funnet er interessant med tanke på den nordlege og dermed relativt nære plasseringa i forhold til informantane. Til samanlikning, er det rett under to tredjedelar som har teikna opp Grønland, eit massivt landområde på vanlege kart. I dette datamaterialet har verdas største øy fått varierende merksemd. Like mange som teikna Grønland, har teikna Finland. Av store øyer i verda, er det berre Storbritannia som er teikna fleire gongar enn Grønland.

### 4.2.3 Dei historisk viktigaste stadene i verda

Figur 4 viser ei oversikt over alle stadene som blei markert med H – historisk viktigast. Nokre kart markerte fleire stadar, andre gjorde ikkje. Alle karta, som blei teikna på, markerte minst éin stad. Dei fleste stadnamna er namn på land, medan nokre er namn på byar eller områder. Med stad meiner eg her stadnamn på alle skalanivå, det inkluderer lokalnamm, by, land, område og verdsdelsnamn.

Av alle dei historisk viktigaste stadene informantane markerte, er det ei overvekt av stadar i Europa, der Tyskland og Frankrike er dei to viktigaste. Av alle stadene i verda er likevel USA rekna for å vere den viktigaste historiske staden totalt sett. Russland er den viktigaste staden i Asia. I Afrika er det heile kontinentet som er rekna for å vere den viktigaste staden, på likt nivå med Storbritannia, Danmark og Noreg. I Sør-Amerika er Brasil det viktigaste landet, same som Australia i Oseania.



Figur 4: Dei viktigaste historiske stadene i verda.

Slår ein saman bymarkeringane med tilhøyrande landmarkering, viser det seg at rangeringa av kven som har flest og færrest markeringar endrar seg. USA og Tyskland ligg framleis på topp, medan Noreg no ligg på tredjeplass. Deretter Russland, Frankrike, Danmark og Storbritannia. For utan Russland, som er på grensa, er dette alle europeiske land.

Ser ein vidare på fordelinga av markeringar i dei ulike verdsdelane, kjem det fram nokre store forskjellar. Tabell 4, under, viser at det for både klasse 1, 2 og samanstillt er meir enn dobbelt så mange markeringar i Europa enn nokon annan stad i verda. I samanstillinga er det like mange markeringar i Europa aleine, som heile resten av verda til saman.

Tabell 4: Dei historisk viktigaste stadene i verda, sortert i verdsdelar (tal i tal markeringar).

Rangert flest til færrest					
	Klasse 1		Klasse 2		Samanstillt
Europa	15	Europa	35	Europa	50
Asia	7	Asia	13	Asia	20
Afrika	4	Nord-Amerika	9	Nord-Amerika	12
Nord-Amerika	3	Afrika	6	Afrika	10
Sør-Amerika	1	Sør-Amerika	3	Sør-Amerika	4
Mellom-Amerika	0	Oseania	3	Oseania	3
Oseania	0	Mellom-Amerika	1	Mellom-Amerika	1
Polområdene	0	Polområdene	0	Polområdene	0

På landnivå er Russland saman med USA dei to mest hyppig nemnde historisk viktige stadane. USA er derimot meir detaljert i namngjevinga enn Russland, med to byar nemnd i motsetning til ingen. Det same med India, Japan, Kina, Tyskland, Canada, Brasil, land som er nemnd av ein god del informantar, men som ikkje har nokre andre staddetaljar. Forma på det nordamerikanske landet er også meir korrekt teikna inn enn det eurasiske, noko som går på den romlege forståinga av forholda til landa.

Ser ein derimot på hovudstadar, finnes der éin person som skreiv opp Sarajevo som ein viktig historisk stad (sjå vedlegg 5, s. 78). Sarajevo er kjend som staden der mellom anna første verdskrig starta. Ingen andre hovudstadar er nemnd som historisk viktigast, verken London, Washington, Berlin, Roma, Jerusalem, Kairo, Moskva, Cape Town, Tokyo, Beijing eller nokon annan. Oppgåva elevane fekk, bad informantane om å markere *dei viktigaste* historiske stadene i verda, der ikkje alle stader kan bli rekna som viktigast. Likevel, skulle ein kunne rekne med fleire hovudstadar som historisk viktige i eit dobbelt klassesett frå vidaregåande. Vidare, utan

å gå nærmare inn på dei historiske hendingane som har spelt seg ut i verdshovudstadane, og kva tyding desse stadene difor har hatt for historia, er dette fråværet verdt å legge merke til.


Av andre byar, er til dømes Rio de Janeiro og New York, som var to viktige hamnebyar under koloniseringa av Nord- og Sør-Amerika nemnd. Som kontrast har ingen hamnebyar på afrikansk eller europeisk side fått denne statusen. Til dømes kunne Praia, som hadde stor betydning for slavehandelen fram til 1870-talet, og som heilt fram til i dag har vore eit knutepunkt for sjøfart mellom Vest-Afrika og Sør-Amerika, fått same «historisk viktig»-status (Thuesen & Lundbo, 2021).

Det same gjeld Afrika som verdsdel og området Midtausten. Der er ikkje andre kontinentnamn enn Afrika og områdenamn enn Midtausten skrive inn som historisk viktig. Abstraksjonsnivået kan bety at informantane ikkje har kunnskap om avgjerande historiske hendingar i desse stadene av verda, det kan bety at dei ikkje reknar det for relevant, eller det kan bety at det i seg sjølv ikkje er viktig nok til at ein hugsar på det under ei oppgåve som dette. Det er også mogleg det ligg ein nøkkel i detaljnivået generelt i formidlinga til informantane av kva som er viktig.

Noreg og Storbritannia er i denne samanheng dei to landa som skil seg mest ut mellom kartteikningane. Storbritannia på sin side, var den mest teikna øyforma, og både England og Storbritannia er nemnd med namn innanfor både viktigast politisk, historisk og kulturelt. Skottland, London og Liverpool var også nemnd, men ikkje som historisk viktigast. Noreg var på den andre sida, representert med fleire øyar, byar og lokale stadnamn. Ettersom desse to landa er peikt på frå fleire vinklar, kan det verke som om informantane personleg har flest inntrykk hit, eller meiner dei er dei to viktigaste landa i verda. Dette til tross for at USA og Russland er namngjevne på fleire kart.

#### **4.2.4 Dei politisk viktigaste stadene i verda**

Figur 5 viser ei oversikt over alle stadene som blei markert med P – politisk viktigast. Nokre kart markerte fleire stadar, andre gjorde ikkje. Alle karta, som blei teikna på, markerte minst éin stad. Til forskjell frå historisk viktige stadar, har denne kategorien fått informantane til å markere fleire byar og hovudstadar. Desse ligg i vestleg del av Europa, eller i USA. For dei andre delane av verda er det anten nemnd namn på land- eller områdenivå.



Figur 5: Dei viktigaste politiske stadene i verda.

Noreg og Storbritannia er dei landa med flest nemnde stadnamn. Slår ein saman land- og bynamna hos dei og alle dei andre aktuelle landa, viser det seg ei endringa i toppen av dei viktigaste landa i verda (tabell 5 og 6). Særleg posisjonen for Frankrike og Noreg endra seg frå å vere gjennomsnittleg lågt rangert, til å vere blant topp 5 viktigaste politiske land i verda. Det interessante her er korleis dei tre landa som låg på toppen frå før ikkje også er detaljert markert, og dermed mister litt av forspranget.

Tabell 5: Alle politisk viktige stadnamn knytt til Storbritannia og Noreg.

Alle stadar knytt til Storbritannia			Alle stadar knytt til Noreg		
	<i>tal</i>	<i>prosent</i>		<i>tal</i>	<i>prosent</i>
Storbritannia	5	20	Oslo	3	12
England	2	8	Noreg	2	8
London	1	4	Svalbard	1	4
Total:	8	32	Total:	6	24

Tabell 6: Rangert landsoversikt over dei topp sju viktigaste politiske stadene i verda.

<b>Land: Rangering</b>					
før samanslåing	<i>tal</i>	<i>prosent</i>	etter samanslåing	<i>tal</i>	<i>prosent</i>
USA	16	64	USA	17	68
Russland	12	48	Russland	13	52
Kina	7	28	Storbritannia	8	32
Storbritannia	5	20	Kina	7	28
Tyskland	5	20	Norge	6	24
Frankrike	3	12	Tyskland	5	20
Norge	2	8	Frankrike	4	16


Sjølv om det berre er 3 kart i forskjell mellom klasse 1 og 2, er det ein vesentleg forskjell i tal markerte stadar mellom dei to klassesetta. Det påverkar likevel ikkje rangeringa av verdsdela, men skapar i dette tilfellet heller ein større forskjell mellom dei. Dersom ein til dømes ser på dei fem mest nemnde verdsdela til klasse 1 (tabell 9), er der 1 i differanse mellom første og andre plass, 2 mellom dei nest, og 6 mellom tredje og fjerdeplassen. For klasse 2, er der åtte i differanse mellom første og tredjeplass, og elleve mellom tredje og fjerdeplassen. Denne rangeringa viser at dei tre øvste verdsdelane er i eit anna sjikt enn dei neste. Samanslått er Europa og Asia like mange gongar nemnd. I denne kategorien er der også stor forskjell mellom verdsdelane i kor mange markeringar som er gjort. Som tabell 7 viser, er der stor forskjell mellom øvste og nedste halvdel med 22 til 32 for dei tre mest markerte verdsdelane og 0 fem 5 for dei neste.

Tabell 7: Dei viktigaste politiske stadane i verda sortert i verdsdelar (tal i tal markeringar).

<b>Rangering frå flest til færrest</b>					
	Klasse 1		Klasse 2		Samanstilling
Europa	10	Europa	22	Europa	32
Asia	9	Asia	23	Asia	32
Nord-Amerika	7	Nord-Amerika	15	Nord-Amerika	22
Afrika	1	Afrika	4	Afrika	5
Mellom-Amerika	0	Mellom-Amerika	1	Mellom-Amerika	1
Sør-Amerika	0	Oseania	1	Oseania	1
Oseania	0	Sør-Amerika	0	Sør-Amerika	0
Polområdene	0	Polområdene	0	Polområdene	0

#### 4.2.5 Dei kulturelt viktigaste stadene i verda

Figur 6 viser ei oversikt over alle stadene som blei markert med K – kulturelt viktigast. Nokre kart markerte fleire stadar, andre gjorde ikkje. Ikkje alle karta, som blei teikna på, markerte minst éin stad. Dei fleste stadnamna er namn på land, medan nokre er namn på byar eller områder. Det er stadnamna Kina (7 stk., 28%), USA (7 stk., 28%), India (5 stk., 20%) og Afrika (4 stk., 16%) som er dei hyppigaste markert som dei viktigaste kulturelle stadene i verda.



Figur 6: Dei viktigaste kulturelle stadene i verda.

Derimot, når ein ser vidare i datamaterialet, finn ein at Storbritannia og Noreg også her er land med fleire nemnde stadnamn. I utgangspunktet ligg Storbritannia på nivå med Japan, Nord-Noreg, Spania og England. Noreg ligg på nivået under, med berre to av 25 kart som peiker på landet som kulturelt viktig. Slår ein dei tilhøyrande stadene desse saman, sjå tabell 5 får ein ei annan rangering for dei viktigaste kulturelle stadene. Då blir rangeringa Kina, USA, Storbritannia, Noreg, India og Afrika. Storbritannia og Noreg er også dei einaste landa der fleire underordna stadnamn er nemnd på karta.

Tabell 8: Dei kulturelt viktigaste stadnamna innanfor Storbritannia og Noreg.

Stadsnamn innanfor Storbritannia:			Stadsnamn innanfor Noreg:		
	<i>tal</i>	<i>prosent</i>		<i>tal</i>	<i>prosent</i>
Storbritannia	3	12	Nord-Norge	3	12
England	3	12	Norge	2	8
Liverpool	1	4	Lillehammer	1	4
Totalt:	7	28	Totalt:	6	24

På same måte som ein kan slå saman stadnamn innanfor same land, kan ein slå saman stadnamn innanfor same verdsdel. Når Afrika er nemnd ovanfor, er det fordi staden er nemnd ved namn på same måte som Kina og USA. For full rangering av verdsdela sjå Tabell 6. Ingen andre stadnamn er nemnd på den afrikanske verdsdelen.

Tabell 9: Dei kulturelt viktigaste stadene i verda sortert i verdsdelar (tal i tal markeringar).


Rangering frå flest til færrest					
	Klasse 1		Klasse 2		Samanstilling
Asia	8	Europa	18	Europa	25
Europa	7	Asia	11	Asia	19
Nord-Amerika	7	Nord-Amerika	3	Nord-Amerika	10
Afrika	2	Afrika	2	Afrika	4
Sør-Amerika	1	Mellom-Amerika	2	Mellom-Amerika	2
Mellom-Amerika	0	Sør-Amerika	0	Sør-Amerika	1
Oseania	0	Oseania	0	Oseania	0
Polområdene	0	Polområdene	0	Polområdene	0

#### 4.2.6 Namngjevne stadar

Det er fleire kart som har inkludert stadnamn, som ikkje er gjeven status som viktig. I kraft av at dei likevel er nemnd, og gjeven fokus ut over kravet i oppgåva dei fekk, får desse stadnamna også ein status som viktig. Dette er bakgrunn for denne fjerde kategorien av stadnamn – namngjevne stadar.

Den fulle lista over stadnamn, både markert med H, K eller P eller ikkje markert, ligg på 74 stykk. Dei fleste stadnamna er namn på land, men det finnes også dømer på lokale stadnamn (td. Masi, i Nord-Noreg), byar (td. Narvik, Sarajevo og Liverpool), øyer (td. Bjørnøya og Grønland), samleomgrep (td. Balkan, Midtausten og Amerika) og verdsdel (td. Oseania og Antarktis).

Under, viser Figur 7 ei oversikt over alle stadnamna og kor mange gongar dei er nemnd av dei totalt 25 karta. Namna er lista opp etter verdsdel. Av dei 74 nemnde stadnamna, ligg 7 av dei i Nord-Amerika, 4 i Sør-Amerika, 3 i Latin-Amerika, 36 av dei i Europa, 3 av dei i Afrika, 15 i Asia, 3 i Oseania og 3 av dei høyrer til dei to polane. Dette viser at Europa utan tvil er mest detaljert, før Asia.



Figur 7: Alle nemnde stadnamn, og tal gongar nemnd.

Dei fleste stadene er nemnd éin, to eller tre gongar osv. Nokre få stadar er nemnd fleire enn 6 gongar. Dette er Sverige (8), Storbritannia (9), Tyskland og Noreg (11), Afrika og Kina (12), Russland (17) og USA med 19 nemnde gongar. Her skil «Afrika» seg ut. Sju av åtte namn er namn på land, medan det siste er namn på ein verdsdel. Samanliknar ein hyppigheita av verdsdelnamn får ein denne oversikta (sjå tabell 10). «Afrika» ligg langt over dei andre, med fleire gongar nemnd enn alle dei andre til saman.

Tabell 10: Nemnde verdsdelsnamn (frå flest til færrest).

Nemnde verdsdelsnamn	Tal	Prosent
<b>Afrika</b>	<b>12</b>	<b>4,6</b>
Sør-Amerika	3	1,2
Europa	3	1,2
Oseania	2	0,8
Nord-Amerika	1	0,4
Latin Amerika	1	0,4
Asia	1	0,4

På si annan side, dersom ein kategoriserer hyppigheita for nemning av dei ulike stadnamna, i dei respektive verdsdelane, (sjå tabell 11), fortsett rangeringa å vere den same som oversikta over dei 74 namna gjev. Dette på tross av at dei 4 mest markerte stadane ligg utanfor Europa.



Tabell 11: Skrivne stadnamn kategorisert i verdsdel (frå flest til færrest).

	Samanstilling	
	Tal	Prosent
Europa	110	42,5
Asia	62	23,9
Nord-Amerika	36	13,9
Afrika	19	7,3
Sør-Amerika	12	4,6
Oseania	9	3,5
Polområdene	8	3,1
Mellom-Amerika	3	1,2

Sør-Amerika er teikna inn meir detaljert enn Oseania og Afrika med tanke på form og landegrensar, men også når det kjem til ulike typar stadnamn. Med sine til saman 12 merka stadnamn, er verdsdelen merka med alle typane namn frå by til verdsdel. Det hyppigaste merka stadnamnet var «Brasil» med fem gonger. Oseania er merka med land- og verdsdelsnamn, til saman 9 merka stadnamn. Det hyppigaste er «Australia» med seks merker. Afrika, har 19 merka stadnamn, av same type som Oseania. Det hyppigaste stadnamnet av desse var «Afrika», 12 gonger. Drøfting av dette og resten av resultatane er lagt til kapittel 5.

### 4.3 FOKUSGRUPPEINTERVJU

Intervjuforma med fokusgrupper får fram samspel mellom informantar, inkludert fasilitator. Som anbefalt i Aase og Fossåskaret (2014) er fasilitator inkludert i analysen. Dialekta til informantane er stundom nærmare bokmål enn nynorsk, men det er sistnemnde som er målform i denne oppgåve, og difor også nytta i sitatføringa. Uttala er elles sitert som det blei sakt.

For å ordne dataa frå fokusgruppeintervjua, er framgangsmåten etter Rose (2007) nytta. Ved å lese gjennom intervjua fleire gongar danna det seg nokre samtaleemne som gjekk igjen. Hovudkategoriane for datamaterialet er ordna etter desse. Det viser seg som «Plikt til å hjelpe», «Andre sitt inntrykk av oss», «Konfliktsky nordmenn», «Utanrikshandel og politikk», «Land å vere turist i, og land å bu i - eller ikkje», og «Anna». Den vidare analysen er ført under kvar av dei respektive kategoriane, der ulike utsegn er analysert for meiningsinnhald.

#### 4.3.1 Plikt til å hjelpe

Første spørsmål til fokusgruppa var kva oppgåve den norske staten har i verda. Oskar svarte slik:

«Eg ville ikkje sagt at me hadde ein viss oppgåve som stat, men vi kan si det sånn at der er ein viss plikt. Som stat vil ikkje kvart land ha ei oppgåve dei må gjere, dei berre prøver å oppretthalde staten. Vi har det fint, vi har litt meir enn det vi treng. Vi har overskot, så da er det rettmessig at vi da også støtter andre land som utviklingsland».

Her legg han vekt på den moralske sida av rikdom, og at ved rikdom kjem ansvar. Det er noko han kjem tilbake til fleire gongar i samtalen, og som viser ei sterk rettferdssans. Seinare i intervjuet utdjupar han problemstillinga med:

«Man kan ikkje ha eit utviklingsland som støtter eit anna utviklingsland, det går ikkje bra. For då går begge eller i alle fall den eine i minus, og det skaper ikkje positiv vekst. Men om Noreg, som allereie er høgt oppe, støtter eit utviklingsland, ville det ha hjelpt utviklingslandet, men utan at det går på bekostning av folket. [...] Det er forsvarleg at me gjer det».

Rikke formidlar også eit inntrykk av Noreg som gjevarland i det ho seier at «Det er viktig for Noreg på ein måte å kanskje hjelpe opp litt andre land». Det viser ein tanke om at nokre land ligg nede, og treng å bli løfta opp av andre, og der Noreg er eit slikt land som gjer det. Desse to informantane er ikkje aleine om denne haldninga. Det blei også diskutert om staten og innbyggjarane hadde same ansvar, noko der var knytt ulike meiningar kring.

Informantane blei utfordra på kva som kunne ligge bak personleg gjevarglede. Dei svarar på dette med at det er noko ein likar, så derfor gjer ein det. Etter meir diskusjon kjem det fram at givarteneste blir oppfatta som ein plikt (også blant privatpersonar), andre seier det er rett å gjere det eller kan oppfattast som ein forventning ved overskot av pengar. Eit anna emne som blir nemnd er nordmenn som ganske konfliktsky. «Me vil ha alle på godsida» seier Rikke, «derfor driv vi og smiskar litt. For at me skal ha venner». Ole samtykker. Mia legg vidare til at ho trur det er både for deira og vår eigen del nordmenn gjev til utviklings- og nødhjelpsorganisasjonar, «det kjennes bra for oss å gje noko til dei som er bra for dei». Eit tredje punkt som blir teke fram er den korte historia Noreg har som «stort og rikt land». Det blir føreslått at «me veit korleis dei har det» og difor kan kjenne ekstra på gleda av å dele.

Samtidig, er det også sett spørsmålsteikn om me har for mykje pengar og ikkje veit å bruke dei på ein god måte.

- Ole: Noreg gav noko med 1 milliard kronar til eit russisk firma for at dei skulle nytte det for å redusere utsleppa sine. Veit du kva som skjedde?
- Mia: Utsleppa auka?
- Ole: Dei gjekk 1 milliard i overskot. Dei tok alt til seg sjølv. Det var ein negativ ting.
- Tom: Noreg gav pengar til Polen for at dei skulle bygge palass. Eg har ikkje satt meg inn i kvifor me gav dei pengane, men -
- Mia: Kanskje me har for mykje pengar?

Stundom viser elevane ei kritisk haldning til den statlege givargleda. For utan dømet ovanfor, stillar den eine eleven direkte, gjentakande spørsmål om ein trur at ein kan hjelpe heile verda og emne som fattigdom i Noreg blir teke opp som motpol til å skulle hjelpe andre når ein ikkje kan hjelpe sine egne innbyggjarar.

«Noreg, me framstiller oss som eit land som skal hjelpe alle saman, men eigentleg kan me ikkje det. Eit land kan ikkje hjelpe heile verda sant. [andre kjem med mm og ja]. Så det med at me har det systemet med at vi skal hjelpe andre land...» (Ole)

Rikke anerkjenner at eit land ikkje kan hjelpe alle, aleine, men at det aller viktigaste er at ein er med og bidreg. Mia legg til at det er betre å hjelpe nokre enn ingen. Sjølv om informantane nemner dømer der bistandsprosjekt har kollapsa eller blitt korrumpert, argumenterer dei for at det ikkje er noko alternativ å la være å gje støtte til andre land. Angående fattigdom, svarar nokre at ein må sjå på kven som er i gruppa under fattigdomsgrensa og kvifor dei er der, og der var brei einigheit i det. På denne måten opprettheld samtalen eit nivå av autoritet til viktigeita av å hjelpe andre lands innbyggjarar, som kan oppsummerast i at økonomisk støtte er og blir ein plikt ei nyrik, demokratisk, velfungerande velferdsstat skal utføre, særleg til land i utvikling.

#### **4.3.2 Andre sitt inntrykk av oss**

I løpet av fokusgruppeintervjuet kom det fram ein del utsegn knytt til korleis informantane har inntrykk av at andre ser på dei. Mellom anna meinte ein av dei at me blir sett på som eit førebilete i kampen for fornybar straum. Kanskje av liknande grunnar, meinte fleire at det på ingen måte ville sjå bra ut om landet bygde opp eit nytt atomkraftverk.

I skulesamanheng, er ikkje «Noreg [...] så mykje nemnd i dei fleste historiebøker i utlandet. Det er i så fall nemnd som Noreg-Danmark, knytt saman i same setning» sa Even. Vidare forklarte han at «Noreg, Sverige og Danmark har ofte vore gruppert saman, heilt tilbake til

vikingtida. Vi var rundt om i heile Europa». På spørsmål om denne tida har noko å seie i dag, svarar dei at det kan ha påverka kulturen til menneskjer, språk og relasjonar. Engelsk og romersk blir også trekt fram som viktige språkpåverkarar. Ørjan trakk også fram at «i historie [i Noreg], lærer ein meir om Amerika enn om eit sånt lite land i Afrika» og dei andre nikka. Informantane meinte også at politikarar har lettare for å følgje etter store land, som Amerika/USA og Frankrike enn «små», «gløynde» land som Noreg. Oppsummert kan ein sei at informantane meiner at små land blir lært mindre om, og har mindre påverking.

Enn om Noreg kan vere ukjend for mange, er i alle fall skandinavalar i møte med andre kjend for å vere glade, i følgje informantane.

Ørjan: Av det inntrykket eg har sett. Eg veit ikkje korleis det er over alt, men eg har inntrykk av at folk har eit ganske positivt inntrykk av folk i Skandinavia.

Even: Det er fordi me er rangert høgt oppe på skala.

Ørjan: Ja

Even: Me er jo glad fordi me er litt rik. Me er eit lite land som har hatt stor suksess

På dette stadiet undra eg på om informantane har vurdert rikdommen som noko som kan slå negativt ut. Oskar forklarar då at rike enkeltpersonar kan bli sett ned på, men når det gjeld ein

Oskar: ... diplomatisk føretrekt stat som Noreg er ikkje [rikdom] eigentleg eit problem sidan me er litt sånn sosialistisk, har blandingsøkonomi som deler ut til folket.

Ørjan: Alle får sin del?

Oskar: Ja, og så i tillegg sender vi støtte til andre land.

Fasilitator: ...så, den måten me behandlar våre innbyggjarane og det at me sender ut til andre, fordelar av overskotet vårt – får andre til å sjå betre på oss?

Alle bekrefta.

#### **4.3.3 Konfliktsky nordmenn**

Konfliktvegning er eit kjenneteikn på nordmenn i følgje informantane. Rikke kom med påstanden om at «me liker å vere litt sånn i midten. At me er litt sånn som løyser konflikten, men i alle fall ikkje den som startar den». Sjølv tok ho det opp med tanke på bistand og motivasjon for dette. Samtidig, i det andre intervjuet spelte det seg ut eit godt døme på

konfliktvegring i møte med dilemmaet produksjon av norsk olje og gass som ei økonomisk vinning, og samtidig miljømessig versting. Alle tre informantane unngjekk å svare på spørsmålet, men sa heller at:

Oskar: Det er ei komplisert problemstilling å svare på.

Ørjan: Eg veit ikkje heilt om eg skal gå inn på det.

Even: Det er vanskeleg å svare på.

Eit anna kjenneteikn på norsk oppførsel er å vere høfleg, meinte informantane. Dei la fram at når ein reiser på tur utanlands, må ein oppføre seg og vere høfleg mot dei ein møter og vise respekt for den kulturen ein kjem til. Eine informanten funderer på om nordmenn er så konfliktsky, at det er difor ein er så oppteken av å respektere dei ein møter på ferie. Dei andre i gruppa responderte med bekreftande utsegn. Samtidig, ser informantane litt ulikt på å vere ein kjend nordmann, og dersom ein er meir vanleg, utan kjendisstatus på noko vis. Dei meinte at den som er kjend har meir ansvar for å «å oppføre seg greitt», uavhengig om du er artist, og spesielt om du er politiskar.

#### **4.3.4 Utanrikshandel og -politikk**

På spørsmålet om kva som er oppgåva til den norske staten i verda, spora den første fokusgruppa rett inn på Noreg som hjelper andre land. Den andre gruppa starta med å svare at «eksport og import er veldig viktig for verdssamfunnet sånn den fungerer akkurat no» (Even). Til dømes «fisk og ein god del olje». Etter vidare diskusjon i gruppa, sa Ørjan det på denne måten: «Me er eit lite land. Me har ikkje så store krav. I forhold til store land». Her blei det vidare nemnd USA som eit land med stor marknad og at dette landet difor var ein vesentleg mykje større marknadskraft enn Noreg.

Norske eigarar av selskap registrert i utlandet var sett ned på, av informantane, med tanke på moglege skatteparadis og førestillingar om unnasluntring når det gjeld arbeidarane sine lønningar, arbeidsvilkår og miljøutslepp. Even meinte at einaste fordelene for arbeidarane var at dei i alle fall hadde ein jobb, og der kunne bli bygd vegar i forbindelse med prosjekta. Både Kina og «bananrepublikkar» blei teke fram som døme på stadar som hadde lidd under norske forretningsforbindingar. At Noreg også tener pengar på og har ein del kontroll over oljefelt utanfor eigen sokkel, var ukjend for halvparten.

Opplevinga til Ørjan av vere del av eit lite land, blir kanskje spegla eit anna utdrag av fokusgruppe-intervjuet:

Oskar: me er stabil. Me er eit fritt land. Som Sveits. Nøytral. Ikkje problematisk.

Even: Det største problemet er vel kanskje at me er med i NATO, og Russland grenser til oss. Det er vel den største verstinga, men elles ikkje så mykje.

Ørjan: men me har eit heilt Finland som ligg i vegen, så det går fint.

Det verkar ikkje som om informantane har andre store bekymringar enn eventuell krig med Russland. Sannsynet for ein invasjon blei diskutert litt vidare, men det blei konkludert at Noreg nok ikkje var verken første- eller andremålet dersom det skulle bli krig mellom Russland og NATO. Dei verka rett og slett trygg for Russland og krig. Dette fokusgruppeintervjua var gjennomført kort tid før Russland invaderte Ukraina.

#### **4.3.5 Land å vere turist i, og land å bu i - eller ikkje**

I følgje informantane skal «Syden» vere ein plass å slappe av, ete is og ligge på stranda. Det skal vere trygt, litt varmare, litt reinare, litt billigare, og gjerne europeisk om du ikkje reiser til eksotiske land som Thailand. Opplevingar kan ein gjere i England, Sveits og Tyskland, men desse landa er ikkje «Syden». Derimot blendar nordmenn inn, så folk ikkje ser like lett at du er turist.

«Eg trur nordmenn reiser mest til europeiske (destinasjonar), fordi eg trur me liker at det ikkje er for framand heller. Me er veldig glad i kulturen vår og sånn der ting. Eg trur me held oss i Europa fordi dei landa veit me mest om. [...] Me kjenner kulturen deira, og veit litt kva me får når me kjem dit. Og dei veit ein del om kven me er. Me har forventingar til både deira kultur og motsett. Derfor trur eg me reiser til dei nærmaste landa. Og der er kanskje også litt meir velferd» (Rikke).

Det kjem fram vidare i samtalen at med europeiske land, er det dei europeiske landa i vest Rikke meiner. Av land dei knytte til turisme og ferie, blei Dubai trekt fram som døme på stad ein ikkje skulle reise til, på grunn av at dei hadde lest om dårleg behandling av arbeidsinnvandrarak. Dei ville ikkje støtte ein stad som det, sjølv om dei meinte at 90% av menneska der var turistar.


«Sånn som me, har jo moglegheit til å sjekke opp litt, og så ikkje dra til dei dårlegaste plassane der dei behandlar folket sitt dårleg. At me heller støtter det som er bra. At me ikkje støtter kvinneundertrykking og såne der dårlege ting» (Mia).

«Såne som me», er ikkje kven som helst, men ei gruppe Mia har ei tydeleg forventning om større innsikt. Ut frå dette kan ein trekke ut at det ligg støtteerklæring i reising til stadar, og med

støtteerklæringar ligg ansvar som ein kan velje å ta. Ferietur er ein ting, men det å vere fødd ein stad er noko anna. På spørsmålet kvar dei ikkje kunne tenkt seg å bli fødd, kom svara raskt: Nord-Korea, Nord-Korea, Kina, «fattige land generelt», Kina, «kanskje India...», USA.

«USA er morosamt å tenkje på. Det er eit stort sett greitt land. Dei har enkelte problem, ganske store problem i grunn, men ikkje så store problem som stor grad av brot på menneskerettane. [...] Eg ville heller budd i Amerika enn der du blir drepen for å sei ‘eg likar Erna Solberg, eg er glad for at ho blei president’. Detter her går på geografien, folkens, Maslow’s behovspyramide» (Ørjan).

Ut ifrå den siste kommentaren, kan ein tolke at dei har lært om den hierarkiske framstillinga til Abraham Maslow, sjå Figur 8, i ein skuletime. Oskar sa han ønska å bu i eit land som oppfylte pyramiden, og som ikkje hadde engelsk som hovudmål. Dei andre i fokusgruppeintervjuet der var einige. Alternative stadar informantane såg for seg å bu kunne vere til dømes franskspråkleg Canada, Luxemburg, Nederland, Sveits, Skandinavia eller Island.



Figur 8: Maslow sin behovspyramide. Kjelde: Rosland (2021).

#### 4.3.6 Anna

Utdanning utanfor Noreg kan vise både gledeleg engasjement, som kompisen som skulle på utveksling, og få fram forskjellstenking, som fråsegna «Du kan ikkje vege opp utdanninga deira (afghanske kvinner sin) med den norske innanfor lege. Sånn er det jo». Kvifor det var sånn, visste ikkje vedkommande, og den bestemte meininga endra seg litt i det han sa at «eg ville framleis sett på dei som legar, og respektert dei like mykje».

## 5 DRØFTING

---

Hovudspørsmålet i denne oppgåva er «kva romleg forståing eit utval vg1-elevar har av verda, og korleis dei ser på Noreg sin rolle på den globale arenaen». Drøftingskapittelet er delt i tre, der første del er ei drøfting av kva elevane vektlegg som historisk, politisk og kulturelt viktige områder i verda. Andre del omhandlar korleis elevane forstår Noreg si rolle på den globale arenaen. Kartteikningane og fokusgruppeintervjua vil kvar for seg bli brukt til å diskutere del ein og to av problemstillingane opp mot teori. Tredje og siste del av drøftinga tek opp trianguleringa av det kvantitative og kvalitative datamaterialet, og vil diskutere hovudproblemstillinga. Då blir det sett meir på dynamikken mellom dei ulike svardata.

### 5.1 PROBLEMSTILLING 1: KVA VEKTELEGG ELEVANE SOM HISTORISK, POLITISK OG KULTURELT VIKTIGE OMRÅDER I VERDA?

Kart er i seg sjølv avanserte kommunikasjonssystem som formidlar både medvitne og umedvitne haldningar (Reinhartz, 2012, s. xiii), haldningar som er forma av ytre og indre lærdom. Denne dannelsesprosessen er ikkje ferdig ved undersøkingstidspunktet. Forskinga er derimot ei undervegsundersøking for å sjå på kva mentale bilete som finnes hos informantane. I drøftinga under, blir det difor sett på kva førestillingar informantane hadde vinteren 2022.

Generelt frå analysen viser det seg at informantane i stor grad teikna typiske europasentrerte kart som i svært stor grad liknar karta nytta i Europa sidan slutten av 15-hundretallet. Med Harwood og Rawlings (2001) sine funn i bakhand, er ikkje dette overraskande. Det kan på den eine sida samanliknast med Wood (1992) forklaring på korleis ein veit at jorda er rund – ein har lært det. Det er ikkje noko ein har opplevd eller funne ut på eige hand, det er noko samfunnet har lært oss (s.6). På same måte, kan informantane ha lært at verda må ha den forma dei har sett før, dersom den skal teiknast på eit A4-ark. Forutan dei få informantane som teikna ein 3D-versjon av ei rund jordklode, og dei som teikna abstrakte kart, teikna resten fasongar som likna på kvarandre. Fleire av informantane kommenterte ved starten av oppgåva at dei ikkje visst kvar dei skulle byrje, eller korleis dei skulle få det til. Dette kan vere eit uttrykk for at dei trur det finnes ein «korrekt» måte å gjere det på, eller at dei blir usikre ettersom dei ikkje har øvd i forkant. Den eine eleven som leverte blankt, formidla tydeleg stress og usikkerheit. Kombinert med det generelle presset for å få det til «riktig», fekk ikkje eleven til å teikne noko.



Av nabolanda til Noreg, ser ein i analysen av landformene at Finland er noko mindre representert enn Sverige. Det er litt overraskande ettersom Finland ligg fysisk nærmare informantane i denne casen enn Sverige. Eine kommentaren i fokusgruppeintervjuet illustrerer likevel ei medviten haldning til landet då det var sagt «me har eit heilt Finland som ligg i vegen» mellom dei og Russland. Eit av karta viser ei veldig mykje lengre landegrense mellom Finland og Noreg enn Sverige og Noreg, noko som i realiteten ikkje stemmer, men som kan illustrere den romlege opplevinga hos informanten. På enkelte kart er Sverige ikkje med i det heile, noko som talar for at Finland likevel kan ligge nærmare mentalt hos ein del informantar enn Sverige.

Like mange som har teikna inn landet Danmark, har teikna inn Svalbard-øyene i Barentshavet. Det er også skriva inn detaljerte stadnamn på Svalbard i kontrast til Danmark. Det verkar difor som om denne øygruppa er særleg viktig for informantane i nord. Cresswell (2004, s. 8) uttrykkar at «stadar har rom mellom seg», og det er dette «mellomrommet» som avgjer om stadane blir opplevd som nærme eller langt vekke. Ut frå døma Finland og Svalbard, kan det verke som det geografisk nærmaste området, kan samsvare med det romlege mentale biletet. Dette dømet viser også at den romlege forståinga hos informantane er tilsvarande avvikande frå verkelegheita for stadar som er lengre vekke.

Hierarkiske konstruksjonar, som skala (Eidsvik et al., 2019), er også mentale. I mange samanhengar er det det breiaste omgrepet, det som rommar mest, som er på toppen. Når det kjem til kva som er viktigast for folk, kan ein snu denne skalaen på hovudet, og sei at det som er av den minste eininga, her by eller lokalnamn, er den mest verdifulle og står på toppen (Cresswell, 2004, s. 9). Dess meir detaljert og variert eit (sjølv)biletet er, dess lettare har det også for å ikkje bli ein førehandsdom (Musial, 1998). Dette hierarkiet er noko som skal vise seg å gå igjen i alle dei tre kategoriane av viktige stadar.

### **5.1.1 Historisk viktigast**

Ved første augnekast ser det ut til at USA er det historiske midtpunktet i følgje informantane. Trekk ein derimot inn skalaomgrepet på verdsdelsnivå, teiknar det seg ein annan trend. Med like mange markerte stadar i Europa aleine, som i heile resten av verda er det eit overveldande fleirtal, og ein heilt klar trend peikande på Europa som eit historisk midtpunkt. Både USA og Europa er rekna som vesten, som i typisk postkolonial teori er rekna som dei som konstruerer hegemoni i historia (Said, 2018). I denne samanheng er det også meir forståeleg at det afrikanske området i stor grad går under namnet «Afrika», som ein Annan. Blant dei historisk viktigaste stadene er likevel Sør-Afrika nemnd. Landet er kjend som ein stad der kolonitida sine

spor har vore utkjempa, og sidan har forbetra sjølvbiletet sitt gjennom økonomisk og politisk utvikling (Anholt, 2010, s. 50). At namnet er nemnd opptil fleire gonger, er ei positivt retning mot ei avkolonialisert romlege forståinga av verdsdelen hos informantane i casen.

På ei annan side forklarar ikkje postkolonial teori kvifor Russland også er rekna for å vere blant dei viktigaste historiske stadene. Saman med markeringa av mellom andre Sarajevo, Tyskland, Storbritannia, Polen og Japan er det meir sannsynleg at undervisning av første og annan verdskrig er årsaka til fordelinga av dei historisk viktige stadene. I så fall er historiemedvitet av desse krigane sterkt representert i den romeleg forståinga til informantane. Det er mogleg at det også er ein kombinasjon. Uansett, med tanke på fokuset på verdskrigane i LK06, er det ikkje usannsynleg at denne sistnemnde forklaringa også kan gjelde for ei større mengde norsk ungdom utanfor casen.

Stadnamn som berre er nemnd 1 gong har eg vore forsiktig med å utforske som funn. Sarajevo blei eksplisitt nemnd med merkelappen «skuddet i Sarajevo», så det er klart kva som var meint med den markeringa. Derimot kan stader som Vietnam og Israel som berre er nemnd 1 gong, i denne samanheng nesten heller blir sett på som om det ikkje fekk merksemd i det heile. Blant mange manglande, avgjerande historiske stadar, er desse blant dei som av mange grunnar kan seiast å mangle i medvitet eller prioriteringane hos informantane. LK06 skal ha gjeve informantane evne til å analysere og drøfte historiske samfunnsspørsmål, og identifisere og diskutere ulike maktrelasjonar. Sjølv om ein del forståing blir identifisert, er det ikkje ein utbreidd kvalifisert romleg oppfatning verda til stades i kartteikningane.

### **5.1.2 Politisk viktigast**

I det politiske feltet av kartteikningane til informantane, viser det seg at dei fem av dei sju politisk viktigaste stadene i verda, er dei same landa som har fast sete i FN sitt sikkerheitsråd. Noreg, eit av dei to resterande, sit ved undersøkingstidspunktet også midlertidig i dette rådet. Denne posisjonen gjev land ekstra stor politisk innflytelse i verda. Fordelinga av dei 10 midlertidige medlemmene i sikkerheitsrådet er normalt fordelt på denne måten: fem land frå Asia og Afrika, to frå Latin-Amerika og Karibia, to frå «Vest-Europa og andre» (Australia, Canada og New Zealand), og eitt frå Aust-Europa (FN-sambandet, 2020).

Blant kartdataa er ingen stadnamn merka med «politisk viktigaste» nemnd i Sør-Amerika, eit stadnamn er nemnd i Mellom-Amerika og eit i Oseania. «By»-detaljane som finnes ligg i Vest-Europa, og dei fleste namna elles er i Europa, Nord-Amerika og Asia. Dette skiljet minner sterkt om påstanden til Tvedt (2003, s. 310) om at store delar av verda blir lagt i same «diskurs-hatt»

utan vidare moglegheit til å få vurdere forskjellane mellom den eine eller andre staden. På den andre sida, er kan fenomenet med FN/eurosentrisk politisk viktighet også bli sett på som ei postkolonial haldning der dei tidlegare koloniherrane også er dei som i dag blir rekna for å inneha maktsentera. Det er noko av dette verdsbilete mellom andre McEwan (2003) oppmodar geografifaget til å utfordre (s. 345).

### **5.1.3 Kulturelt viktigast**

Blant karta, er dei høgast rangerte kulturelle stadene USA og Kina, med 7 markeringar kvar. Dette er den einaste kategorien der Kina og USA ligg likt. Dei ligg fleire gongar nærme kvarandre, men USA er meir representert enn Kina kvar gong. Av dei kulturelt viktigaste stadane i verda derimot, meiner informantane at desse to landa er like viktige. Det kan på den eine sida bli sett på som ei dreining frå eit postkolonialt perspektiv mot eit meir moderne perspektiv, samtidig som Kina som ein hovudsakeleg kulturell stad kan bli oppfatta som ein tydeleg postkolonial diskurs (Anholt, 2010, s. 82; Said, 2018). Likevel er Kina eit av landa dei fleste informantane har teikna inn, og markert hyppig også i andre kategoriar. Her er det ganske likt med USA. Desse døma peikar mot ei meir medvite romleg forhold til begge landa.

India scora i dei føregåande kategoriane historisk og politisk viktig, vesentleg lågare enn i denne kategorien. Som ein av dei viktigaste kulturelle stadene, viser det også at kultur er det viktigaste kjenneteiknet på den indiske staten i følge informantane. Det er vanskeleg å sei kva informantane legg i India som «kulturelt viktigast» berre basert på kartteikningane. Anholt (2010) skriv om India i sin eigen forskning. Landet for tida har eit sjølvbilete som står og vipper mellom ein stad for turisme og kultur på den eine sida, og velferd og fattigdom på den andre sida (s. 82). Førestillinga av dette landet kan også vere prega av ein ide om det fargerike og eksotiske, utan at det i denne casen kan bli slått fast med sikkerheit. India viser seg samtidig å ikkje vere aleine om å ha ein hovudsakeleg kulturell førestilling knytt til seg. Spania utmerka seg også på denne måten, som ein spesielt kulturell viktig stad i samanlikning med historisk og politisk viktighet. Emne «Spania» blir meir utfyllande diskutert i tredje del av drøftinga.

Sjølv om USA og Kina er dei områda med flest markeringar på landnivå, er Storbritannia og Noreg dei mest detaljerte områda. Det fører til at desse to landa tangerer toppen framfor India og Afrika. Stadene i Noreg markert kulturelt viktigast er mellom andre Lillehammer, OL-byen frå 1994, og Nord-Noreg, området informantane sjølv bur i. Nord-Norge er eksplisitt nemnd som ein kulturelt viktig stad fleire gongar enn Noreg som heilheit. Det kan signalisere ønske om framheve sitt eige nærområde som viktig ikkje berre for dei sjølve, men også i den store

samanhengen. Ettersom dei sjølv kjenner nordleg del av Noreg betre enn sørleg, handlar dette også om kjent-ukjent-relasjonen der det kjende blir opplevd viktigare enn det u- eller mindre kjende (Cresswell, 2004, s. 8).

#### **5.1.4 Dei minst representerte**

I postkolonial teori er det ekstra fokus på dei som er ignorert, eller utelete (McEwan, 2019). I dette datamaterialet liknar Sør-Amerika, Afrika og Oseania i stor grad på kvarandre. Dei er alle tre minst, og til dels ikkje representert i dei ovanfor nemnde kategoriane av dei viktigaste stadene. Abstraksjonsnivået for alle tre verdsdelane er også vesentleg høgare enn den resterande delen av verda. For å undersøkje desse har eg vald å sjå nærmare på skalanivåa innanfor kvar av kategoriane. Her ligg det nokre forskjellar mellom den sør-amerikanske, oseaniske og afrikanske verdsdelen, der den førstnemnde har eit høgare detaljnivå enn dei andre to.

Sør-Amerika er meir detaljert, med både by, land, verdsdelsnamn og områdenamn, noko som i mange tilfelle er eit uttrykk for kjennskap til og oppleving av nærleik og relevans. Likevel viser teikningane eit bilete av Sør-Amerika som hovudsakeleg Brasil og Argentina, samt ein del tre av verdsdelen utan noko nokre fleire detaljar. Oseania derimot, er prega av kontrasten mellom det store tomrommet i Stillehavet og Australia som er teikna inn på så godt som alle karta. På tross av at Australia førekjem såpass ofte, finnes der, i følgje informantane, ingen viktige nok stadar i landet til å markere det meir detaljert. Forutan éin person som teikna inn Hawaii, var Stillehavet eit «blankt» område på alle kartteikningane. Ut frå dette datamaterialet verkar det som om informantane ikkje er meir medvitne land og øygrupper aust for New Zealand og vest for Chile. Anholt (2010) skriv at land ein ikkje veit kvar er, blir automatisk mentalt langt vekke, og vil fortsetje å vere langt vekke om ikkje noko drastisk skjer med førestillinga om dei. I tillegg skriv Cresswell (2004, s. 10) at land som generelt ikkje er representert eller ignorert står i fare for å bli heilt usynlege.

Når ein ser på typer stadnamna er den største forskjellen, nemninga av verdsdelsnamnet «Afrika». Fleire gongar skil dette seg ut på oversiktene over både historisk, politisk og kulturelt. Det afrikanske kontinentet ser difor ut til å vere viktig for mange av informantane, sjølv om detaljnivået er svært lågt, og den romlege forståinga for mangfaldet ikkje er spesielt merkbar.

Som vist i 2.4, uttrykkar både mentale og fysiske kart romlege forståingar hos informanten. I eit postkolonialt perspektiv er det difor problematisk at dei fleste karta informantane laga både liknar og ser ut til å ta utgangspunkt i dei same karta som imperialistane på 18- og 19-hundretalet gjorde. Når dei romlege forståingane samtidig er «blanke» i den grad dei er, er der

større rom for alternative sanningar, danning og bevaring av urealistiske stereotypiar og forventingar (Dahl, 1995, s. 65).

Ein kan argumentere for at ikkje alle land og kulturar er like relevant å lære om for nordmenn i skulen, så det er greitt som det er no. Læreplanen har derimot uttrykt noko anna. Den har, som nemnd, mål at elevane skal kunne trekke avanserte slutningar knytt til geopolitiske konflikter og samarbeid. Wetlesen og Eie (2019) uttrykker at oppdraget til geografifaget er nettopp å gje elevar evna til å tenke kritisk kring kart, ressursar og så vidare. Dei er i tillegg oppteken av at ein må gjere undervisninga relevant, med overførbare ferdigheiter. Wood (1992, s. 14) skriv også at mentale kart, utvikla av alle erfaringar i livet, er i denne samanheng minst like viktig for slutningar som blir tekne, som fysiske kart. Undersøkingane til Øverall (2016) og Haga (2011) viser det same.

## **5.2 PROBLEMSTILLING 2: KORLEIS FORSTÅR ELEVANE NOREG SI ROLLE PÅ DEN GLOBALE ARENAEN?**

Fokusgruppeintervju får fram sjargong, samstemmigheit og ueinigheit mellom informantane, noko som i dette datamaterialet viste at informantane i stor grad er oppteken av verda. Dei var også ivrige etter å korrigere kvarandre og fullføre kvarandre sine setningar for å få fram eit mest mogleg tilfredsstillande bilete (Halkier, 2010). Gjennom samtalane kom der fram eit bilete av kva det vil seie å vere norsk og Noreg i møte med resten av verda.

Biletet, eller førestillinga som blir teikna av Noreg, bygd opp og bryte ned av kvar enkelt innbyggjar i møte med menneskjer frå andre nasjonalitetar gjennom turisme eller jobbsamanheng, gjennom prestasjonar i sport eller innlegg på internett (Anholt, 2003). Informantane sjølv uttrykka at det var uhyre viktig for kjende personlegdommar å oppføre seg høfleg i utlandet, for dei hadde stor påverking, og at dei sjølv hadde lite å seie. Likevel, var det viktig for dei at også dei var respektfulle i møte med andre kulturar. I følgje Anholt (2010), er dette godt for å holde på det gode biletet utanlands, men også for å holde på ein god autostereotyp (Musial, 1998).

Av det som blei uttrykka eksplisitt, var informantane ganske klare på at dei såg ikkje for seg at Noreg var eit land andre land såg opp til eller lærte om. Noreg blei sett i samanheng med til dømes Danmark i historietimen, og verke typisk norsk mat eller vikingtida var ikkje så relevant å snakke om, meinte dei. Saman med mindre kommentarar undervegs, verka det ikkje på dei

som at Noreg var eit land med ei stor rolle i verda. Likevel, var dei einige i at Noreg hadde ei rolle enn om den ikkje er så stor, og under kjem ei drøfting av kva det var.

### **5.2.1 Rolla som bistandsland**

Eit av temaa informantane var samstemde i, var at Noreg, som eit rikt, demokratisk land har plikt til å hjelpe fattigare land både økonomisk, i demokratibygging og etablering av infrastruktur. «Noreg, me framstiller oss som eit land som skal hjelpe alle saman», sa Ole. Sjølv om dei var kritiske til om bistandspengar alltid enda i riktige hender, var dei einige i at gjevarprinsippet er riktig. Sjølv forklarte dei det med at nordmenn er konfliktsky, og difor gjev til andre for å halde dei på «godsida». Samtidig, som dei påpeika at der finnes eit system Noreg har, som fører til hjelpediskursen. Tvedt (2005) skildrar nordmenn som eit produkt av eit «godleiksregime», og at informantane difor ikkje sjølve har vald å meine at ein skal gje pengar.

Ideen om bistand for «utvikling», og kven som treng å bli utvikla er ikkje blitt til i eit vakuum, men er del av ein utviklingsindustri bygd på makt og asymmetriske relasjonar (McEwan, 2009, s. 331). Tvedt (2003) kommenterte ei av konsekvensane av bistand- og utviklingspolitikken i Noreg nokre år tidlegare. Då skreiv han at det offentlege, norske samfunnet har blitt utsett for ei danning til å «putte alle land i Afrika, Asia og Latin-Amerika i en hatt, enten som utviklingsland eller «sør», og dermed redusert evnen til å forstå og analysere de avgrunnsdype forskjellene mellom land som Saudi Arabia og Nepal, eller Botswana og Brasil» (Tvedt, 2003, s. 310). Desse funna samsvarar med Dorius og Swindle (2019) sine funn kring mentale bilete og bistandsspråk.

På tross av at informantane og Tvedt har ulike forklaringar til kvifor nordmenn kan oppleve bistand som rett og viktig, er resultatet det same. Det blir opplevd som ei plikt for nordmenn å gje, og ein skal gje til dei som er «svakare» enn seg sjølv. Denne sterke overtydinga er viktig å utfordre innanfor trygge rammer, for å skape ei meir medviten og dynamisk haldning til seg sjølv og andre (Dahl, 2013, s. 68). I tillegg til, å unngå ei vidare geografisk danning av nordmenn med redusert evne til å forstå forskjell på stadar i den globaliserte verda dei lev i.

### **5.2.2 Stillesitter i miljøbåten**

I fokusgruppeintervjua kom ein inn på temaet olje og gassutvinning. På spørsmålet om ein burde fortsetje utvinninga fordi det er ei viktig økonomisk inntektskjelde, eller om ein burde slutte fordi det er eit klimatisk kjempeproblem, var svara unnvikande. Eine informanten sa at

dersom ikkje me hentar opp og produserer, gjer nokon andre det, så det er berre til å fortsetje. Elles var det ganske stille. Sjølv informantane som elles var ivrige til å svare og snakke, sa dei ikkje ønska å ta stilling til det, eller synst det var eit for komplisert spørsmål. Ikkje alle i samtalen var klar over at Noreg i tillegg har produksjon i fleire andre land i verda. Den andre fokusgruppa nemnde fleire gongar at nordmenn er konfliktsky, og det var kanskje nettopp dette som utspelte seg. Denne autostereotypen kan i dette tilfellet vise seg å stemme for informantgruppa.

Noreg var nemnd som eit land med mykje ressursar til straumproduksjon, og at det var veldig bra at denne produksjonen var miljøvennleg. Derimot såg dei ikkje for seg at andre land fylde etter Noreg i kampen for rein energi. Likevel, verka det som om førestillinga om Noreg som eit trygt og miljøvennleg land var viktig å ta vare på for informantane. Dei ikkje såg for seg å byggje atomkraftverk ettersom dei meinte det har så dårleg omdømme.

### 5.2.3 Dei gode

Eit anna emne som også ser ut til å vere ei einigheit kring, men som ikkje var så eksplisitt uttrykt, handlar om «sånne som me». Kven dei reknar for å vere som seg sjølv er litt uvisst. I konteksten kan det vere nordmenn, nordlendingar eller ungdommar som går i vidaregåande, ein kombinasjon eller noko anna. Dei er ein gjeng av ‘oss’ som «veit korleis dei har det», og difor, som nemnd, kan kjenne ekstra på gleda av å dele. Det ‘oss’ som er referert til, er satt i kontrast til ein type mindre opplyst, «kvinne-undertrykkande» og «dårleg» dei.

I det siste her, ligg eit anslag av Annangjerande ordbruk. Det blir laga eit karikert bilete av «dei der borte, som er annleis enn oss, og som gjer ting på ein dårleg måte». Samtidig blir dette tilsynelatande utfordra av den brå responsen på spørsmålet om norske bedriftsleiarar oppfører seg like bra i utlandet som heime. «Nei», kom det kjapt tilbake. Ein oppfølgande kommentar om at norske bedriftseigarar behandlar utanlandske arbeidarar uetisk, og det einaste gode for arbeidarane var at dei i alle fall fekk ein jobb. Der informanten forklarte fordelene av bedrifta, viste han samstundes fram ei mindre tru på at landet til arbeidstakarane budde i eit bra land frå før, enn om han ikkje hadde nemnd den siste kommentaren. Igjen, viser dette ei hierarkisk forståing av Noreg som eit betre land, og at sjølv når nordmenn oppfører seg dårleg, er det framleis til fordel for andre.

Informantane snakka om nordmenn som betre enn andre på fleire måtar. Ei side var «oss» som ikkje undertrykker kvinner, ei annan side var Noreg som rangerer høgt på «Human Development»-indeksen (FN-sambandet, 2022). Informantane fortalde dei hadde inntrykk av,

at andre hadde ei førestillinga om glade skandinavarar, og nordmenn som glade på grunn av velferd og rikdom. Altså, at det i utlandet fantes ei xenostereotyp av glade, smårike nordmenn i det glade Skandinavia. Dessutan støtta informantane klassekameraten sin i det han skildra Noreg som ein «diplomatisk føretrekt stat». Førestillinga om Noreg som eit føregangsland med tanke på økonomisk og demokratisk styring, viste seg i diskusjonen om kvifor Noreg burde gje bistand til andre. I tillegg, kom denne positivt lada førestillinga indirekte fram i samtalen om kvar dei kunne tenke seg eller ikkje å bli fødd. Den føretrekte staden dei skildra minner i stor grad om Noreg. Oppsummert, verka det som dei var svært nøgd med landet sitt, og korleis dei oppfatta andre såg på det.

### **5.3 SAMANSTILLING: KVA ROMLEG FORSTÅING EIT UTVAL VG1-ELEVAR HAR AV VERDA, OG KORLEIS DEI SER PÅ NOREG SIN ROLLE PÅ DEN GLOBALE ARENAEN?**

Ser ein dei to datasetta frå kartteikningane og fokusgruppeintervjua saman, kan ein utforske hovudproblemstillinga. I denne tredje delen av drøftingskapittelet blir temaet «Syden», kva som skjer med dei «blanke» områda på kartteikningane og til slutt ei inngående samanlikning av førestillingane av Kina og Storbritannia hos informantane.

#### **5.3.1 «Sydenreisande»**

I fokusgruppeintervjuet blei konseptet «Syden» trekt fram, og omtala som ein utelatande positiv stad. Land som Spania og Italia blei eksplisitt nemnd, medan land i Aust-Europa, som til dømes Bulgaria, ikkje blei nemnd før fasilitator spurde om dette også kunne bli rekna som eit «Sydenland». Det blei bekrefta, men var ikkje blant stadene informantane sjølv tenkte på i denne kategorien. Døving (2011, s. 20) skriv om staden «Syden» at det er litt forskjellig frå person til person kvar dette området er, men at det har til felles å vere ei overvekt av turistar der og at ein reiser dit for å oppleve sol og bad.

På karta var Italia og Spania nokre av dei landa flest informantar teikna inn. 5 hadde skrive inn Italia + 1 Roma, 6 hadde skrive inn Spania + 2 Gran Canaria. Gran Canaria var i tillegg teikna inn på 3 ulike kart som ikkje nemnde staden med namn. På den andre var sida, Bulgaria, Svartehavet og den inste delen av Middelhavet anten ikkje-eksisterande eller lite detaljert. 3 hadde skrive inn Balkan som område, i tillegg til 1 Sarajevo, 1 Hellas, 1 Tyrkia. Kreta var teikna inn på 3 ulike kart. Det over seksti år gamle reisebyrået Ving, har saman med fleire andre stor



reisearrangørar i Noreg dei seinare åra utvida katalogen sin (Ving, 2022), og Døving (2011) skriv også om utvidinga av tal «Syden»-stadar, men hos informantane heng framleis mange av dei tidlege assosiasjonane til «Syden»-land ved.

Austeupeiske land, som Bulgaria til dømes, var underlagt Sovjetisk kontroll under Sovjet-imperiet, og andre imperium i tida før det (Tvedt, 2020, s. 190), noko som kan medverke til at Aust-Europa er ein mindre medviten del av informantane sin merksemd for eigne statar. Wood (1992) skriv at kart fører saman fortid og notid med lag av kunnskap og oppdagingar, som er nedskriven i kvart enkelt kart gjennom historia (s.8). Så sjølv om ein anerkjenner at landa eksisterer, kan ein framleis vere meir oppteken av den større «eks-koloniherrn» enn dei frigjevne, mindre statane. I eit geopolitisk perspektiv, er det derimot ganske uforståeleg, at ungdom som skal bli lært opp til å kunne diskutere makt og politikk, ikkje har lært meir om sentral europeisk geografi, kultur og historie (De Blij, 2010).

### **5.3.2 Kreative verdsforståingar**

Der karta er mangelfulle er der meir rom for andre, meir fantasifulle eller urealistiske idear å fylle inn, i følge Phillips (1997, s. 148). Ut frå nokre av svara til elevane kombinert med kartteikningane, kan det sjå ut til at kunnskapen om til dømes Afghanistan og Midtausten generelt er svært mangelfull. «Du kan ikkje vege opp utdanninga deira (afghanske kvinner sin) med den norske innanfor lege. Sånn er det jo», sa eine informanten. På kartteikningane var det eit par personar som teikna inn Afghanistan, men desse var ikkje med i det fokusgruppeintervjuet der landet blei omtala. Landet blei i tillegg nemnd på karta til to fleire informantar, men anten med heilt feil plassering i forhold til resten av kartteikninga eller utan plassering, men som kommentar i marginen. I omtalen av afghanske leger, blir dei sett på som mindre dyktige og kunnskapsrike enn norske. Kunnskapen deira blir i fokusgruppeintervjuet omtala som retta mot akutte og krigsrelaterte skadar, i motsetning til finpusa kirurgi i Noreg. Mediadekninga av Afghanistan viser i stor grad eit krigsherja og fattig land, så saman med bilete frå andre krigsherja og fattige land, kan det oppstå ei tanke om at der ikkje finnes etablerte sjukehus eller legeutdanning i landet.

Biletet av den afghanske legen, kan sjåast på som ein xenostereotyp av afghanarar hos informantane. Ut frå samtalen kjem det fram at ingen av informantane har nokon gong møtt ein afghansk lege, så biletet er meir ein ide om korleis det er der utan å vite. Det ekstra interessante ved denne uttalen er at der er snakk om afghanske kvinner, nokre som på sin side blir prosjektert i media som underutdanna og hindra frå det offentlege liv. Av den grunn, er det sannsynleg at

informantane overfører sin eigen kulturforståing på andre kulturforståingar, også ved tilnærming til den andre sitt samfunn (Burke, 2014).

Eit anna døme er Madagaskar på kreative førestillingar. Madagaskar-filmen er i følgje Anholt (2010) det verste som har hendt landet med tanke på det internasjonale medvitet. På karta er Madagaskar sterkt representert, med 10/25 teikningar. Det er den femte mest teikna øya slått av Storbritannia, Island, Grønland og Svalbard, altså den mest teikna øya utanfor Europa. Ut ifrå feltsamtalar ved caseskulen er det likevel særst lite medvit kring kva som finnes på øya forutan lemurar og jungel. Lite detaljar på det afrikanske kartet, og lite fokus på denne verdsdelen i fokusgruppeintervjua gjev inntrykk av at informantane ikkje berre har ei mogleg kreativ forståing av landet Madagaskar, men store delar av det afrikanske kontinentet.

Media er utanfor læraren sin kontroll, og det er ikkje eit mål med denne diskusjonen å formidle noko anna. Det som derimot er mogleg for læraren, og eit mål frå læreplanen, er å gje elevane verktøy og metodar til å kunne appropriere erfaringane frå media på ein realistisk og hensiktsmessig måte. Som Wetlesen og Eie (2019) også diskuterer i lys av geografisk danning, er relevans viktig. Ein måte å gjere stoffet relevant på, er å ta tak i mediaaktuelle stadar og bruke desse til å lære om og i verda.

### **5.3.3 «Place brand» – samanlikning Storbritannia og Kina**

Styresmaktene i Kina er i følgje Anholt (2010, s. 79) i stor grad medviten at andre si positive førestilling av landet deira er heilt avgjerande i den moderne, globale, marknaden. Samtidig er nettopp eit positivt «brand» noko av det dei slit mest med å få til skriv han, men korleis oppfattar informantane Kina? For å sjå på det betre blir førestillinga samanlikna med Storbritannia, det landet, utanom Noreg, med flest detaljar på karta. I fokusgruppeintervjua kommenterte informantane at England var ein stad ein reiste for å oppleve både fotball med meir. Dette kan vere uttrykk for ei vellukka kampanje for førestillinga om «Storbritannia»/»England».

Til samanlikning kan ein sjå på Kina, eit land som dei siste tiåra har jobba hardt for å forbetre førestillinga si internt og internasjonalt. Dei har i stor grad gjort det Anholt (2003) ville ha kalla toppstyrt visjon, i samarbeid med lokale bedrifter og folket. Mellom anna gjennom dei to olympiske leikene dei har arrangert i det siste, har landet promotert seg sjølv ved å spele på idrett og turisme internasjonalt, samt samhald og eit fellesskap om å få til å arrangere eit såpass stort arrangement nasjonalt (Cresswell, 2004, s. 59). På frihandsteikningane er Kina eit land som på karta er teikna inn av mange, men i varierende grad av presisjon. Det er også utan andre detaljar enn landnamnet. I fokusgruppeintervjua var Kina nemnd då det var snakka om

outsourcing og arbeidsforhold. Landet hadde i følgje informantane vore åstad for dårleg norsk bedriftsleiarskap, utan at det var nemnd noko om korleis landet eller arbeidarane handterte saka. Sjølv om temaet var Kina, var Noreg fokuset i samtalen. På den måten var ikkje Kina i seg sjølv det interessante eller viktige, men heller korleis nordmenn kunne oppføre seg i utlandet.

Kina er nemnd av tre personar som ein av dei viktigaste historiske stadene i verda. Dette er det same som Japan, Sør-Afrika og Polen. Til samanlikning var det åtte personar som markerte Storbritannia (inkludert England og Skottland) som ein av dei viktigaste historiske stadene, som er det same som Tyskland og USA. Tidlegare har læreplanen lagt opp til meir innhald på Storbritannia enn Kina i historiefaget, noko som kan vere medverkande. Det kan også ha ei anna historisk samanheng knytt til den postkoloniale tradisjonen me står i.

Kulturelt er derimot Kina øvst på rangeringa over gongar representert, likt med USA. Sjølv etter skalanivåa i Storbritannia er slått saman, ligg Kina høgare oppe, og rekna som meir kulturelt viktig. Ettersom verken fasilitator eller informantar kommenterte dette, finnes det ikkje så mykje djupnemateriale på kvifor Kina er rekna som eit av to mest toneangjevande statar i verda innanfor kulturutrykk. Politisk er også Kina hyppig markert, meir enn Storbritannia. Det siste her er særleg interessant, fordi det ser ikkje på kartteikningane ut til at informantane er i stor grad medviten til kva land Kina grensar til. Difor er det svært mogleg at denne politiske stillinga Kina har fått, er på den meir abstrakte, internasjonale skalaen.

Det, å skulle diskutere kinesisk politikk, samarbeid og maktforhold kan derimot bli ei utfordring når ein ikkje veit kva land Kina grensar til (Wetlesen & Eie, 2019). Dei aller fleste har teikna inn Kina heilt aust i Asia, med grense mot Russland i nord og vest, i tillegg til Koreahalvøya og Japan i aust. Den sørlege delen av Kina er derimot ganske ymse. Dei fleste har teikna hav ned til Australia, og nokre få har teikna inn landområde. Til tross for at til dømes Thailand og Filippinene er land ungdom elsker maten til (viser til samtale om kjøttkaker versus vårrullar), reiser på tur til, og der fleire og fleire nordmenn kjem frå opphavleg, er ikkje desse landa godt dokumenterte på karta. Internt i Kina, er dei aktuelle debattane kring både den tidlegare britiske kolonien Hong Kong som nyleg blei tilbakeført til Kina, og undertrykkinga av Uigur-folket ikkje markert på karta i det heile. Som kommentar til det siste, angående undertrykking av folkeslag innanfor landegrenser, er ikkje dette noko informantane har kommentert generelt. Det var nemnd dårlege arbeidsforhold og katastrofale utfall frå det, men verken krig, borgarkrig eller undertrykking av folkeslag.

Når ein samanliknar Storbritannia og Kina i datamateriale, kan ein, som vist sjå ein del forskjellar i fokus. Storbritannia er rekna for å vere det mest detaljerte og historisk viktige landet

og som informantane lettast nemner i samtale. Medan, Kina, på den andre sida har fleire markeringar på karta for å vere både politisk og kulturelt viktig. Ein kan på bakgrunn av det sei at landa på kvar sin måte er viktige land for informantane, men abstraksjonsnivået og dermed evna til å kunne diskutere dei ulike stadene er svært forskjellig.

## 6 AVSLUTTING

---

I dette masterprosjektet har eg teke opp spørsmål kring korleis eit utval vg1-elevar forstår verda romleg, og korleis dei ser på Noreg si rolle på den globale arenaen. Det blei nytta ein kvantitativ skissemetode basert på Saarinen (1973) til generering av kartskisser av verda, og ei kvalitativ intervjuform der samspelet og diskursar hos informantane var fokus. Desse to metodane viste først kvar for seg, korleis romleg forståing viser seg gjeldande i visuell form, og korleis ungdom kan snakke om Noreg og nordmenn si rolle i verda.

Oppsummert, markerer informantgruppa Noreg som det tredje historisk viktigaste, som det femte politisk viktigaste, og det fjerde kulturelt viktigaste landet i verda. Romleg, er Noreg med andre ord eit av dei aller viktigaste stadene i verda hos ungdommane i casen. Innanfor landegrensene er den nordlegaste delen den viktigaste staden. Det viste seg også i samanlikning av hyppigheit av Svalbard og Danmark, der Svalbard ser ut til å vere ein meir medviten del av ungdommane si romlege forståing.

Resten av verda er teikna inn med Europa øvst, i midten hos 20 av 25 informantar. Mange teikna kart med tydeleg samanfall med eurosentrisk kart frå 15-19-hundretalet. Ein vesentleg del av tilfella var spesielt mangelfullt detaljert kring Sør-Amerika, Afrika og Oseania. Der er vidare, eit stort tal døme på utelate koloniland, og land som lenge har vore styrt av imperium utanfor dei sjølv. I tillegg, var oseaniske øystatar sterkt marginalisert.

Då det blei gått lengre inn i detaljane, viste det seg at verdsdelen Afrika, i mange tilfelle er behandla på like måtar som stadar på skalanivå med land. Samtidig som der er store manglar på forståing for samanhengar utanfor Europa, er der også kritisk lite presis romleg forståing i informantane sin eigen verdsdel. Mange av informantane hadde vanskar med å plassere også dei nærmaste landa sør og aust for Noreg. Eg har argumentert for at desse trekka minner om eit imperialistisk hegemoni med klare utfordringar for evna til å diskutere historiske og aktuelle samfunnsspørsmål.

Informantane viste i fokusgruppeintervjua, at staten Noreg si rolle i verda først og fremst handlar om å ta vare på sitt eige folk. I kraft av landet si velferd, er det vidare pliktig å hjelpe andre til å bygge demokrati, og utvikle seg økonomisk. Den same modellen gjaldt for norske innbyggjarar. Engasjementet for å hjelpe andre stadar informantane såg på som mindre utvikla enn Noreg, påverka også deira førestilling om «seg sjølv», som betre enn dei «andre». Samtidig, såg dei på seg sjølv om eit konfliktsky folk, som ikkje gjer så mykje ut av seg. Dei hadde heller

ikkje store forventingar til at andre nasjonar blei påverka av norsk import, kan om norsk historie eller følgjer Noreg i politiske avgjerder.

Casestudieforma på masterprosjektet gav større moglegheit for drøfting mellom den kvantitative og kvalitative metoden, på tross av det vesle talet informantar. Drøftinga viser korleis dei fleste informantane stiller seg uinteressert i møte med austleg del av Europa, ikkje berre med tanke på få markeringar, men også i forhold til kvar det er interessant og aktuelt å reise eller bu. To stadar er i drøftinga trekt fram frå datamaterialet som døme på stadar informantane uttrykker kreative romelege forståingar. Afghanistan og Madagaskar har begge del i medvitnet til informantane, men forståinga av desse stadene er ikkje tilsvarande den reelle verda.

Siste del av drøftinga, er ei samanlikning av to av dei stadene som er rekna for å vere viktigast. Storbritannia og Kina er svært ulike land, men begge hadde fått stor merksemd av informantane. Landa var også relativt ofte plassert riktig i forhold til andre land og former på karta. Drøftinga viser derimot at medvitnet kring førestillingane av landa var svært ulikt. Der det var mange detaljar knytt til kartteikningane av Storbritannia, var Kina berre skildra med landnamnet. Vidare var Kina det landet med flest representasjonar som «kulturelt viktigast», men Storbritannia var landet som var nemnd som stad for å oppleve kultur. Kina var generelt lite nemnd i fokusgruppeintervjua, i motsetning til Storbritannia som var nemnd fleire gongar. Som drøftinga konkluderer med, er begge landa viktige for informantane, men grunnlaget for å kunne diskutere dei er vesentleg ulik.

På grunn av tidspunktet til masterprosjektet, er det relevant å kommentere resultatata opp mot forventingane frå LK06. Innleiingsvis blei det vist utdrag av føremålet til samfunnsfaget med store forventingar til god forståinga av verda, politisk samarbeid og konflikt, både historisk og aktuelt. Tematikken i denne masteroppgåva har bygd på nettopp dette, og viser at der er endå ein veg å gå for ungdommane. Konkret, viste informantane under verdskartteikningane stor usikkerheit gjeldande teikneferdigheitene sine. Dette vitna om at teikning, og visuell projeksjon ikkje var uvand for informantane, til tross for breitt teoretisk grunnlag for geografisk læring på denne måten. Eg vil difor støtte Montello et al. (2014) i fremming av visuelle læremidlar, som til dømes kart, for å utvide den romlege forståinga hos ungdom, og gje ei djupare geografisk danning. For, til tross for alle sine feil og manglar, er verdskart likevel ei av dei få måtane ein kan «sjå» heile verda på ein gong (Harvey i Kitchin & Thrift, 2009, s. 434).

Til slutt, i lys av denne masteroppgåva vil eg argumentere for at endringa, eller endåtil degraderinga av geografifokuset i LK20 er ein mindre gunstig veg å gå.

## 7 LITTERATURLISTE

---

- Anderson, B. (1996). *Forestilte fellesskap : refleksjoner omkring nasjonalismens opprinnelse og spredning* (E. Andersen, Oms.). Spartacus. (Opprinneleg gjeven ut Imagined communities reflections on the origin and spread of nationalism)
- Anholt, S. (2003). *Brand new justice : the upside of global branding*. Butterworth Heinemann.
- Anholt, S. (2010). *Places: Identity, image and reputation*. Palgrave Macmillan.
- Ashcroft, B., Griffiths, G. & Tiffin, H. (2007a). Colonial discourse. I B. Ashcroft, G. Griffiths & H. Tiffin (Red.), *Post-colonial studies: The key concepts* (2. utg.). Routledge.
- Ashcroft, B., Griffiths, G. & Tiffin, H. (2007b). Imperialism. I B. Ashcroft, G. Griffiths & H. Tiffin (Red.), *Post-colonial studies: The key concepts* (2. utg.). Routledge.
- Askheim, S. (2021). Verdens største øyer. I. Store Norske leksikon.  
[https://snl.no/verdens\\_st%C3%B8rste\\_%C3%B8yer](https://snl.no/verdens_st%C3%B8rste_%C3%B8yer)
- Axia, G., Bremner, J. G., Deluca, P. & Andreasen, G. (1998). Children drawing Europe: The effects of nationality, age and teaching. *British journal of developmental psychology*, 16(4), 423-437. <https://doi.org/10.1111/j.2044-835X.1998.tb00762.x>
- Baxter, J. (2010). Case study in qualitative research. I I. Hay (Red.), *Qualitative research methods in human geography* (3rd. utg., s. 81-97). Oxford University press.
- Bhabha, H. K. (1990). *Nation and narration*. Routledge.
- Bradshaw, M. & Stratford, E. (2010). Qualitative research design and rigour. I I. Hay (Red.), *Qualitative research methods in human geography* (3rd. utg., s. 69-80). Oxford University press.
- Burke, P. (2014). *Eyewitnessing : The Uses of Images As Historical Evidence*. Reaktion Books, Limited.
- Burris, C. T. & Branscombe, N. R. (2005). Distorted distance estimation induced by a self-relevant national boundary. *Journal of Experimental Social Psychology*, 41(3), 305-312. <https://doi.org/10.1016/j.jesp.2004.06.012>
- Cameron, J. (2010). Focusing on focus groups. I I. Hay (Red.), *Qualitative research methods in human geography* (3. utg., s. 152-172). Oxford university press.
- Clifford, N. J. & Valentine, G. (2003). Getting started in geographical research. I N. J. Clifford & G. Valentine (Red.), *Key methods in geography* (s. 1-16). Sage publications.

- Colomb, J. C. R. & Crane, W. (1886). *Imperial Federation - Map of the world showing the extent of the British Empire in 1886*. London, The Graphic.  
<https://exhibits.stanford.edu/nhdmmaps/catalog/bt534tm5745>
- Cresswell, T. (2004). *Place: a short introduction*. Blackwell publishing.
- Dahl, Ø. (1995). The use of stereotypes in intercultural communication. I V. Torben (Red.), *Essays on Culture and Communication* (Bd. 10, s. 9-26). Centre for languages and intercultural studies, Aalborg University.
- Dahl, Ø. (2013). *Møter mellom mennesker: Innføring i interkulturell kommunikasjon* (2. utg.). Gyldendal Akademisk.
- De Blij, H. J. (2010). *The power of place. Geography, destiny and globalization's rough landscape*. Oxford university press.
- De nasjonale forskningsetiske komiténe. (2016). *Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi* (4. utg.). Etikkom.  
<https://www.forskningsetikk.no/globalassets/dokumenter/4-publikasjoner-som-pdf/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-humaniora-juss-og-teologi.pdf>
- Denscombe, M. (2007). *The good research guide: for small-scale social research projects* (3rd. utg.). Open University Press.
- Dorius, S. F. & Swindle, J. (2019). Developmental Idealism in Internet Search Data *Sociology of Development*, 5(3), 286–313. <https://doi.org/10.1525/sod.2019.5.3.286>
- Dowling, R. (2010). Power, subjectivity and ethics in qualitative research. I I. Hay (Red.), *Qualitative research methods in human geography* (3. utg., s. 26-39). Oxford university press.
- Døving, R. (2011). Stedet Syden. *Norsk antropologisk tidsskrift*, 22(1), 18-36.
- Eidsvik, E., Kolstad, E. W., Nielsen, P. R. & Vågenes, V. (2019). *Verda og vi: Innføring i geografi*. Det norske samlaget.
- Fanon, F., Bhabha, H. K., Sartre, J.-P. & Philcox, R. (2021). *The wretched of the earth* (60års jubileums. utg.). Grove Press.
- Fielding, N. G. (1999). The norm and the text: Denzin and Lincoln's handbooks of qualitative method. *The British journal of sociology* 50(3), 525-534.  
<https://doi.org/10.1080/000713199358680>
- Fine, M. & Sirin, S. R. (2007). Theorizing Hyphenated Selves: Researching Youth Development in and across Contentious Political Contexts. *Social and personality psychology compass*, 1(1), 16-38. <https://doi.org/10.1111/j.1751-9004.2007.00032.x>



- FN-sambandet. (2020). *Sikkerhetsrådet*. <https://www.fn.no/om-fn/fns-hovedorganer/sikkerhetsraadet>
- FN-sambandet. (2022). *Lykkeindeks*. FN-sambandet. Henta 29. april frå <https://www.fn.no/Statistikk/lykkeindeks>
- Forskningsetikkloven. (2017). *Lov om organisering av forskningsetisk arbeid*. <https://lovdata.no/lov/2017-04-28-23>
- Foucault, M. (1995). The language of space. I G. B. Benko & U. Strohmayer (Red.), *Geography, History and Social Sciences* (s. 51-55). Kluwer academic publishers. (Opprinneleg gjeven ut 1963)
- Giesecking, J. J. (2013). Where We Go From Here. *Qualitative Inquiry*, 19(9), 712-724. <https://doi.org/10.1177/1077800413500926>
- Gobo, G. & Molle, A. (2017). *Doing ethnography* (2. utg.). SAGE.
- Greene, R., Cushman, S., Cavanagh, C., Ramazani, J. & Rouzer, P. (2012). *The Princeton Encyclopedia of Poetry and Poetics* (4. utg.). Princeton University Press.
- Grimen, H. (2004). *Samfunnsvitenskapelige tenkemåter* (3. utg.). Universitetsforlaget.
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Fagbokforlaget.
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2. utg.). Fagbokforlaget.
- Götz, N. & Holmén, J. (2018). Introduction to the theme issue: "Mental maps: geographical and historical perspectives". *Journal of Cultural Geography*, 35(2), 157-161. <https://doi.org/10.1080/08873631.2018.1426953>
- Hadler, M. (2012). The Influence of World Societal Forces on Social Tolerance: A Time Comparative Study of Prejudices in 32 Countries. *The Sociological Quarterly*, 53(2), 211–237. <https://doi.org/10.1111/j.1533-8525.2012.01232>
- Halkier, B. (2010). *Fokusgrupper* (K. Gjerpe, Oms.). Gyldendal Akademisk.
- Harley, J. B. (1988). Maps, knowledge, and power. I D. Cosgrove & S. Daniels (Red.), *The iconography of landscape* (s. 277-312). Cambridge university press.
- Harvey, F. (2009). Maps. I R. Kitchin & N. J. Thrift (Red.), *International encyclopedia of human geography*. Elsevier.
- Harwood, D. & Rawlings, K. (2001). Assessing Young Children's Freehand Sketch Maps of the World. *International Research in Geographical and Environmental Education*, 10(1), 20-45. <https://doi.org/10.1080/10382040108667422>
- Heffernan, M. (1998). *The meaning of Europe : geography and geopolitics*. Arnold.
- Holliday, A., Hyde, M. & Kullman, J. (2010). *Intercultural communication : an advanced resource book for students* (2. utg.). Routledge.

- Holmén, J. (2020). Perception of the Baltic Sea and Mediterranean regions among secondary school students. *Journal of Baltic Studies*, 51(4), 513-531.  
<https://doi.org/10.1080/01629778.2020.1810723>
- Hulme, P. (1986). *Colonial encounters : Europe and the native Caribbean, 1492-1797*. Methuen.
- Illeris, K. (2015). *Læring*. Samfundslitteratur.
- Ipsos. (2019). Ipsos Public Affairs: Anholt Ipsos Nation Brands Index (NBI). I.
- Jazeel, T. (2019). A brief history of postcolonial geography. I T. Jazeel (Red.), *Postcolonialism* (Bd. 1, s. 22-38). Routledge.
- Kartverket. (2020, 18. september). *Frå det yste verdsrommet til dei djupaste havbotnar*. Kartverket. <https://kartverket.no/om-kartverket/kva-kartverket-gjer>
- Kartverket. (2022). *Norgeskart*.  
[https://www.norgeskart.no/?\\_ga=2.38334179.1967004691.1646920394-266988536.1646920394#!?project=norgeskart&layers=1005&zoom=3&lat=7189604.63&lon=806307.00](https://www.norgeskart.no/?_ga=2.38334179.1967004691.1646920394-266988536.1646920394#!?project=norgeskart&layers=1005&zoom=3&lat=7189604.63&lon=806307.00)
- Kitchin, R. & Thrift, N. J. (2009). International encyclopedia of human geography. I. Elsevier.
- Kong, L., Savage, V. R., Saarinen, T. & Maccabe, C. (1994). Mental maps of the world: The case of Singapore students. *Journal of Geography*, 93(6), 258-263.  
<https://doi.org/10.1080/00221349408979829>
- Kunnskapsdepartementet. (2013a). *Læreplan i norsk* (NOR1-05). Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2006. <https://www.udir.no/kl06/NOR1-05/>
- Kunnskapsdepartementet. (2013b). *Læreplan i samfunnsfag* (SAF1-03). Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2006. <https://www.udir.no/kl06/SAF1-03>
- Lillhannus, R. (2002). Open, Closed, and Locked Images: Cultural Stereotypes and the Symbolic Creation of Reality. *Journal of Intercultural Communication*, (5).
- Lynch, K. (1960). *The image of the city*. The MIT press.
- McArthur, S. (1979). *McArthur's Universal Corrective Map of the World*.  
<https://searchworks.stanford.edu/view/12374963>
- McEwan, C. (2003). Material geographies and postcolonialism. *Singapore Journal of Tropical Geography*, 24(3), 340-355, Artikkel 3. <https://doi.org/10.1111/1467-9493.00163>
- McEwan, C. (2009). Postcolonialism. I R. Kitchin & N. J. Thrift (Red.), *International encyclopedia of human geography*. Elsevier.

- McEwan, C. (2019). *Postcolonialism, Decoloniality and Development* (2. utg.). Routledge.
- Melve, L. (2020). *Ei verd i endring*. Dreyers forlag.
- Mills, S. (2004). *Discourse* (2. utg.). Routledge. <https://doi.org/10.4324/9780203487136>
- Montello, D. R., Grossner, K. E. & Janelle, D. G. (2014). *Space in Mind: Concepts for Spatial Learning and Education*. MIT Press.
- Musial, K. (1998). *Tracing Roots of the Scandinavian Model. Image of Progress in the Era of Modernisation*. European University Institute.
- Nielsen, L. M. (2009). *Fagdidaktikk for kunst og håndverk, i går - i dag - i morgen*. Universitetsforlaget.
- Nilsen, A. R. (2016). *De er veldig ulike oss: En studie av barn og ungdommers oppfatninger av seg selv og «de andre»* [Høgskulen på Vestlandet]. Bergen.
- Norsk senter for forskningsdata. (u.å.). *Barnehage- og skoleforskning*. Norsk senter for forskningsdata. Henta 12. mai frå <https://www.nsd.no/personverntjenester/oppslagsverk-for-personvern-i-forskning/barnehage-og-skoleforskning>
- Nyeng, F. (2012). *Nøkkelbegreper i forskningsmetode og vitenskapsteori*. Fagbokforlaget.
- OECD. (2022). *ODA Levels in 2021: Preliminary data*. OECD. <https://www.oecd.org/dac/financing-sustainable-development/development-finance-standards/ODA-2021-summary.pdf>
- Ortelius, A. (1570). *Theatrum orbis terrarum*. Apud Aegid. Coppenium Diesth. <https://www.loc.gov/resource/g3200m.gct00126/?sp=12>
- Phillips, R. (1997). *Mapping men and empire : a geography of adventure*. Routledge.
- Prop. 1 S (2020–2021). *Proposisjon til Stortinget : Utgiftskapitler: 100–179 og inntektskapitler: 3100 for budjettåret 2021*. Utenriksdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-20202021/id2768027/?ch=3#kap11>
- Reinhartz, D. (2012). *The art of the map: an illustrated history of map elements and embellishments*. Sterling.
- Reynolds, R. & Vinterek, M. (2016). Geographical locational knowledge as an indicator of children's views of the world: research from Sweden and Australia. *International Research in Geographical and Environmental Education*, 25(1), 68-83. <https://doi.org/10.1080/10382046.2015.1106205>
- Richards, P. (1974). Kant's geography and mental maps. *Transactions of the Institute of British Geographers*, (61), 1. <https://doi.org/10.2307/621596>

- Roll, H. (2020). *Geografisk forståelse: En undersøkelse av begrepet geografisk forståelse ved bruk av frihåndstegninger av verdenskart* [Høgskolen i Bergen]. Bergen.
- Rose, G. (2007). *Visual methodologies: an introduction to the interpretation of visual materials* (2. utg.). Sage.
- Said, E. W. (2018). *Orientalisme : vestlige oppfatninger av Orienten* (A. Aabakken, Oms.). Cappelen.
- Salisbury, M. & Styles, M. (2012). *Children's picturebooks : the art of visual storytelling*. Laurence King.
- Skrede, J. (2017). *Kritisk diskursanalyse*. Cappelen Damm akademisk.
- Statistisk sentralbyrå. (2014). *Offisiell norsk bistand, nivå og andel av BNI*. SSB. Henta 11. juni frå <https://www.ssb.no/natur-og-miljo/barekraft/offisiell-norsk-bistand-niva-og-andel-av-bni>
- Statistisk sentralbyrå. (2021). *Elever i videregående opplæring, etter studieretning / utdanningsprogram, statistikkvariabel, kurstrinn og år*. SSB. Henta 26. februar frå <https://www.ssb.no/statbank/table/05430/tableViewLayout2/>
- Stewart, D. W. & Shamdasani, P. N. (2015). *Focus groups: theory and practice* (3. utg., Bd. 20). SAGE.
- Sundberg, E. L. (1946). *One world setup*. Sunday News.  
[https://www.davidrumsey.com/luna/servlet/detail/RUMSEY~8~1~299874~90070846:One-World-Setup--September-1,-1946-?sort=pub\\_list\\_no\\_initialsort%2Cpub\\_date%2Cpub\\_list\\_no%2Cseries\\_no&qvq=q:pub\\_list\\_no%3D%2212287.000%22%20;sort:pub\\_list\\_no\\_initialsort%2Cpub\\_date%2Cpub\\_list\\_no%2Cseries\\_no;lc:RUMSEY~8~1&mi=0&trs=1](https://www.davidrumsey.com/luna/servlet/detail/RUMSEY~8~1~299874~90070846:One-World-Setup--September-1,-1946-?sort=pub_list_no_initialsort%2Cpub_date%2Cpub_list_no%2Cseries_no&qvq=q:pub_list_no%3D%2212287.000%22%20;sort:pub_list_no_initialsort%2Cpub_date%2Cpub_list_no%2Cseries_no;lc:RUMSEY~8~1&mi=0&trs=1)
- Saarinen, T. & MacCabe, C. L. (1995). World Patterns of Geographic Literacy Based on Sketch Map Quality. *The Professional geographer*, 47(2), 196-204.  
<https://doi.org/10.1111/j.0033-0124.1995.00196.x>
- Saarinen, T. F. (1973). Student Views of the World. I D. Stea & R. Downs (Red.), *Image and Environment Cognitive Mapping and Spatial behavior* (s. 172-185). Routledge.  
<https://doi.org/10.4324/9780203789155-19>
- Thuesen, N. P. & Lundbo, S. (2021). Kapp Verde. I *Store Norske Leksikon*. SNL.  
[https://snl.no/Kapp\\_Verde](https://snl.no/Kapp_Verde)
- Tvedt, T. (2003). *Utviklingshjelp, utenrikspolitikk og makt. Den norske modellen*. Gyldendal akademisk.

- Tvedt, T. (2005). Det nasjonale godhetsregimet: Om utviklingshjelp, fredspolitik og det norske samfunn. I I. F. L. Kjølrsrud (Red.), *Det norske samfunn* (5. utg., s. 482-510). Gyldendal Akademisk.
- Tvedt, T. (2020). *Verdenshistorie. Med fortiden som speil*. J. M. Stenersens forlag.
- Velsand, M. (2021). NRK kan bli enda bedre. *NRK Ytring*.  
<https://www.nrk.no/ytring/1.15746522>
- Ving. (2022). *Vings historie*. Ving reisebyrå. Henta 9. mai frå <https://www.ving.no/om-ving/vings-historie>
- Waite, G. (2010). Doing foucauldian discours analysis: revealing social realities. I I. Hay (Red.), *Qualitative research methods in human geography* (s. 217-240). Oxford University press.
- Wallerstein, I. M. (2011). *The modern world-system I: Capitalist agriculture and the origins of the European world-economy in the sixteenth century* (Bd. I). University of California Press.
- Wartmann, F. & Purves, R. (2017). What's (Not) on the Map: Landscape Features from Participatory Sketch Mapping Differ from Local Categories Used in Language. *Land*, 6(4), 79. <https://doi.org/10.3390/land6040079>
- Wetlesen, A. & Eie, S. (2019). Geografisk dannelse: en reise gjennom fylkene i Norge. I M. Ferrer & A. Wetlesen (Red.), *Kritisk tenkning i samfunnsfag* (s. 88-109). Universitetsforlaget.
- Wood, D. (1992). *The power of maps*. The Guilford press.
- Wright, J. K. (1942). Map Makers Are Human: Comments on the Subjective in Maps. *Geographical Review*, 32(4), 527-544. <https://doi.org/https://doi.org/10.2307/209994>
- Øverall, A. H. (2016). *Quislinger, frihetsskjempere og nasjonale kommunister: Ungarn i norske diplomaters forestillingsverden, 1956-1989* [Masteroppgåve, NTNU].  
<http://hdl.handle.net/11250/2412979>
- Aase, T. H. & Fossåskaret, E. (2014). *Skapte virkeligheter: om produksjon og tolkning av kvalitative data* (2. utg.). Universitetsforlaget.

# VEDLEGG

---

## VEDLEGG 1: INTERVJUGUIDE

Lese informasjonsskriv, og legg vekt på at dei forstår sine rettar.

- Korleis anonym?
- Korleis sitert?

Spørsmål? Spørsmål til noko av det som skjedde i kartteikningstimen (i går)?

Set på lydopptakar.

1. Kva er oppgåva til nordmenn i verda?
2. Kva er det som gjer det?
3. Korleis ser andre på oss, ser me på oss sjølv på same måte?
4. Er det vel fortent?
5. Kva konsekvensar får 'andre sitt syn på oss' for vår individuelle identitet?
6. Korleis kjennes det å skulle representere Norge/nordmenn?

## **VEDLEGG 2: VIL DU DELTA I FORSKINGSPROSJEKTET «UNGDOMMAR SINE TANKAR OM VERDA»?**

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der formålet er å undersøkje kva ungdommar tenkjer om verda og korleis den heng saman. I dette skrivet gjev me deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebere for deg.

### **Formål**

I kvardagen møter ein mange forskjellige menneskjer, me les om dei i nyheitene og ser dei på seriar og film. I prosjektet ønskjer eg å finne ut meir om kva ungdom tenkjer om korleis nokre menneskjer kan ha makt over andre menneskjer, og kvifor akkurat dei som har makt i dag har denne makta.

Dette er eit masterprosjekt, som betyr at eg skal ut og intervjuje en del ungdommar no i haust, og så i løpet av vinteren og våren skal eg jobbe med dei svara eg har fått frå dykk. I prosjektet har eg eit hovudspørsmål som blir kalla problemstilling.

Problemstillinga mi er «Korleis forstår eit utval ungdom globale maktstrukturar?»

Eg kjem til å sjå på om det har noko å sei

- om ein kjem frå bygda eller byen
- om ein har vald yrkesfagleg eller studiespesialiserande fag

Høgskulen på Vestlandet er ansvarleg for prosjektet.

### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

I prosjektet ønskjer eg å snakke med ungdommar som er 16 år og som har gått på offentleg barne- og ungdomsskule i Norge. Så om dette er deg, ønsker eg gjerne å ha deg med i prosjektet.

For å finne ut om det er stor forskjell på ungdommar som har vakse opp i by og ungdom som har vakse opp i bygd, spør eg ungdommar frå begge stadar. For å spørje deg, har eg først spurt rektor om eg får kome, og fått tillating frå NSD (Norsk Senter for Forskingsdata).

### **Kva inneber det for deg å delta?**

Dersom du vel å delta i prosjektet, inneber det at du blir med i en samtale med meg og tre andre elever frå klassen din. Det vil ta deg ca. 45 minutt. I samtalen blir du spurt om egne meiningar og korleis du tolkar makt og forskjellar i verden. Samtalen blir tatt opp på lydband. Etterpå vil eg gje deg et ark der du skriv kort kva yrke foreldrane/føresette dine har. Dette intervjuje vil reflektere nokre av dine politiske og filosofiske haldningar.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake utan å gje noko grunn. Alle dine personopplysningar vil da bli sletta. Det vil ikkje ha noko negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg. Det vil heller ikkje påverke ditt forhold til skulen eller læraren din.

### **Ditt personvern – korleis me oppbevarer og brukar dine opplysningar**

Me vil berre bruke opplysningane om deg til formåla me har fortalt om i dette skrivet. Me behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Dei som har

tilgang til personopplysingane er meg, som er student, og vegleiaren min, Erlend. Namnet og kontaktopplysingane dine vil eg erstatte med ein kode som blir lagra på eigen namneliste skild frå det andre datamaterialet.

I den ferdige masteroppgåva vil du ikkje kunne bli kjent igjen av andre enn dei som var til stades under intervjusamtalen. Namnet, staden og alle andre personopplysingar vil bli anonymisert, men sjølve uttalelsane kan bli sitert i korte avsnitt. Du vil ikkje bli hengt ut, og kan kjenne deg trygg på at alt du seier vil bli behandla med respekt og varsemd.

### **Kva skjer med opplysingane dine når me avsluttar forskingsprosjektet?**

Opplysingane blir gjort anonyme når prosjektet blir avslutta/oppgåva er godkjend, noko som etter planen er juni 2022. Då vil papirarket bli makulert, og personopplysingane og lydopptaka bli permanent sletta.

### **Dine rettar**

Så lenge du kan bli identifisert i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysingar som er registrert om deg, og å få utlevert en kopi av opplysingane,
- å få rett personopplysing om deg,
- å få slettet personopplysingar om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysingar.

### **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?**

Me behandlar opplysingar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Kvar kan eg finne ut meir?**

Dersom du har spørsmål til studien, eller ønsker å nytte deg av dine rettar, ta kontakt med:

- Studenten, Silje Therese N. Lillevik på epost: [REDACTED], eller tlf: [REDACTED]
- Høgskulen på Vestlandet ved Erlend Eidsvik.
- Vårt personvernombod: Trine Anikken Larsen. Epost: [personvernombod@hvl.no](mailto:personvernombod@hvl.no).

Dersom du har spørsmål knytt til NSD sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskingsdata AS på epost ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med vennleg helsing

Silje Therese N. Lillevik  
(Forskar/student)

Erlend Eidsvik  
(veglear)



---

## **Samtykkeerklæring**

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet Ungdommar sine tankar om verda, og har fått moglegheit til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervjusamtale, som også vil reflektere noko av mine politiske og filosofiske haldningar.

Eg samtykker til at mine opplysingar blir behandla fram til prosjektet er avslutta.

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

## **VEDLEGG 3: VIL DU DELTA I FORSKINGSPROSJEKTET «ÛNGDOMMAR SINE TANKAR OM VERDA»?**

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der formålet er å undersøkje kva ungdommar tenkjer om verda og korleis den heng saman. I dette skrivet gjev me deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebere for deg.

### **Formål**

I kvardagen møter ein mange forskjellige menneskjer, me les om dei i nyheitene og ser dei på seriar og film. I prosjektet ønskjer eg å finne ut meir om kva ungdom tenkjer om korleis nokre menneskjer kan ha makt over andre menneskjer, og kvifor akkurat dei som har makt i dag har denne makta.

Dette er eit masterprosjekt, som betyr at eg skal ut og intervjuje en del ungdommar no i haust, og så i løpet av vinteren og våren skal eg jobbe med dei svara eg har fått frå dykk. I prosjektet har eg eit hovudspørsmål

Problemstillinga mi er «Korleis forstår eit utval ungdom globale maktstrukturar?»

Eg kjem til å sjå på om det har noko å sei

- om ein kjem frå bygda eller byen
- om ein har vald yrkesfagleg eller studiespesialiserande fag

Høgskulen på Vestlandet er ansvarleg for prosjektet.

### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

I prosjektet ønskjer eg å snakke med ungdommar som er 16 år og som har gått på offentleg barne- og ungdomsskule i Norge. Så om dette er deg, ønsker eg gjerne å ha deg med i prosjektet.

For å finne ut om det er stor forskjell på ungdommar som har vakse opp i by og ungdom som har vakse opp i bygd, spør eg ungdommar frå begge stadar. For å spørje deg, har eg først spurt rektor om eg får kome, og fått tillating frå NSD (Norsk Senter for Forskingsdata).

### **Kva inneber det for deg å delta?**

Dersom du vel å delta i prosjektet, inneber det at du skisserer eit kart over verda ut frå hukommelsen. På dette kartet vil du også bli bedt om å kommentere kva for stadar du oppfattar som viktige historisk og politisk, og fargelegge ut frå kva delar av verda som har meir og mindre makt. Du skriv førenamnet ditt og yrkene til dine foreldra/føresette i eit hjørne på arket. Me kjem til å bruke (delar av) undervisningstimen på dette, ca. 45 minutt. Din skisse blir samla inn. Denne teikninga vil reflektere noko av dine politiske og filosofiske haldningar.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake utan å gje noko grunn. Alle dine personopplysningar vil da bli sletta. Det vil ikkje ha noko negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg. Det vil heller ikkje påverke ditt forhold til skulen eller læraren din. Reint praktisk kjem alle til å skissere kart, dei som ønskjer å delta - leverer inn skissa til meg, dei som ikkje gjer det - leverer til læraren sin.

## **Ditt personvern – korleis me oppbevarer og brukar dine opplysingar**

Me vil berre bruke opplysingane om deg til formåla me har fortalt om i dette skrivet. Me behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Dei som har tilgang til personopplysingane er meg, som er student, og vegleiaren min, Erlend. Namnet og kontaktopplysingane dine vil eg erstatte med ein kode som blir lagra på eigen namneliste skild frå det andre datamaterialet. Namnet og yrka på arket vil eg klippe av, og makulere. I den ferdige masteroppgåva vil du ikkje kunne bli gjenkjent av andre. Du vil ikkje bli hengd ut, og kan kjenne deg trygg på at skissa du har levert inn vil bli behandla med respekt og varsemd.

## **Kva skjer med opplysingane dine når me avsluttar forskingsprosjektet?**

Opplysingane blir gjort anonyme når prosjektet blir avslutta/oppgåva er godkjend, noko som etter planen er juni 2022. Då vil papirarket bli makulert, og personopplysingane permanent sletta.

## **Dine rettar**

Så lenge du kan bli identifisert i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysingar som er registrert om deg, og å få utlevert en kopi av opplysingane,
- å få rett personopplysing om deg,
- å få slettet personopplysingar om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysingar.

## **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?**

Me behandlar opplysingar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at handsaminga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

## **Kvar kan eg finne ut meir?**

Dersom du har spørsmål til studien, eller ønsker å nytte deg av dine rettar, ta kontakt med:

- Studenten, Silje Therese N. Lillevik på epost: [REDACTED], eller tlf: [REDACTED]
- Høgskulen på Vestlandet ved Erlend Eidsvik.
- Vårt personvernombod: Trine Anikken Larsen. Epost: [personvernombod@hvl.no](mailto:personvernombod@hvl.no).

Dersom du har spørsmål knytt til NSD sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskingsdata AS på epost ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med vennleg helsing

Silje Therese N. Lillevik  
(Forskar/student)

Erlend Eidsvik  
(veglear)

---

## **Samtykkeerklæring**

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet Ungdommar sine tankar om verda, og har fått moglegheit til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta med kartskisse, som også vil reflektere noko av mine politiske og filosofiske haldningar.

Eg samtykker til at mine opplysingar blir behandla fram til prosjektet er avslutta.

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

## **VEDLEGG 4: VURDERING AV MELDESKJEMA TIL NORSK SENTER FOR FORSKINGSDATA**

Vedlegg er lagt ved separat under «vedlegg» i WiseFlow ettersom dokumentet er ein sjølvstendig pdf frå NSD.

## VEDLEGG 5: KARTSKISSER

Så langt det gjekk, er skissene skanna med sitt originale uttrykk. Nokre av kartskissene var derimot teikna med lett hand. I kombinasjon med blyant, var dette ei utfordring å skanne. For likevel å kunne vise fram desse teikning også, la eg eit ekstra kulepennstrøk oppå dei eksisterande blyantstrekane. Sjå døme under:


Original:



Eksponert versjon:












4A



df







82

SA

